



MØTEINNKALLING

Utvalg: **Fellesnemnd for nye Volda kommune**
Møtestad: **Gymsal, Austefjord skule**
Dato: **06.12.2018**
Tid: **15:00**

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemmar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemmar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 52/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 53/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 54/18	Møteplan for fellesnemnda i 2019
PS 55/18	Budsjett 2019 - Prosjektmidlar Nye Volda
PS 56/18	Prosjekt velferdsteknologi
PS 57/18	Skyggebudsjett Nye Volda 2019-2022
PS 58/18	Uttale til Volda formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 for Volda kommune
PS 59/18	Uttale til Hornindal formannskap si innstilling til økonomiplan 2019-2022/ budsjett 2019
PS 60/18	Samarbeid brannvern Søre Sunnmøre – Utgreiing
PS 61/18	Orienteringssaker
OS 52/18	Prosjektskisse for utgreiingsbehov i samband med grensejustering av Bjørke og Viddal
OS 53/18	Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - prosjekt.
OS 54/18	Høyring om justering av politidistriktets indre organisering
OS 55/18	Orientering om status for oppseiing av avtaler
OS 56/18	Ordførarkjede for nye Volda kommune
OS 57/18	Grafisk profil - trinn 1: Profilskildring

PS 52/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 53/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Joakim Rødven

Arkivsak nr.: 2017/362

Arkivkode: 033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
54/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

MØTEPLAN FOR FELLESNEMNDA I 2019

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til møteplan slik det går fram av saksutgreiinga.

Samandrag av saka:

For å ha ein føreseeieleg møteaktivitet for kalenderåret 2019 er det naturleg å fastsetje møteplan for det komande året. Administrasjonen har derfor sett på aktuelle datoar for Fellesnemnda i perioden fram til fylkes- og kommunevalet neste haust.

Saksopplysning/fakta:

Framlegg til møteplan vert som skissert under. Tidspunkta for møtestart kan variere utifrå mengda og omfanget av saker som vert meldt opp til kvart einskild møte:

Dato	Stad	Følebels tidspunkt
Torsdag 10. januar 2019	Folkestad	15:00
Torsdag 7. februar 2019	Ulvestad	15:00
Torsdag 7. mars 2019	Lid/Mork	15:00
Torsdag 4. april 2019	Grodås	14:00
Torsdag 9. mai 2019	Volda	14:00
Tysdag 18. juni 2019	Grodås	14:00
Torsdag 5. september	Volda	14:00

I starten av året følgjer møteaktiviteten same opplegg som siste halvdel av 2018, der møta vert lagt til skulekrinsane med folkemøte i etterkant. Frå og med 4. april ser ein seg ferdig med denne rundturen i nye Volda og går tilbake til møte annankvar gong på Smia og på Volda rådhus.

Det er verdt å merke seg at i månadsskiftet mai/juni vert det ei omlegging til nytt saks- og arkivsystem i Volda kommune. Sidan desse to systema ikkje er kopla saman vil det vere svært ugunstig å sende ut innkalling frå eit system og skrive protokoll i eit anna system. Med dette til grunn rådar servicekontoret i Volda til å ikkje avvikle møter i perioden 28. mai til 7. juni.

Ettersom valet vert gjennomført 9. september, vert 5. september truleg det siste møtet i Fellesnemnda. Valadministrasjonen har i utgangspunktet set opp konstitueringsmøte for kommunestyret i nye Volda den 1. oktober, og når dette er gjort vil Fellesnemnda bli avvikla.

Vurdering og konklusjon:

Møtedatoane er så langt som råd forsøkt å leggast til tidspunkt som unngår dagar rett før/etter høgtidsdagar og anna møteverksemد i kommunestyre, formannskap og andre tenesteutval. Administrasjonen tilråd derfor at Fellesnemnda sluttar seg til møteplanen som skissert over.

Utskrift av endeleg vedtak:

Medlemmene i Fellesnemnda
Prosjektleiar Rune Sjurgard
Servicekontoret i Hornindal kommune
Servicekontoret i Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/2216
		Arkivkode:	151

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
55/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

BUDSJETT 2019 - PROSJEKTMIDLAR NYE VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda godkjenner budsjett 2019 slik det ligg føre i saksframlegget.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det skal leggast fram eige budsjett knytt til prosjektmidler til arbeidet med å få ny kommune på plass. Det er Fellesnemnden som skal godkjenne dette. I og med at den nye kommunen er i drift fra 1. januar 2020 vil budsjettet for 2019 vere det siste året som vert lagt fram for Fellesnemnden..

Volda/Hornindal har siden 2016 fått tilskot som skal nyttast til arbeid for å sikre god planlegging og gjennomføring inn mot ny kommune. Samla sett utgjer tilskota 29 mill kr i

tidsrommet 2016-2019. Fellesnemnda har både i 2017 og 2018 gjort vedtak på ulike tiltak som prosjektmidlane skal nyttast til. Nokre av tiltak er gjennomført, medan andre tiltak vert overført til 2019.

Framlegget til budsjett 2019 er stort sett basert på tidlegare vedtak i Fellesnemnda. I tillegg er det no sett av meir midlar til programvare, infrastruktur og datakommunikasjon.

Saksopplysningar/fakta:

Framlegget til budsjett 2019 baserer seg som nemnt mykje på tidlegare vedtak og prioriteringar i Fellesnemnda. Basert på prognosar for rekneskapsåret 2018 og budsjett for 2019 vil ein ved utgangen av 2019 stå igjen med vel 2,4 mill kr av tildelte prosjektmidlar:

Prosjektmidlar Ny kommune	2017	2018	2019
Saldo 01.01	976 035	25 584 213	20 691 009
Ny inntekt	25 500 000	1 500 000	1 000 000
Bruk	891 822	6 393 204	19 229 500
Saldo 31.12	25 584 213	20 691 009	2 461 509

Dei siste månadane i 2018 har arbeidet med å tilrettelege for ny kommune på dei ulike programvarene kommunane nytta starta. Det vi ser er at her har vi ein kostnad i datavasking, oppbygging og ikkje minst sikring av historiske data vil krevje ressursar i form av både tilsette og i kroner. Det vil vere viktig å sette av nok midlar til dette slik at grunnplattforma er på plass 1. januar 2020. I budsjettet for 2019 er det sett av 3 mill kroner til dette, finansiert av prosjektmidlane. I tillegg er det i Volda kommune sitt budsjett for 2019 lagt fram eit tiltak på 8,4 mill kr i investeringar knytt til oppbygging av infrastruktur og datakommunikasjon.

Budsjettet for 2019 vert lagt fram med eit oppsett som viser utgifter sortert på lønnsutgifter, interne disponeringar på kjøp av varer og tenester og eksterne kjøp og overføringer:

NYE VOLDA	
Budsjett 2019	
Inntekter (skjønnsmidlar)	-1 000 000
Kommunikasjonsrådgjevar	750 000
Godtgjersle Folkevalde	440 000
IKT digitalisering prosessleiar	930 000
Arkiv- periodisering avlevering	2 865 000
Frikjøp HTV (inkludert begge kommuner)	750 000
Frikjøp prosjektleiar Helse og omsorg, velferdsteknologi	500 000
Frikjøp prosjektleiar Opplæring og oppvekst, digitalisering barnehage og skule	500 000
Kommunalsjef samfunn og utvikling	1 000 000
Kompensasjon for meiransvar - Leiargruppe prosjekt	200 000
Lønnsutgifter	7 935 000
Informasjon	200 000
Profiling	400 000

Budsjett 2019

Opplæring Kompetanseheving	2 500 000
VAL 2019	650 000
Programvare, infrastruktur og datakommunikasjon	3 000 000
Drift prosjektorganisering	200 000
Kulturbygging	500 000
Andre driftsutgifter	490 000
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	7 940 000
Kjøp av konsulenttenester	1 400 000
Ekstraløyving til Kyrkjeleg Fellesråd	354 500
Smia utvikling	1 000 000
Kompensasjon til Ørsta kommune - frikjøp leiar landbruk	300 000
Kompensasjon prosjektleiing NAV	300 000
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod/Overføringer	3 354 500
Utgifter	19 229 500
Bruk av bundne fond	-18 229 500

Det er vanskeleg å ha oversikt over alle faktorar på dette tidspunktet, og budsjettet må på ein del område verte anslagsbudsjett. Eventuelle korrigeringar og omdisponeringar må leggjast fram for Fellesnemnda gjennom økonomirapportering i løpet av 2019.

I framlegget er der sett av lønnsmidlar til dei stillingane som Fellesnemnda har vedteke å opprette. Det er sett av midlar til å kjøpe fri HTV og til politisk aktivitet

Ei ny leiargruppe er etablert og vil i 2019 vere ei prosjektleiargruppe for Nye volda. Ny kommunalsjef for samfunn og utvikling kjem 01.01.19 og løn til denne stillinga vil i 2019 gå av prosjektmidlane.

Kompetanseutvikling er eit av satsingsområda til nye Volda, og det er viktig å prioritere ressursar til å utvikle kompetansen hos leiarane og medarbeidarane. God samfunnsutvikling og gode tenester er avhengig av kompetente leiarar og medarbeidarar. Kompetanseheving og opplæring er derfor prioritert i framlegget.

Digitalisering er også satsingsområde i ny Volda. I kommunane sine budsjett er det lagt opp til investeringar i digitale verkty i undervisninga og til gjennomføring av prosjekt for digital omsorg. Dette vert sett på som satsingsområde og det er viktig å sette av ressursar til å drive prosjekta. Digital omsorg inneber nytenking i arbeidsmåtar og endring i tankemåten også hos brukarane. Ein ser dette som ei viktig satsing for å auke folk sin livskvalitet og kunne bu lengre i eigen heim. Intensjonen er også å nytte ressursane meir effektivt for å frigjere tid til dei tyngre oppgåvane og ha hender som kan strekke til i tenesta. Skal ein lykkast med dette prosjektet, må ein frikjøpe ressursar i prosjektet frå både pleie- og omsorg og opplærings- og oppvekst i begge kommunane. Det er ein føresetnad med god prosjektplanlegging og styring med definerte mål og opplegg for å måle effekt.

All erfaring viser at arkiva er veldig sårbar når kommunar vert slått saman. Dersom ein ikkje har kontroll over denne situasjonen kan arkiva få redusert kvalitet eller i verste fall kan arkivmateriale gå tapt. Dokumentasjonen som den nye kommunen treng i si framtidige sakshandsaming og som dokumentasjon på vedtak som er gjort, er arkivert i sak-/arkivsystemet og i fagsistema. Kommunale arkiv inneheld også store mengder viktig rettighetsdokumentasjon og historisk dokumentasjon, som det er viktig å ha god oversikt over. I budsjettet for 2018 vart det løyvd midlar til dette arbeidet. Arbeidet er godt i gang og ein vidarefører tiltaket også i 2019.

Det å etablere ny kommune gir moglegheiter til å vurdere både organisering og tenesteproduksjon. Erfaringar viser at det ofte kan vere lurt å la eksterne kome inn i slike prosessar. Dei ser oss utanfrå og vågar ofte å kome med opne spørsmål som utfordrar oss. I prosessen kan der også vere områder der vi ønskjer nærmare analyser som flettar Hornindal og Volda saman. Midlar til å kjøpe tenester frå andre er prioritert i framlegget.

Volda kyrkjeleg fellesråd har i 2018 fått tildelt 354 000 kr for frikjøp til prosjektstilling og til arbeid med nye IKT-løysingar. Tiltaket er vidareført i 2019.

Slik framlegget til Budsjett 2019 legg meiner vi at tilskota er disponert på ein slik måte at vi skal ivareta ein god prosess med det resultat at den nye kommunen vil vere på plass med ein kompetent organisasjon og god infrastruktur mellom einingane.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Tilskota til kommunesamslåinga er øyremerka og det som ev. ikkje vert nytta i 2019 kan setjast av vidare til 2020. Det er viktig å vere ryddig i rekneskapen og vere bevisst på at midlar nytta inn mot tilrettelegging av ny kommune vert merka med dette. Då får vi synleggjort kostnadane som ligg i prosessen og vi vil få god rapportering gjennom heile perioden slik at vi kan omdisponere og prioritere eventuelle nye tiltak.

I det første driftsåret får nye Volda kommune også utbetalt eit såkalla reformtilskot på kr 5 mill. Dette kjem etter prosjektperioden og er derfor ikkje innarbeidd.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Utskrift av endeleg vedtak:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Svein Berg-Rusten	Arkivsak nr.:	2018/2229
		Arkivkode:	G10

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
56/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

PROSJEKT VELFERDSTEKNOLOGI

Administrasjonen si tilråding:

1. Fellesnemnda godkjenner prosjektplanen for innføring av velferdsteknologi i nye Volda.
2. Fellesnemnda går inn for oppretting av prosjektleiarstilling i 80% stilling i perioden 01.01.2019 til 31.12.2020.

Vedleggsliste:

Prosjektplan for innføring av velferdsteknologi i nye Volda.

Samandrag av saka:

«Prosjekt velferdsteknologi – meistring og tryggleik heile livet» er eit fireårig prosjekt som har som mål å auke bruk av velferdsteknologi slik at innbyggjarar med ulike helseutfordringar i nye Volda får betre høve til å meistre sin eigen kvardag og bu heime lengst mogleg. Prosjektet har også som mål å gje auka tryggleik for pårørande og bidra til at omsorgskapasiteten og berekrafta i helse- og omsorgstenestene våre held seg oppe i åra som kjem.

Saksopplysningar/fakta:

Prosjekt velferdsteknologi vert sett i verk for å møte krava til effektivitet, kvalitet og pasientsikkerheit som helse- og omsorgstenesta i Nye Volda vil stå ovanfor. For at tenestene skal vere berekraftige i framtida må tenestene bli meir effektive, dei må ha større innovasjons- og brukarfokus og velferdsteknologi må bli implementert og kompetansen på tilsette må aukast.

Prosjektet vil bidra til at moglegeheitene som ligg i teknologiske løysingar blir utnytta godt og implementert som ein naturleg del av tenestene våre. Vi vonar at velferdsteknologi vil bidra til å styrke innbyggjarane si evne til å klare seg sjølv i kvardagen, vere aktive og bu i eigen heim. Dette vil gje store gevinstar for innbyggjarar og samfunn.

Innføring av teknologi i helse- og omsorgstenestene vil krevje at dei tilsette må jobbe på nye måtar. Kompetanseuke og fagleg omstillingsarbeid er derfor ein viktig del av prosjektet.

Volda og Hornindal kommunar skal slåast saman til nye Volda kommune frå 2020. I prosjektbeskrivinga for «Prosjektet Volda – Hornindal, vi byggjer ein ny kommune» er digitalisering og kompetanseheving to heilt sentrale satsingsområder.

Innføring av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene vil vere eit viktig bidrag til denne satsinga. Ein vil t.d. oppnå meir bruk av digitale hjelpemiddel i tenesteutøvinga, og det vil i stor grad vere naudsynt med ei brei tilnærming til kompetanseheving for at implementering av velferdsteknologi skal lukkast. I budsjettet for «Prosjektet Volda – Hornindal, vi byggjer ein ny kommune» står det i vedtak 21.06.2018 PS. sak 35/17 Budsjettrevisjon/økonomirapport at ein kan nytte prosjektmidlar til å leie prosjektet om velferdsteknologi. Fellesnemnda for nye Volda har også tilsett ein eigen prosessleiar for digitalisering. Denne vil vere ein ressurs for Prosjekt velferdsteknologi. Felles digitaliseringsstrategi for Søre Sunnmøre vart lagt fram og tilslutta i Fellesnemnda for nye Volda kommune i juni 2018, og her er satsing på velferdsteknologi eit sentralt punkt.

Frå samfunnsdelen av kommuneplanen for Volda kan vi lese: *Helse er å meistre kvardagens krav. Alle kommunale tenester har eit ansvar for å legge til rette slik at alle innbyggjarane skal kunne meistre liva sine og få nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Og når samfunnet er lagt godt til rette, vil folk trivast og oppleve god helse og livskvalitet.*

Vurdering og konklusjon:

Innføring og utnytting av moglegeheitene av bruk av velferdsteknologi er viktig for å kunne meistre kvardagen for mange av våre innbyggjarar. Meistring av kvardagen er viktig folkehelsearbeid. Ein vil nytte velferdsteknologi til å skape kvalitativt gode og kostnadseffektive løysingar til beste for brukarane av kommunale tenester. Ein forventar at brukarane kan oppnå meir tryggleik og kvardagsmeistring gjennom bruk av teknologi. Dette kan både utsette behov

for tenester og gjere brukarane i stand til å bu heime lengre. Innføring av ny teknologi vil vidare frigjere tid for personalet til å bruke sin kompetanse og omsorg der det trengst mest.

I Stortingsmeldinga Digital Agenda for Norge og i Perspektivmeldinga som kom i 2017 er digitalisering og innovasjon sett på som nødvendige verkty for å forenkle kvardagen og få meir ut av ressursane i kommunal sektor. Det vil alltid vere slik med det som er nytt at ein ikkje veit effekten før det er prøvd ut. Mange kommunar held på med innføring av velferdsteknologi, og Bergen er kanskje den kommunen som har jobba mest systematisk med dette, Sjølv der er det for tidleg å få dokumentasjon på kva effekten vert, men Bergen kommune stiller klar lit til at dei må innføre velferdsteknologi for å greie å møte veksande behov utan tilsvarande vekst i økonomiske løyingar. Rådmannen meiner at det vil vere klokt å teste ut i mindre skala og evaluere effekten før vi rullar det ut i heile den nye kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Utfordringar i kommunale helse- og omsorgstenester er skildra i prosjektplanen og i saka. Når det gjeld kostnader knytt til prosjektet, vert dette finansiert av midlar kommunane har fått i forbindelse med kommunesamanslåingsprosessen. Utover dette har kostnader knytt til arbeidet så langt belasta dagleg drift med ca. kr. 450.000,-, gjennom prosjektperioden vil dette auke til ca. 900.000,-. I prosjektplanen er opplæring ført opp med utgifter på 350.000,-. 30.000,- er finansiert av kompetansemidlar frå fylkesmannen og 150.000,- er tenkt brukt av samanslåingsmidlar. Det vil bli søkt OU- midlar med tanke på å styrke digital kompetanse for leiarane. Om prosjektet etter dette manglar midlar til opplæring, må ein kome attende med ei sak.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

PROSJEKTPLAN

PROSJEKT

VELFERDSTEKNOLOGI

–MEISTRING OG TRYGGLEIK HEILE LIVET

NYE VOLDA KOMMUNE



«Prosjekt velferdsteknologi – meistring og tryggleik heile livet» er eit fireårig prosjekt som har som mål å auke bruk av velferdsteknologi slik at innbyggjar med ulike helseutfordringar får betre høve til å meistre sin eigen kvar dag og bu heime lengst mogleg. Prosjektet har også som mål å gje auka tryggleik for pårørande, og bidra til at omsorgskapasiteten og berekrafta i helse- og omsorgstenestene våre held seg oppe i åra som kjem.

Volda, 27.11.18

Prosjekteigar: Rune Sjurgard

Prosjektleiar:

1 Innhold

2 MÅL OG RAMMER	3
2.1 Bakgrunn	3
Nasjonale føringer	3
Nye Volda kommune	4
Volda kommune	4
Hornindal kommune.....	4
2.2 Effektmål	5
Hovudmål	5
Gevinstoversikt.....	5
2.3 Resultatmål.....	6
2.4 Rammer og avgrensing	8
Føresetnader for ei vellukka gjennomføring	8
Status i høve velferdsteknologi i Volda og Hornindal ved prosjektstart	9
3 PROSJEKTORGANISASJON	9
4 PROSJEKTOPPFØLGING	10
4.1 Avgjerdspunkt.....	10
4.2 Statusrapportering	10
4.3 Milepælar	11
5 INTERESSENTAR.....	11
6 RISIKOVURDERING.....	11
7 GJENNOMFØRING	12
7.1 Strategi for gjennomføring	12
7.2 Hovedaktivitetar.....	12
7.3 Tids- og ressursplanar.....	13
8 ØKONOMI.....	13
9 KONTRAKTER OG AVTALAR	14

2 MÅL OG RAMMER

2.1 Bakgrunn

Prosjekt velferdsteknologi vert sett i verk for å møte krava til effektivitet, kvalitet og pasientsikkerheit som helse- og omsorgstenesta i Nye Volda vil stå ovanfor. For at tenestene skal vere berekraftige i framtida må tenestene bli meir effektive, dei må ha større innovasjons- og brukarfokus, velferdsteknologi må bli implementert og kompetansen aukast. Prosjektet vil bidra til at moglegheitene som ligg i teknologiske løysingar blir utnytta godt og implementert som ein naturleg del av tenestene våre. Ein vonar at velferdsteknologi vil bidra til å styrke innbyggjarane si evne til å klare seg sjølv i kvardagen, vere aktive og bu i eigen heim. Dette vil gje store gevinstar for innbyggjarar og samfunn. Innføring av teknologi i helse- og omsorgstenestene vil krevje at dei tilsette må jobbe på nye måtar. Kompetanseauke og fagleg omstillingsarbeid er difor ein viktig del av prosjektet.

Nasjonale føringar

Ei rekke stortingsmeldingar gir føringar for dei kommunale helse- og omsorgstenestene, slik som:

- Samhandlingsreformen (St.meld. nr. 47 2008-2009)
- Morgendagens omsorg (St.meld. nr. 29 2012-2013)
- Folkehelsemeldingen (St.meld. nr. 34 2012-2013 og 19 2014-2015)
- Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet (St.meld. nr. 26 2014-2015)
- God kvalitet - trygge tjenester (St.meld. nr. 10 2012-2013)

Mål og strategier er i hovedsak forankret i veileddning, anbefalinger og rapporter fra Direktoratet for e-helse.

Fleire oppgåver og større ansvar blir overført til kommunane. Det er ei forventning om ei større satsing på førebyggjande tiltak og at oppfølginga av sjuke skal skje i nærmiljøet.

Vidare er det ei forventning om at kommunane driv aktivt innovasjonsarbeid (Innovasjon i omsorg, NOU 2011:11) der mellom anna velferdsteknologiske løysingar er sentrale.

Medarbeidarar skal ha kompetanse til å gi tenester av høg kvalitet, og samhandling mellom tenester og tenestenivå skal gi innbyggjarane samanhengande helse- og omsorgstenester.

Stortingsmelding 10 (2012-2013) God kvalitet - trygge tjenester legg vekt på ei meir aktiv pasient- og brukarrolle. Kvalitet og pasienttryggleik er viktige tema. Kvalitetsforbetring av tenestene skal skje ved betre strukturer, auka kunnskap og innovativ tenesteutvikling.

Utviklinga skal skje i tråd med måla i Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i helse- og sosialtjenesten (veileder IS 1162, 2005) der kjenneteikna på god kvalitet er at tenestene skal

- føre til helsegevinst
- være trygge og sikre (unngå utilsikta hendingar)
- involvere brukarar og gi dei innflytting
- vere samordna og prega av kontinuitet
- utnytte ressursane på ein god måte
- være tilgjengelige og rettferdig fordelt

- skje i nært samarbeid med pårørande

Mål og strategiar i prosjektet blir i hovudsak forankra i anbefalingar og rapportar frå Direktoratet for ehelse.

Nye Volda kommune

Volda og Hornindal kommunar skal slåast saman til nye Volda kommune frå 2020. I prosjektbeskrivinga for «Prosjektet Volda – Hornindal, vi byggjer ein ny kommune» er digitalisering og kompetanseheving to heilt sentrale satsingsområder. Innføring av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene vil vere eit viktig bidrag til denne satsinga. Ein vil t.d. oppnå meir bruk av digitale hjelpemiddel i tenesteutøvinga, og det vil i stor grad vere naudsynt med ei brei tilnærming til kompetanseheving for at implementering av velferdsteknologi skal lukkast. I budsjettet for «Prosjektet Volda – Hornindal, vi byggjer ein ny kommune» står det i vedtak 21.06.2018 PS. sak 35/17 Budsjettrevisjon/økonomirapport at ein kan nytte prosjektmidlar til å leie prosjektet om velferdsteknologi. Fellesnemnda for nye Volda har også tilsett ein eigen prosessleiar for digitalisering. Denne vil vere ein ressurs for Prosjekt velferdsteknologi. Felles digitaliseringsstrategi for Søre Sunnmøre vart lagt fram og tilslutta i Fellesnemnda for nye Volda kommune i juni 2018, og her er satsing på velferdsteknologi eit sentralt punkt.

Volda kommune

Sektor Helse og omsorg i Volda kommune har som hovudstrategi at innbyggjarane skal få bu heime og mestre eigen kvardag lengst mogleg. Temaet velferdsteknologi har vore oppe fleire gongar i kommunestyret og det er løyvt midlar til investeringar i velferdsteknologiske løysingar. Volda har i fleire år delteke i ALV Møre og Romsdal, Arena for Læring om Velferdsteknologi.

Våren 2017 vart det nedsett ei Prosjektgruppe i Sektor helse og omsorg for å arbeide med innføring og implementering av velferdsteknologi. Prosjektgruppa har delteke i læringsnettverk for Velferdsteknologiens ABC på Søre Sunnmøre. Volda kommune har også vore med på felles innovativ anskaffing av «Heilheitlege velferdsteknologiske løysingar» som vart fullført våren 2018.

Volda kommune deltek ilag med Sjustjerna omsorg i Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Målet med dette prosjektet er koordinering av innføring av velferdsteknologi i kommunane i Sjustjerna omsorg, og det er tilsett prosjektleiar for perioda 2018-2020.

Hornindal kommune

Hornindal kommune har også jobba med innføring av velferdsteknologi. Dei nyter i dag fleire typar teknologi i helse- og omsorgstenestene, og er tilknytt ei større satsing på tryggleiksalarmer i Sogn og Fjordane. Frå august 2018 vart Hornindal kommune invitert til å delta i Prosjekt velferdsteknologi, og prosjektet endra status frå å gjelde Volda kommune til å gjelde Nye Volda kommune.

2.2 Effektmål

Hovudmål

- Innbyggjarane våre bur heime så lenge som mogleg med god livskvalitet, tryggleik og kvardagsmeistring.
- Alle tilsette i helse- og omsorgstenestene nyttar velferdsteknologi i arbeidskvarden på ein kompetent og løysingsorientert måte.
- Helse- og omsorgstenesta har tilstrekkeleg omsorgskapasitet og bærekraft til å møte endringar i demografien ein ventar fram mot år 2030.

Gevinstoversikt

Ein vil nytte velferdsteknologi til å skape kvalitativt gode og kostnadseffektive løysingar til beste for brukarane av kommunale tenester. Ein forventar at brukarane kan oppnå meir tryggleik og kvardagsmeistring gjennom bruk av teknologi. Dette kan både utsette behov for tenester, og gjere brukarane i stand til å bu heime lengre. For å oppnå dette trengst tenesteinnovasjon, grundig førebuing og utprøving, opplæring og kvalitetssikring av at systema fungerer som forventa. Innføring av ny teknologi vil vidare frigjere tid for personalet til å bruke sin kompetanse og omsorg der det trengst mest.

Gevinstar	For kven, og korleis, oppstår gevisten?	Føresetnader for at gevisten skal kunne realiserast
Betre kvalitet på tenestene	Brukarar og pårørande opplever meir heilskaplege tenester, god informasjonsflyt, god handtering av hendingar og fokus på kva som er viktig for den enkelte.	Vellukka kompetanseheving og implementering i heile organisasjonen. Må vere tilknyttet eit godt fungerande responsenter.
Auka tryggleik og meistring	Brukarar kan få større medverknad i eigen kvardag, og kan klare seg sjølv lengre utan personbistand. Tryggleik for pårørande ved at ein førebyggar uønskte hendingar og handterer dei hendingar som skjer på ein god måte. Eit døme er å førebygge fall, og begrense følgeskadar viss fall har skjedd.	Gode kartleggingsprosesser og interne rutinar. Må ha tilgang på nok og rett type velferdsteknologi. Responsenter må fungere.

Auka livskvalitet og sjølvstendigkeit	Brukaran kan få større medverknad i eigen kvardag, og kan klare seg sjølv lengre utan personbistand. Teknologi kan t.d. gje større fridom til å bevege seg utandørs og til å planlegge å strukturere dagane sine sjølv	Vellukka kompetanseheving. Gode kartleggingsprosesser og interne rutinar. Tilgang på nok og rett type velferdsteknologi. Tidsressursar til opplæring og oppfølging.
Effektiv tenesteyting	Spare tid for heimetenestene, t.d. ved å nytte elektronisk medisineringsstøtte, e-lås og digitale logistikkverktøy. Frigjort tid kan nyttast til å auke kapasiteten og til å gi personbistand til dei som treng det. Auka kvalitetssikring i døgnbemanna tenester. Redusere avlastningsbehov for pårørande ved bruk av GPS.	Vellukka kompetanseheving og implementering i heimetenestene og andre aktuelle tenester.
Auka brukarmedverknad	Implementere tankegangen «kva er viktig for deg?» ytterlegare i all kartlegging og møter med brukaran.	Vellukka kompetanseheving og implementering i heile organisasjonen.
Utsette behov for døgnomsorg	Teknologien kan støtte brukar slik at han kan bu lengre heime. Ein vil då få effektiv ressursutnytting av dei kommunale døgntilboda.	Teknologien må fungere, systemet rundt må vere godt og brukars behov må vere i sentrum. Responssenter må fungere.

Meir konkretisering av gevinstane, både kvalitative og kvantitative, blir ein del av sjølve prosjektarbeidet, og er ikkje klart førebels.

2.3 Resultatmål

Prosjektgruppa har førebels formulert følgande resultatmål med tilhøyrande delmål:

Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet ved oppstart av ny kommune 1. januar 2020.

Delmål:

- Inngå avtale med responsentral/alarmsentral for handsaming av alarmar og varslingar frå velferdsteknologiske komponentar innan 1.3.2019
- Utprøving og gradvis innføring av digitale tryggleksalarmar vinteren 2018/2019.

- Montering og testing av e-låser frå Tieto våren 2019, og implementering i tenestetilbodet frå hausten 2019.
- Anskaffing og utprøving av mobile tryggleiksalarmer (GPS) vinteren 2018/2019, og implementering i tenestetilbodet frå hausten 2019.
- Anskaffing og utprøving av elektronisk medisineringsstøtte i løpet 2019 og implementering i tenestetilbodet frå 2020.
- Anskaffing og utprøving av teknologisk løysing for digitale tilsyn i løpet 2019 og implementering i tenestetilbodet frå 2020
- Vurdere anskaffing av logistikkprogram for heimetenesta i løpet av 2019
- Utarbeide nye rutinar og arbeidsprosessar parallelt med utprøving av teknologiane i høve montering, drift, alarmhandtering, reparasjonar, opplæring, dagleg bruk, kartlegging av brukarbehov og kriterier for tildeling.

Velferdsteknologi skal vere innarbeidd som arbeidsverktøy for dei tilsette i helse- og omsorgstenestene i løpet av år 2020.

Delmål:

- Kompetansehevings- og informasjonstiltak for alle tenester hausten 2018 og gjennom heile 2019.
- Opprette ressursgrupper med tilsette som har medansvar for innføring av velferdsteknologi i si teneste. Halde kurset Velferdsteknologiens ABC for denne gruppa vinteren 2018/2019.
- Utarbeide nye arbeidsprosessar og rutinar som omfattar bruk av velferdsteknologi og handtering av varslinger og alarmar i løpet av 2019, parallelt med anskaffing og utprøving av teknologi.
- Inkludere medarbeidrarar og brukarar i tenesteinnovasjonen gjennom heile prosjektperioden.
- Opplæring av tilsette i bruk av dei einskilde teknologiane etter kvart som dei blir tatt i bruk.
- Samarbeid med andre teknologisatsingar i Nye Volda og Sjustjerna omsorg gjennom heile prosjektperioden. Prosjektet vil ha innverknad på arbeidsprosessar også i andre sektorar (oppvekst, IT, eigedomsavdeling)

Brukarane av helse- og omsorgstenester i nye Volda, og deira pårørande, skal ha god kjennskap til velferdsteknologi og kva nytte denne kan ha for deira kvardag. Og dei skal ha god brukaropplæring og høg meistringsevne på velferdsteknologi dei tek i bruk.

Delmål:

- Kompetansehevings- og informasjonstiltak hausten 2018 og gjennom heile 2019.
- Generell informasjon i media og informasjonsmateriell
- Tilsette har god kompetanse på kvardagsmeistring og legg vekt på kva som er viktig for den einskilde brukar

- Etablere demo-rom ved Volda omsorgssenter til bruk i opplæringa
- Informasjon og opplæring til brukarar og pårørande når dei får tildelt og installert velferdsteknologi

2.4 Rammer og avgrensing

Prosjekt velferdsteknologi er eit fireårig kommunalt prosjekt som går frå juni 2017 til juni 2021.

Prosjektet er avgrensa til å gjelde velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene i Nye Volda kommune.

Det er så langt ikkje sett av eigne tidsressursar eller økonomiske ressursar til drift av prosjektet. Ein ser behov for avsette ressursar til prosjektleiing. Det er lagt ned stor innsats i prosjektet i form av møtedeltaking, bruk av eigen kompetanse i arbeidsgrupper, nettverk velferdsteknologi, konferansar/samlingar med meir. Summane for timeverk er estimert fram til august 2018 på 610 timer og på 606 nye timer til september til ut november 2018.

Søknad på prosjektmidlar til Fylkesmannen i 2018 vart avslått. I 2017 og 2018 fekk Volda kommune kompetansemidlar til Velferdsteknologiens ABC på høvesvis kr 6.000 til 6 deltarar og kr 30.000 til 30 deltarar.

Vi må sikre at prosjektet følgjer generelle juridiske rammer, som til dømes personopplysningslova, offentleglova, forvaltningslova, arkivlova og arbeidsmiljølova, bruker- og pasientrettighetsloven, Helsepersonellova, Helse og omsorgstjenesteloven.

Det blir sagt at implementering av velferdsteknologi er 80% tenesteinnovasjon og 20% teknologi. Prosjekt velferdsteknologi femnar difor veldig vidt. Det handlar om å finne nye måtar å organisere tenestene på, sette dei nye verkemidla inn i eit godt system, opplæring av medarbeidarar og nå ut med informasjon til alle interessentar. I tillegg kjem innkjøp og alt det tekniske arbeidet rundt sjølve teknologien. Første prioritet for Prosjekt velferdsteknologi når det gjeld anskaffing er å få digitale tryggleksalarmer på plass og i godt system. Vidare har vi oppretta delprosjekt på e-lås og GPS der vi skal ha ei utprøvingsfase.

Føresetnader for ei vellukka gjennomføring

- Ressursar til prosjektleiing er naudsynt for god styring og organisering av prosjektet. Prosjektgruppa ser behov for 80 % stilling ut prosjektperioden, med oppstart snarast. Dette bør vere ei intern tilsettning. Prosjektleiar må ha god oversikt over organisasjonen og temaet velferdsteknologi, og vere engasjert pådrivar for framdrift i prosjektet.
- Opprette styringsgruppe og referansegruppe som til saman omfattar tilsette, leiarar, tillitsvalde og brukarrepresentant.
- Aktiv og engasjert prosjektgruppe med avklarte roller og god gjennomføringsevne.
- Opplæring av ressurspersonar i alle avdelingar.
- Alle involverte partar må prioritere framdrift av prosjektet.
- Tilgang til økonomiske ressursar for å gjennomføre Velferdsteknologiens ABC.
- God informasjonsflyt for å sikre at informasjon når ut til alle interessantar.

- God samhandling med Sjustjerna omsorg si arbeidsgruppe på velferdsteknologi. Sjustjerna sitt prosjekt jobber med kompetanseheving og å koordinere innføring av velferdsteknologi i dei sju kommunane, som del av det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Vårt prosjekt må følge utviklinga i sjustjerna-prosjektet og rette oss etter bestemmelser og framdrift.
- Samarbeid med andre kommunale tenester, t.d. eigedomsavdeling og prosessveiledar for digitalisering i nye Volda.
- Samordning av IKT-løysingar. Unngå ventetider for installering av naudsynte komponentar. Vi er avhengig av eit godt samarbeid med SSIKT og at dei har god framdrift i installering og drift av program, ulike IT-løysingar og Sensio-plattforma (plattform som integrerer signal frå teknologien).
- Midlar til kompetanseuke for å unngå feil andre har gjort og for å henge med på utviklinga, t.d. gjennom befering til andre kommunar og deltaking på kurs/konferansar.
- Avtale med eksternt responsenter for handtering av varsler og alarmar.

Status i høve velferdsteknologi i Volda og Hornindal ved prosjektstart
I Volda er tryggleiksalarmsystemet i heimane framleis analogt og er på veg til å bli heilt utdatert. Mange brukarar ventar på å få installert tryggleiksalarm, så det hastar mest å få på plass det digitale systemet for dette. Alarmane går til 110-sentralen i Ålesund, som setter over til tilsette eller pårørande etter avtale. Anbodprosessen for felles anskaffing av Trygghetspakken var ferdig i mai 2018, slik at desse produkta kan bestillast frå Atea. Men vi manglar gode system lokalt for å handtere den nye teknologien.

Hornindal Kommune leiger digitale tryggleiksalarmer frå Alarmsentralen i Sogn og Fjordane. Denne sentralen er framleis eit analogt mottak, difor må signala frå dei digitale alarmapparata rutast om til analoge signal. Heimenesta i Hornindal har ikkje natteneste. Tryggleksalarmane på natt går til pårørande/nabo, eller til sjukeheimen viss det er kort avstand dit.

Kommunen har vald å ikkje gå til innkjøp av tilleggsteknologi knytt opp mot tryggleksalarmar før ein veit kva som kan takast med inn i ny kommune. Hornindal har per hausten 2018 ikkje elektroniske dørlåser i bruk, anna enn på Omsorgssenteret, men har nøkkelboks hos nokre brukarar. Verken Hornindal eller Volda har brukarar som har prøvd medisiningsstøtte med elektroniske dosettar.

3 PROSJEKTORGANISASJON

PROSJEKTEIGAR: Rune Sjurgaard

STYRINGSGRUPPE i perioden fram til september 2019: Fellesnemnda for Nye Volda + 1 hovudtillitsvalt. Prosjektleiar har sekretærfunksjon. Kommunestyret for nye Volda må deretter vedta ny styringsgruppe. Det er naturleg at det vert tenesteutval for helse og omsorg i nye Volda.

PROSJEKITLEIAR: Ikkje avklara

PROSJEKTGRUPPE:

- Karianne Sveen Orvik
- Svein Berg-Rusten
- Astrid Dimmen
- Finn-Preben Mathisen, IT-konsulent Helse og omsorg i Volda
- Jørn Halse, driftsansvarleg Helse og omsorg i Volda
- Laila Støve Otterdal, avdelingssjukepleiar heimetenesta, Hornindal
- Elsebeth Melle, einingsleiar for heimetenestene i Volda
- Hovedtillitsvald: ikkje avklara kven

Sentrale ressurspersonar som har vore med i førebels prosjektgruppe fram til desember 2018, og vil vere viktige ressurspersonar for prosjektgruppa vidare:

- Lars Inge Bjørneset, teamleiar i butenesta for funksjonshemma i Volda
- Malene Rovde, einingsleiar tildelingskontoret i Volda

REFERANSEGRUPPE:

- Sjustjerna velferdsteknologi arbeidsgruppe v/Hildegunn Utgaard
- Prosjektleiar
- 1 eldrerrepresentant (t.d frå Eldrerådet)
- 1-2 hovudtillitsvalde
- Nokon frå lokalt næringsliv/ andre aktuell samarbeidspartar

LOKALE ARBEIDSGRUPPER:

Prosjektgruppa skal sette saman arbeidsgrupper med ressurspersonar frå avdelingane. Arbeidsgruppene skal gå gjennom Velferdsteknologiens abc og vere delaktige i kartleggingsarbeid, tenesteinnovasjon og implementering av velferdsteknologi. Det er behov for ressursar til å gjennomføre Velferdsteknologiens abc.

4 PROSJEKTOPPFØLGING

4.1 Avgjerdspunkt

AP-01	06.12.18	Når prosjektplanen er godkjent og det operative arbeidet i prosjektfasen startar. «Prinsipiell avgjerd om prosjektet skal avsluttast eller vidareførast»
Avgjerdsgrunnlag		Fellesnemda for Nye Volda kommune

AP-02	06.12.18	Avgjerd om midlar til prosjektleiing
Avgjerdsgrunnlag		Fellesnemda for nye Volda kommune

4.2 Statusrapportering

Prosjektet treng ein prosjektleiar som kan lage struktur for rapportering og styring av prosjektet.

4.3 Milepælar

Nr	Dato	Tilstand/Hending
01		
02		
03		
04		
05		

Prosjektet treng ein prosjektleiar som kan arbeide med planlegging og milepælar.

5 INTERESSENTAR

Sjå vedlegg 1

6 RISIKOVURDERING

Mogleg hending	Verknad viss ingen tiltak blir sett i verk	Tiltak som vil redusere sannsynet for at hendinga skjer og/eller konsekvensane av hendinga
Ikkje avsett ressursar til prosjektleiing	Vanskeleg å koordinere og drive prosjektet godt framover	God prosjektplan og grunngjeving for behov Forankring hos politisk og administrativ leiing
Høgt sjukefråvær	Hindrar kontinuitet og høve til strategisk arbeid	God arbeids- og rollefordeling Målretta leiing og nærværsarbeid i organisasjonen
Manglande ressursar til innkjøp og drift av velferdsteknologi	Utviklinga stoppar opp.	Viktig å investere for å få gevinstrealisering God økonomiplanlegging
Lite endringsvilje hos brukarar og medarbeidarar	Utviklingsprosess tek lengre tid og kan mislukkast.	God plan for involvering og kompetanseheving
Teknologi som sviktar.	Teknologi er tilgjengeleg, men vert ikkje nytta. Kan føre til manglande tillit. Det kan oppstå fare for liv og helse.	God informasjon og opplæring. God dialog med leverandørar. Godt system for brukarstøtte og handtering av alarmar og feilmeldingar.
Avhengigheit av eksterne aktørar.	Forsinkingar. Evt fare for liv og helse.	God samhandling med involverte partar.
Dårleg dekning i enkelte områder.	Alarmar når ikkje fram dit dei skal.	Kartlegging av dekningsgrad og ta omsyn til dette ved tildeling av teknologi. Osdal, Bjørke, Viddal kan vere sårbare områder.

Prosjektgruppa vil gjennomføre separate risikoanalyser for dei ulike teknologiane som skal innførast.

7 GJENNOMFØRING

7.1 Strategi for gjennomføring

Utviklingsstrategi og val av metode: Tenesteinnovasjon etter Veikart for tenesteinnovasjon utarbeidd av KS m.fl.

Strategi for endringsleiing: Medarbeidardrevet innovasjon.

Strategi for overføring til linja: Aktivt ut med informasjon i alle avdelingar. Pålagt frammøte på fagdag. Involvering av medarbeidarar frå alle einingar i Velferdsteknologiens ABC. Bruke arbeidsgruppene og ressurspersonane i avdelingane til ambassadørar i sine tenester og til sine brukarar.

7.2 Hovudaktivitetar

Hovudaktivitet	Føremål	Viktige deloppgåver	Resultat
Kartlegging	Konkretisere behov, utfordringar, moglegheiter. Dokumentere og analysere funn.	Kartlegge situasjon og behov gjennom intervju og analysemetodar frå Veikart for tenesteinnovasjon. Talfeste forventa gevinstar gjennom arbeid med statistikk og tal.	Oversikt over status og behov på ulike felt, t.d. haldningar, arbeidsprosessar, tenestereiser, rutinar, infrastruktur. Visualisering av dagens situasjon og modellereing av nye idear og ny tenestereise. Oversikt over forventa gevinstar av prosjektet.
Kompetanseuke	Inkludere medarbeidarar og brukarar, utvikle kompetanse og tilpasse organisasjonen til ny teknologi og nye arbeidsprosesser.	Kick-off. Velferdsteknologiens ABC. Tilpassa opplæring til brukarar og pårørande. Vurdere løysingar for brukarstøtte i samarbeid med leverandørar.	Kompetente og løysingsfokuserte tilsette. Trygge og meistrande brukarar og pårørande.
Implementering og drift	Skaffe og prøve ut aktuell teknologi. Kvalitetssikring. Utarbeide rutinar og prosedyrar.	Innkjøp og implementering digitale tryggleiksalarmer. Delprosjekt e-lås Delprosjekt GPS Andre delprosjekt Etablere demo-rom ved Volda omsorgssenter. Søkje tilskot frå Husbanken om støtte til oppgradering av kabling i kommunale bygg.	Velferdsteknologi kan tilbys innbyggjarane som ein integrert del av helse- og omsorgstenestene. Teknologien fungerer.

7.3 Tids- og ressursplanar

Prosjektet treng ein prosjekteiar som kan oppdatere tidsplan. Noverande tidsplan er ikkje oppdatert for tida framover.

8 ØKONOMI

Kostnader til drift av prosjektet:

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart/Kostnad pr. hovudakt	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Prosjektleiar (80 % i 2,5 år)	1.060.000	Frå prosjektmidlar kommunesamanslåing	1.060.000
Interne timar	900.000	Frå eige budsjett	900.000
Reise/kurs	160.000	Frå prosjektmidlar kommunesamanslåing	160.000
Velferdsteknologiens ABC	190.000	Kompetansemidlar frå Fylket Frå prosjektmidlar kommunesamanslåing	30.000 160.000
Kick-off 7.nov	85.500	Frå prosjektmidlar kommunesamanslåing	85.500
Sum	2.395.500		Sum 2.395.500

Kommentarar til kostnadar:

Kickoff for velferdsteknologi, seminar 07.11.18:

- Innleige/frikjøp av deltakarar frå Helse og omsorg i begge kommunene: 62.000 kr (Volda 51.000, Hornindal 11.000)
- Matservering: 16.000 kr
- Utgiftsdekking foredragshaldarar: 640 kr
- Husleige: 2.000 kr
- Rigging: 750 kr
- Vask lokale: 600 kr
- Annonsering: ca 3500 kr

Velferdsteknologiens abc: 35 deltakarar deltek på arbeidsgrupper i tre heile dagar. Frikjøp/lønnskostnadar: inntil 180.000 kr. Bevertning: ca 10.000 (dekkast av kompetansehevingsmidlar)

Det er behov for ei oppgradering av datakabling i dei kommunale omsorgsbygga for å kunne ta i bruk ein del velferdsteknologi. Kostnadar til dette er stipulert til om lag kr 2.200.000. Husbanken kan finansiere inntil 55 % av kostnadane til dette, og søknad vert sendt til Husbanken i desember 2018. Korleis dei resterande 45 % skal finansierast er ikkje avklara.

Kostnadar knytt til investeringar er ikkje klart på noverande tidspunkt. Volda kommune har sett av kr 1.250.000 årleg til investering i velferdsteknologisk utstyr, i økonomiplanperioda 2018-2021.

9 KONTRAKTER OG AVTALAR

Volda kommune var med på ei større anskaffing av Trygghetspakken og har inngått rammeavtale med firmaet Atea. Volda har framleis avtale med 110-sentralen om alarmmottak. Volda kommune betalar 100 kr per månad til 110-sentralen for kvar tryggleksalarm. Denne sentralen er ikkje bemanna med helsepersonell og har avgrensa sitt ansvarsområde til brann og redning. Denne avtalen må seiast opp når det er nærmare tidfest kva tid utrulling av digitale alarmar kan skje.

Tieto er leverandør av programvare for elektronisk pasientjournal og er også valt som leverandør av e-lås, i og med at dei leverer døriås-løysing som er direkte integrert med pasientjournalen.

Hornindal kommune har avtale med alarmsentralen i Florø om alarmmottak og leige av digitale alarmar. Florø har framleis eit analogt mottak, men arbeidet med å vurdere nytt digitalt mottak er starta. Det er heller ikkje avklara om dei kan ta i mot digitale signal frå Atea sine produkt.

Kristiansund kommune har lang erfaring med drift av responsenter som stettar dei nasjonale krava, dette er døgnbemanna av helsepersonell og har kapasitet til å inngå abonnement med Nye Volda til kostpris, kr 1.900 kr per år per alarm. Prosjektgruppa tilrår sterkt at ein går for ei slik løysing snarast, då dette vil vere ei sikrare og betre teneste enn det er mogleg å levere lokalt per dags dato.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/2216
		Arkivkode:	151

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
57/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

SKYGGEBUDSJETT NYE VOLDA 2019-2022

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek å ta Nye Volda sitt skyggesbudsjett for 2019-2022 til vitende.

Vedleggsliste:

- Skyggebudsjett Nye Volda 2019-2022, administrativt framlegg

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

I år er det siste gong Volda- og Hornindal kommune legg fram eigne budsjett/økonomiplanar til sine kommunestyre. Budsjettarbeidet som startar opp våren 2019 vil vere det nye budsjettet for Nye Volda.

Kommunane skal legge fram eit skyggebudsjett til Fellesnemnda for Nye Volda. Dette dokumentet er eit slikt budsjett og er ei samanslåing av dei administrative framlegga frå både Volda og Hornindal.

Budsjettet vert lagt fram med oversikter basert på dei skjema som kommunane er pliktig å legge fram i eit budsjettvedtak. Det vert ikkje lagt fram noko oversikt på dei driftstiltaka som ligg i dei

to budsjetta, men ei fullstendig oversikt på investeringar vert lagt fram. I og med at organisasjonen (sektorar og einingar) ikkje er lik i kommunane vel vi å legge fram driftsrammer etter Kostra funksjonar og ikkje på sektor.

Dokumentet har også med Kostratal frå 2017. Desse Kostratala gjeld Nye Volda og er utarbeidd av Framsikt, ei programvare som analyserer kommunane sine Kostratal.

Fellesnemnda har etterspurd ei oversikt som viser aldersfordeling blant dei tilsette. Ei slik oversikt ligg med i slutten av dokumentet.

Utskrift av endeleg vedtak:

Skyggebudsjett

Nye Volda

2019 – 2022



Innheld

Forord.....	3
1. Driftsbudsjettet.....	4
2. Kostratal (skjema 1b).....	6
2.1 Kostra analyse rekneskapen 2017	9
3. Investeringsbudsjettet	12
4. Ressursar og alderssamsetning	15

Forord

I år er det siste gong Volda- og Hornindal kommune legg fram eigne budsjett/økonomiplanar til sine kommunestyrer. Budsjettarbeidet som startar opp våren 2019 vil vere det nye budsjettet for Nye Volda.

Kommunane skal legge fram eit skyggebudsjett til Fellesnemnda for Nye Volda. Dette dokumentet er eit slikt budsjett og er ei samanslåing av dei administrative framlegga frå både Volda og Hornindal.

Budsjettet vert lagt fram med oversikter basert på dei skjema som kommunane er pliktig å legge fram i eit budsjettvedtak. Det vert ikkje lagt fram noko oversikt på dei driftstiltaka som ligg i dei to budsjetta, men ei fullstendig oversikt på investeringar vert lagt fram. I og med at organisasjonen (sektorar og einingar) ikkje er lik i kommunane vel vi å legge fram driftsrammer etter Kostra funksjonar og ikkje på sektor.

Dokumentet har og med Kostratal frå 2017. Desse Kostratala gjeld Nye Volda og er utarbeidd av Framsikt, ei programvare som analyserer kommunane sine Kostratal.

Fellesnemnda har etterspurd ei oversikt som viser aldersfordeling blant dei tilsette. Ei slik oversikt ligg med i slutten av dokumentet.

1. Driftsbudsjettet

FUNK vil be om å verte involvert i høve dei planane som ligg føre for invisteringar i skule, kulturhus, legekontor osb i god tid slik at ein får mulighet til å påvirke og sikre universiell utforming.



VOLDA KOMMUNE

I samband med deltaking i den nye PP-tenesta vart det sett inn ein tidsavgrensa ekstraressurs. FUNK vil be om at den vedtekne evalueringa av tenesta vert gjennomført før resurssen vert teken vekk.

FUNK ser svært positivt på at ein aktiv og meiningsfull kvardag er sett som eit teneste og utviklingsmål innanfor helse og omsorg.

- Vi vil påpeike at brukerane har ulike behov og at eit likt tilbod ikkje gir eit likeverdig tilbod.
- Vi ønsker difor at ein legg vekt på at ein fleksibel organisering og internt samarbeid slik at tilboda vert funksjonelle for den enkelte brukar.

Ungdomsrådet:

Sett frå eit ungdomsmeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:

* Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule

* Kino og kultursal

* Idrettshall

* Svømmehall

Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdomen.

Elles tek ungdomsrådet saka til vitande

Odd A. Folkestad:

I samsvar med gjeldande lovverk har elevar som ikkje får tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa etter sakkunnig vurdering rett til spesialundervisning.

Dei elevane dette gjeld, skal enkeltvis vurderast av fagfolk som så etter grundig fagleg vurdering tilrår eit opplegg for spesialundervisning for den einskilde elev dette gjeld. Det fagorgan som Volda kommune nyttar til dette arbeidet er den Interkommunale Pedagogiske Tenesta der Volda kommune er medlem. Dersom kommunen meiner skulen kan gi heile eller deler av det tilrådde opplæringstilbodet innanfor rammene av den ordinære opplæringa, må eit avvik frå den faglege tilrådinga frå PPT, - for den einskilde elev -, begrunnast i enkeltvedtaket som kommunen skal fatte.

Det er Volda kommune som skal dekke alle utgifter til spesialundervisninga, også til friskular (jf § 3-6 i Friskulelova).

Volda kommune/Oppvekstsektoren skal følgje eigne enkeltvedtak slik at skulane får tilført dei midlane, evt. den refusjonen, som enkeltvedtaket legg til grunn.

Volda kommunestyre vil presisere at ein føreset at det som framgår av dette vedtaket, er ei avklaring til alle barne-/ungdomsskular i kommunen.

Margrete Bjerkvik:

Kr 85 000 til overflatedrakter for brannvesenet.

Dekning disposisjonsfondet



VOLDA KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT 2019
ØKONOMIPLAN 2019-2022
Administrativt framlegg
08.11.2018



Innholdsfortegnelse

FORORD	4
1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT	6
1.1 Driftstiltak økonomiplan 2019-2022.....	8
2 SEKTORANE OG STABANE	10
2.1 INNLEIING	10
2.2 MÅLKART	11
2.3 BUDSJETTRAMMER	14
2.4 HELSE OG OMSORGSSSEKTOREN	16
2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN.....	24
2.6 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN.....	28
2.7 TEKNISK SEKTOR.....	35
2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN	42
2.9 ØKONOMIAVDELINGA.....	46
2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA	49
2.11 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA.....	53
2.12 NAV.....	61
2.12 FELLESOMRÅDET	63
2.13 Innspel til budsjettarbeidet	66
3 INVESTERINGAR.....	68
3.1 IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	70
3.2 EIGEDOM	70
3.3 INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSUTVIKLING	71
3.4 MASKINER OG KØYRETØY	71
4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR.....	72
4.1 FINANSOMRÅDET	73
4.2 FONDSMIDLAR.....	77
4.3 FRIE INNTEKTER	79
4.4 GENERELLE STATSTILSKOT	82
4.5 FOLKETALSUTVIKLING	83
4.6 EIGEDOMSSKATT	87
4.7 NÆRINGSUTVIKLING	88
4.8 KOMMUNEREFORMA	91
4.9 KOSTRA tal Volda kommune	92
VEDLEGG	93

HOVUDOVERSIKTER	93
Budsjettkjema 1A.....	93
Budsjettkjema 1B.....	94
Budsjettkjema 2A.....	95
Budsjettkjema 2B.....	95
Budsjettkjema 4	101
Budsjettkjema 5	102

FORORD

Dagens Volda kommune går over i historia og vert erstatta av nye Volda frå 2020. «Buet» i gamle Volda vil setje sitt preg på den nye kommunen. Kommunen har opparbeidd seg høg gjeld gjennom store investeringar over mange år, og har svært store investeringsbehov i Volda sentrum. Ungdomsskulen, svømmehall, barnehage og idrettshall er grunnleggjande tenesteinfrastruktur som har vore forsømt over tid. På grunn av mange skular og barnehagar prioriterer kommunen høg ressursbruk på drift av barnehage og grunnskule der utgiftsbehovet ut frå demografien går ned. Dette bind opp ressursar som ein treng for å dekkje opp eit aukande tenestebehov i omsorgstenestene. Den nasjonale trenden viser auka utgifter til sosialhjelp, barnevern og ressurskrevjande tenester. Kommunane i Møre og Romsdal kan vente seg eit ekstra trykk på omsorgstenestene i samband med at Helse Møre og Romsdal skal redusere drifta med 0,5 mrd, der omløpshastigheita på pasientflyten mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er venta å auke. Det vil føre til auka press både på sjukeheimane og heimetenestene. Samla sett er dette utgifter som veks utover det som vert kompensert i dei frie inntektene frå staten. Staten signaliserer behov for reduksjon i veksten i dei kommunale utgiftene, og har forventingar om rasjonalisering og effektivisering for å møte auka behov og lokale prioriteringar. Kommunar som ikkje vil gjere endring og redusere utgiftene innanfor dei ulike tenestene, vil ikkje kunne ha økonomisk handlingsrom. Dette endringsbildet omhandlar også dreiling til tidleg innsats og førebygging for å unngå stor auke i framtidig tenestebehov. Dette gjeld overfor barn/unge og blant dei eldre. Samfunnsdelen i kommuneplanen har eit gjennomgåande prinsipp for folkehelsperspektiv, noko som bør gjennspegle prioriteringane i budsjett og økonomiplan.

Vi må ikkje underkjenne at vi no står i eit skifte der det er heilt nødvendig med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester inkl ny ungdomsskule, barnehage, idrettshall og svømmehall, og samtidig handtere veksten i behov blant eldre og dei i samfunnet som har størst behov for tenester, så må ein dreie ressursar frå skule og barnehage med færre einingar som bind opp ressursar. Ein må også gjere endringar i omsorgstenestene for å flytte ressursar i tenestetrappa til dei som har mest behov. Reint konkret handlar dette mellom anna om å redusere talet på heildøgnsbemannata omsorgsbustader og flytte ressursar til styrka tiltak i heimtenesta og rehabilitering. Dette vil ikkje vere nok. Ein kan ikkje vente å få tenester som ligg på ein standard utover det som kommunen etter lova er plikta å yte. Administrasjonen og dei tilsette må vere budde på endring. Vi må ta sikte på å ta ut effekt av nye verkty og arbeidsmåtar gjennom nyskapning og digitale verkty. Vi treng samarbeid gjennom samskapning med frivillige og private aktørar.

Endring er heilt nødvendig for å skape utvikling. Utfordringa er at alle endringar har ibuande konflikt i seg. Det er naturleg at alle som vert råka av endring vil kjempe for sine interesser ut frå sin ståstad. Dei vil ha vanskar med å kunne sjå kva verknad denne endringa vil ha for å få på plass brikka i det store komplekse bildet. For å få eit folkeaksept på endringar er ein avhengig av å kunne presentere dei kompliserte samanhengane. Dette er noko av det eg som rådmann kjenner på som noko av det vanskelegaste. Enkeltsaker kan lett verte trekt ut av samanhengen. Administrasjonen vert da ofte opplevd som forkjemparar for sentralisering og

ikkje bry seg om bygdene eller enkeltgrupper. Administrasjonen har eit fagleg ansvar for sjå dei samla konsekvensane. Dersom kommunestyret vil gjere store investeringar med auke renter, så må administrasjonen forklare konsekvensane og kome med forslag til dekning som røyver ved særinteresser. Dette handlar om eit eventuelt politisk vegval om ein vil konsolidere og behalde dagens tenesteprioritering, eller om ein vil skape eit handlingsrom for å ruste opp tenestene med ny el rehabilert ungdomsskule, barnehage i sentrum, svømmehall og idrettshall. Når det gjeld kommunen sin økonomi, så er det så lett å lausrive seg frå den ansvarstenkinga ein har for privatøkonomien, og danne ei forestilling om at det er plass til alt.

Kommunen får inntekter frå ulike kjelder. Kommunen treng å sjå alle inntektene opp mot ei samla drift og investeringsramme. Dersom ein skulle øyremerke enkelte inntekter som td havbruksfond og eigedomsskatt til bestemte formål, vil ein innskrenke handlingsrommet for det heilskaplege perspektivet.

Våre lokale utfordringar kan linkast til dei sentrale føringane i regjeringa si Perspektivmelding i 2017. Der vert det uttrykt at om ein ikkje greier å redusere veksten dei offentlege utgiftene, så vert løysinga privatisering og auka skattar.

Dei store investeringane i gjeldande økonomiplan er vidareført i framskrivinga, der også kulturhus inngår med oppstart i 2019. Eigedomsskatten vert auka til 3 promille i 2021 for å kunne forsvare denne investeringa.

Framleggget til økonomiplan er bygt på eit opplegg med store risikofaktorar. Dette må ein under handsaminga vere svært medveten om. Balanseringa er basert på at vi brukar 109,8 mill kr frå disposisjonsfondet samtidig som vi inntektsfører 59,2 mill kr i positivt premieavvik/premiefond. Bruken av disposisjonfondet inneber at vi brukar opp reservane, medan positivt premiavvik er ei forskyving av rekneskapsførte pensjonskostnader som er basert på stor usikkerheit. Det er lagt til grunn refusjon av 29 mill kr i spelemedilar til idrettshallen i 2022. Dersom midlane kjem seinare må ein dette året finne dekning på drifta for å erstatte desse inntektene. Investeringsnivået er i høgste skiktet også med tanke på administrativ kapasitet til å følge dei opp. Det er laga ei matrise med fordeling av investeringsprosjekta på byggjeleiarar og ekstern innleige. Denne må ajourførast i samsvar med ev endring i prioriteringar i den politiske handsaminga. Det er ein risiko knytt til oppfølging og framdrift. Med investeringsnivået som er lagt opp til kan Volda saman med Hornindal i ny kommune kome opp i ei lånegjeld på nærmere 2 mrd. Ein er da svært eksponert for store konsekvensar ved ev renteauke.

Eg ser dei største utfordringane for Volda framover knytt til:

- Skape kunnskap om samanhengane i ei komplisert kommunal verksemd der innbyggjarane, administrasjonen og politikarane har felles syn på kva som er det heilskaplege bildet.
- Korleis vi vil greie å dreie om ressursbruken i kommunen for å prioritere tenestene der brukarane vil ha stort behov, og korleis vi skal greie å rasjonalisere og effektivisere tenestene for å balansere drifta etter at driftsfondet er brukt opp.

- Høg lånegjeld vil binde opp driftsøkonomien samtidig som ein vert svært eksponert for risiko for auke i renta.
- Førebyggje mot utanforsk og integrere så mange som mogleg i arbeid og aktivitet.
- Få til ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med utbyggjarar og Husbanken med siktet på eigna bustad for alle.
- Korleis få auka verdiskaping gjennom privat satsing og investeringar i sentrum og andre delar av kommunen.

2019 er det siste året i samanslåingsprosjektet. Arbeidspresset vert svært stort på administrasjonen. Gamle Volda skal avviklast og forventingar om nye oppgåver må vike til fordel for kommunesamanlåingsprosessen. Det er svært avgjerande at prosessen får full prioritet og at den nye kommunen vert best mogleg rigga for drift til 1. januar 2020. Dette er ein arbeidskrevjande prosess der det er viktig at vi på alle nivå har omsorg for kvarandre og passar på at vi ikkje brukar opp energien.

1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

Utgangspunktet for budsjettarbeidet er budsjettet for 2018 og økonomiplan 2018-2021. Dette vert framskriven til alle dei fire åra i økonomiplanperioden. Deretter startar endringar i forhold til både inntekts- og utgiftssida. I år som i fjor har vi hatt fokus på å få til eit meir korrekt budsjett og då meir tilpassa rekneskapen og eksisterande driftsnivå. Einingsleiarane har i år vore meir delaktige i prosessen, både gjennom aktiv økonomirapportering gjennom året og i arbeidet med å sikre eit korrekt budsjett for 2019.

Framskrive budsjett inneholder bruk av disposisjonsfondet på vel 106 mill kr i perioden. Når år 2022 er over står der att vel 6,7 mill kr. Ei av årsakene til at vi hentar ut avsette midlar er at vi i økonomiplanen har prioritert store investeringar som ungdomsskulen, kultur- og kinosal, symjeanlegg, barnehage og infrastruktur tiltak. I tillegg ligg er det i 2019 henta ut 30 mill kr til tilskot knytt til Volda Campus Arena. Det er og ei utfordring at tilskot knytt til flykting også i 2019 vert redusert ytterlegare. Ein reduksjon i tenestene knytt til denne gruppa vil ta lengre tid og det er nødvendig å nytte av disposisjonsfondet medan ein byggjer ned tenestene.

Driftsnivået på sektorane er for høgt og må i økonomiplanperioden reduserast med ei ramme på 40 mill kr pr år frå og med 2022 og i vidare år. Alternativet er å auke eigedomsskatten til 4 promille, eller meir. Dette er ein føresetnad for at kommunen skal unngå eit meirforbruk i 2023.

Budsjetttrammene til sektorane skal no vere realistiske. Det er arbeidd godt med å sikre at lønnsgrunnlag skal vere korrekt. Vidare er det gjort eit arbeid med å lage til eit realistisk budsjett for sjukefråvær. Det er ikkje lagt inn generell prisvekst, men det er i budsjettet teke høgde for å auke opp driftsbudsjett på dei områder der det har gjennom år vore stor avstand mellom budsjett og reell drift. Dette er postar som serviceavtalar, bilkostnadar, medisin og

forbruksmateriale og kostnadar knytt til datakommunikasjon. Når driftsnivået er reellt vil det gi eit betre grunnlag for å vurdere reduksjon i rammer opp mot konkrete tiltak.

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode og viser både brutto- og netto driftsresultat:

HOVUDOVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/ BUDSJETT 2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rammetilskot	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Egedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre driftsinntekter	-334 768 735	-275 162 875	-262 917 436	-267 917 436	-266 917 436	-295 917 436
Sum driftsinntekter	-861 235 126	-780 262 875	-801 861 436	-807 161 436	-815 911 436	-844 911 436
Sum driftsutgifter	819 575 002	785 325 857	866 164 496	816 455 666	814 088 666	814 088 666
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-41 660 124	5 062 982	64 303 060	9 294 230	-1 822 770	-30 822 770
Sum finansinntekter	-11 268 547	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Sum finansutgifter	47 676 944	51 456 596	58 975 914	61 210 670	82 098 246	89 290 746
Netto finanskostnader	36 408 397	42 786 596	50 305 914	52 540 670	73 428 246	80 620 746
Motpost avskrivninger	-38 355 625	-28 530 000	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880
NETTO DRIFTSRESULTAT	-43 607 352	19 319 578	69 265 094	16 491 020	26 261 596	4 454 096
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-20 836 898	-18 326 734	-67 558 908	-14 784 834	-24 555 410	-31 747 910
Bruk av bundne fond	-16 997 861	-2 882 201	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-59 324 741	-21 208 935	-69 965 094	-17 191 020	-26 961 596	-34 154 096
Overført til investeringsregnskapet	6 567	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Avsetninger til bundne fond	40 035 813	1 889 357	700 000	700 000	700 000	700 000
SUM AVSETNINGER	61 532 362	1 889 357	700 000	700 000	700 000	29 700 000
RESULTAT	-41 399 731	0	0	0	0	0

Bruk av disposisjonsfond er ekstra høgt i 2019 ved at investeringstilskot til VCA (idrettshall) er innarbeidd med kr 30 mill.

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat kvart år i heile perioden, og vi er avhengig av å hente ut midlar frå disposisjonsfondet for å gå i balanse. Ser vi på brutto driftsresultat er dette positivt i 2022 då det er forventa at forskoterte spelemidlar knytt til idrettshallen vert tilbakebetalt og sett av til disposisjonsfondet:

Disposisjonsfond	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Saldo IB	59 893 744	112 732 025	45 173 117	31 588 283	8 232 873
Avsetjing	54 359 281				29 000 000
Bruk	-1 521 000	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Saldo 31.12	112 732 025	45 173 117	31 588 283	8 232 873	6 684 963

1.1 Driftstiltak økonomiplan 2019-2022

Følgjande tiltak er lagt inn i rådmannen sit framlegg og er med på å endre driftsrammene fra år 2019 og framover i økonomiplanperioden:

ØKONOMIPLAN VOLDA KOMMUNE 2019-2022				
Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Framskrivning av ØPL 2018-2021	0	0	0	0
Sentrale tiltak/endringar:				
ENDRING FRIE INNTEKTER ØPL 2019-2022	-32 044 000	-32 044 000	-32 044 000	-32 044 000
Eigedomsskatt (jf tertialrport)	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Pensjon - Premieavvik prognose KLP og SPK	-23 242 170	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Amortisering premieavvik	4 349 100	7 259 100	7 259 100	7 259 100
Redusert statstilskot flyktning	9 445 025	9 445 025	9 445 025	9 445 025
Renteauke	3 000 000	4 000 000	8 000 000	8 000 000
Minsteavdrag, endring utrekning			2 100 000	2 100 000
Nye Investeringar - kapitalkostnad	3 332 000	3 352 000	6 671 500	13 864 000
Lønnsvekst 2019 (sentralt og lokalt), 3 %	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Sum sentrale tiltak/endringar, sektor Kommunestyre 1a og 1b	-28 660 045	-13 487 875	-4 068 375	3 124 125
Endringar knytt til lønnsvekst og opprydding sjukelønn:				
Sektor rådmann og stabar	387 974	387 974	387 974	387 974
Opplæring og oppvekst	4 953 317	4 953 317	4 953 317	4 953 317
Helse og omsorg	7 511 680	7 511 680	7 511 680	7 511 680
Kultur og service	13 533	13 533	13 533	13 533
Politisk	2 179	2 179	2 179	2 179
Teknisk	3 024 403	3 024 403	3 024 403	3 024 403
Utvikling	226 063	226 063	226 063	226 063
Volda kyrkjelege fellesråd	180 000	180 000	180 000	180 000
Avsett lønnsvekst i øpl 2018-2021	-7 696 806	-7 696 806	-7 696 806	-7 696 806
Sum endringar knytt til lønnsvekst og opprydding sjukelønn	8 602 343	8 602 343	8 602 343	8 602 343
Gjennomgang driftsutgifter og brukarbetaling 2018 nivå:				
Sektor rådmann og stabar	231 805	231 805	231 805	231 805
Opplæring og oppvekst	2 382 373	2 382 373	2 382 373	2 382 373
Helse og omsorg	3 868 052	3 868 052	3 868 052	3 868 052
Kultur og service	-213 460	-213 460	-213 460	-213 460
Teknisk	285 890	285 890	285 890	285 890
Avskrivning og kalkulatoriske renter	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242
Barnevernskostnadar Volda	-716 514	-716 514	-716 514	-716 514
Sum gjennomgang driftsutgifter og brukarbetaling 2018 nivå	4 212 904	4 212 904	4 212 904	4 212 904
Tiltak med vedtak i 2018 som vidareførast:				
Innsparingar frå 2018	1 305 540	1 025 540	1 025 540	1 025 540
NAV	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Gnisten, husleige	156 000	156 000	156 000	156 000

ØKONOMIPLAN VOLDA KOMMUNE 2019-2022

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
SSIKT	1 418 984	1 418 984	1 418 984	1 418 984
Medlemskap Sunnmøre Friluftsråd	167 000	167 000	167 000	167 000
Ny fastlege	250 000	250 000	250 000	250 000
Vaksenopplæring og introduksjonsprogram (reduksjon inntekt)	4 200 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000
Sum Tiltak med vedtak i 2018 som vidareførast	9 997 524	9 717 524	9 717 524	9 717 524
Nye tiltak:				
Volda Rullarlaug AS, tilskot	467 000	467 000		
Doktorhaugen 2,86 årsverk	2 009 000	2 009 000	2 009 000	2 009 000
Helsesøster, styrka ressurs til barnehage og skule	450 000	450 000	450 000	450 000
Leirskule	300 000	300 000	300 000	300 000
Utredning Felles legevaktsentral med Ørsta	161 000			
Auke i ramme til Volda kyrkjeloge fellesråd	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommunesamanslåing		-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Volda Campus Arena - overføring av tilskot og forskottering spelemidlar	0			0
Sum nye tiltak	3 587 000	-4 574 000	-5 041 000	-5 041 000
REGULERING DISPOSISJONSFOND	2 260 274	-4 470 896	-13 423 396	-20 615 896
ØKONOMIPLAN 2019-2022	0	0	0	0

Dei samla verknadene av kommunesamanslåing vil ein først få klarlagt når ein skal utarbeide budsjett for nye Volda for 2020. Det er lagt inn ein venta auke i inntekter på kr 5 mill f.o.m 2020.

Alle endringar vert omtala vidare i framlegget.

2 SEKTORANE OG STABANE

Kapittel 2 har omtale av mål, utfordringar og budsjetttrammer.

2.1 INNLEIING

Kommentarane for sektorane er skrive av sektorsjefane der dei skriv om status, utfordringar og melder inn behov. Rådmannen sitt forslag til nye tiltak framgår i tabell under den økonomiske oppstillinga for 2019 – 2022. Det har vore ein prosess i leiarteamet der ein har hatt overordna og heilskapleg fokus på prioriteringar. Strategien frå førre økonomiplan med tiltak for å redusere drifta ved ein kombinasjon av endring i arbeidsmåtar, digitalisering, planlagt reduksjon i stillingar og samordning av skular og barnehagar i perioden. Tiltaka må gjennomførast slik at vi får effekt som gjer at vi ikkje har eit driftsnivå der vi er avhengig av driftsfond. I 2018 har vi ikkje klart å fram tiltak som gir effekt på reduksjon i drifta. Dette medfører at vi i perioden må bruke driftsfond ytterlegare for å balansere drifta.

Kommunane får store utfordringar med å tilretteliggje digitale tenester for innbyggjarane og samtidig hente ut gevinstar ved nye arbeidsmåtar. Digitaliseringa er brukardrive og kommunane kan ikkje velje om ein vil vere med på denne utviklinga.

Regjeringa utarbeidde nasjonal digitaliseringsstrategi i 2015, jfr Stortingsmeding nr 27 2015 – 2016; Digital Agenda for Norge. Meldinga peikar på 5 hovudprioriteringar:

- *Brukeren i sentrum*
- *IKT er en vesentlig innsatsfaktor for innovasjon og Produktivitet*
- *Styrket digital kompetanse og deltagelse*
- *Effektiv digitalisering av offentlig sektor*
- *Godt personvern og god informasjonssikkerhet*

Desse prioriteringane er følgt opp i Perspektivmeldinga frå 2017, i Statsbudsjettet for 2018 og vidare i 2019. Det er tydelege signal om å utvikle tenestene med sikte på forenkling og auka tilgjengeleghet. Samtidig er det tydelege signal om at redusert vekst i bruk av oljeinntekter kombinert med aukande pensjons- og demografikostnader må dekkjast ved effektivisering i offentleg sektor og auka sysselsetting. Digitalisering er sett på som eit sentralt virkemiddel for effektivisering og produktivitetsauke.

KS og regjeringa samarbeidet om ei felles finansieringsordning for å gjere kommunane i stand til å møte den digitale utfordringa. Regjeringa går inn med 125 mill kr og føreset at kommunesektoren går inn med det same. KS har løyvd 40 mill. Dei store bykommunane går inn med 35 mill og resten er invitert til å gå inn med kr 20 pr innbyggjar og fylkeskommunane med kr 5 pr innbyggjar. For Volda utgjer dette kr 181 060. Dette vert ei nasjonal satsing for å få utvikla felles standardarar og felles løysingar som kjem heile kommunesektoren til gode. Det er svært viktig at kommunane deltek i denne finansieringsordninga for å få nødvendig

utvikling slik at kommunesektoren ikkje heng etter i høve til folk sine behov og forventingar, men også i høve til nødvendige omstillingsskrav og statleg digitalisering av tenester som skal samarbeide med dei kommunale. Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om felles digital strategi.

Kommunen bør utnytte infrastrukturen og bygningsmassen optimalt. For ungdomsklubben vert det vurdert om kommunen kan frigjere eigne lokale fram til permanente lokale i samband med nytt kulturhus. Ei kartlegging gjennomført i år viser at ungdomsklubben er viktig, og det må finnast ei løysing også før ein får plass det permanente tilbodet. Dersom ein ikkje finn eigna løysing i eigne lokale må ein vurdere korttidsleige etter utlysing og dekkje opp dette i eiga sak.

Den største risikoen for auka utgifter er innanfor dei rettigheitsbaserte tenestene budsjett med utgiftsanlsag. Dette gjeld sosialhjelp, barnevern og ressurskrevjande tenester. Det er ein landstrend at utgiftene til desse tenestene aukar meir enn det kommunane får kompensert gjennom dei frie inntektene. Demografiutviklinga viser at Volda kommune vil få auka utgifter i omsorgstenestene, medan behovet for tenester vert mindre blant barn og unge. Dette vert forsterka ved at Helse Møre og Romsdal skal redusere utgiftene med 0,5 mrd, som vil medføre auka pasientomløp og tyngre pasientar på kommunehelsetensta. Dette vil medføre auka utgifter på kommunane, samtidig som det kan verte utfordrande å skaffe nok kompetent arbeidskraft til å løyse oppgåvene som vert overført frå Helseforetaket. Akuttmedisinforskrifta med krav til legevakt er utsett til 2020. Det vert arbeidd med ei interkommunal løysing som ikkje er endeleg avklart.

Interkommunalt samarbeid vert kommentert av leiaren for den respektive vertskommune. Slike samarbeid er krevjande av fleire grunnar. Desse operer i andre styringsliner og vert ikkje ein del av den tette og heilskaplege planlegginga i kommunen. Rådmennene i samarbeidskommunane treng å samordne budsjettprosessane saman med desse leiarane tidleg for å sikre felles forståing og føringar. Fylkesmannen har gitt Kr 750 000 (50 %) tilskot til stilling for voldskoordinator over 2 år, 2018 og 2019. Ørsta er vertskommune og er i gang med rekruttering til stillinga. Etter barnevernslova er det krav om å ha beredsskapsordning med barnevernsvakt. Fylkesmannen har gitt skjønsmidlar til ei oppstartordning. Organisering er under utgreiing.

2.2 MÅLKART

Malen for mål er bygt opp slik at den er integrert både i budsjett, tertialrapportering og årsrapportering.

Felles målkart for kommunen

Det vert etablert eit felles målkart for kvart av dei 4 fokusområda **omdøme, medarbeidar, tenester og økonomi**. Kommunen brukar verktyet 10-faktor for arbeidsmiljøundersøking/utvikling. Undersøkinga vart gjennomført i 2017 og skal gjennomførast på nytt hausten 2018.

Alle delar av organisasjonen skal følgje opp med handlingsplanar og tiltak frå undersøkinga i 2017.

Dette er vist under for kommunen samla og vidare for den enkelte sektor:

MÅL 2019 VOLDA KOMMUNE		
OMDØME		
Mål	Resultat	Kommentar
Volda kommune skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar		
Brukarane skal oppleve å vere tilfredse med tenestene.		
MEDARBEIDAR		
Mål	Resultat	Kommentar
Oppgavemotivasjon: motivasjon for selve oppgavene (fagbegrep: indre motivasjon)		
Mestringstro: tiltro til egen jobbkompetanse		
Selvstendighet: opplevd tillit og mulighet til å jobbe selvstendig (fagbegrep: autonomi)		
Bruk av kompetanse: opplevd bruk av egen kompetanse (fagbegrep: kompetanseemobilisering)		
Mestringsorientert ledelse: ledelse med vekt på å gjøre medarbeiderne best mulig ut fra sine forutsetninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Rolleklarhet: tydelig kommuniserte forventninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Relevant kompetanseutvikling: opplevd mulighet for utvikling av relevant formal- og realkompetanse		

MÅL 2019 VOLDA KOMMUNE		
Mål	Resultat	Kommentar
Fleksibilitetsvilje: villighet til å være fleksibel på jobb		
Mestringsklima: opplevd kultur for å samarbeide og gjøre hverandre gode		
Nytteorientert motivasjon: ønske om å bidra til andres måloppnåelse (fagbegrep: prososial motivasjon)		
Nærveret skal aukast i høve til 2017		
TENESTER		
Mål	Resultat	Kommentar
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
ØKONOMI		
Mål	Resultat	Kommentar
Resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i høve til totale inntekter)		

Sektorleirane vert utover det overordna målkartet utfordra på måleindikatorar for den enkelte sektor. Måla skal vere målbare, og ein må skilje mellom mål og aktivitetar/tiltak.

Målet for resultatgrad er anbefalt av Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi. Investeringstakta og renteauken som er lagt opp til økonomiplanen vil gjere denne målsettinga urealistisk dei komande åra.

Nokre av måla krev evt innbyggjar-, medarbeidar- og brukarundersøking. Slike undersøkingar vert å avklare i samband med årshjulet og budsjettprosessen.

2.3 BUDSJETTRAMMER

Statsbudsjett for 2019 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent
Løn	3,0 %
Prisvekst	3,0 %

Lønsutgifter utgjer 2/3 av driftsbudsjettet for kommunesektoren. Det er forventa at lønsutgiftene til kommunesektoren vert auka med 3,0 %. Dette er også innarbeidd i budsjettet til Volda kommune. Lønnsveksten er ikkje fordelt ut på sektornivå, men avsett som sentral pott. Når resultat av lønnsforhandlingane er klare vil dei verte fordelt ut basert på resultat.

Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisauke på varer og tenester som flat indikator. Det er likevel lagt inn ein vekst i budsjettet på driftskontoar det over år har vore negative avvik mellom rekneskap og budsjett. Dette gjeld serviceavtalar, datakommunikasjon, bilkostnadar m.m.

Tabellen under viser utvikling frå rekneskapen 2017 til budsjetttrammene frå 2018 – 2022 for kvar sektor, fordelt på utgift og inntekt (bruttorammer):

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	1 948 074	2 234 642	2 155 426	2 155 426	2 155 426	2 155 426
Inntekter	-9 911	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 938 003	2 168 658	2 089 442	2 089 442	2 089 442	2 089 442
Utgifter	3 660 879	2 135 979	2 087 448	2 087 448	2 087 448	2 087 448
Inntekter	-2 179 827	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705	-876 705
Samfunn og rådgjeving	1 480 331	1 259 274	1 210 743	1 210 743	1 210 743	1 210 743
Utgifter	29 089 831	20 450 768	20 416 075	20 416 075	20 416 075	20 416 075
Inntekter	-14 492 288	-1 677 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424
Personal og organisasjon	14 595 832	18 773 344	18 938 651	18 938 651	18 938 651	18 938 651
Utgifter	8 413 735	8 198 573	7 506 952	7 506 952	7 506 952	7 506 952
Inntekter	-2 504 906	-1 773 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757
Økonomi	5 907 721	6 424 816	5 483 195	5 483 195	5 483 195	5 483 195
Utgifter	9 759 050	9 767 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312
Inntekter	-486 153	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	9 272 897	9 467 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312
Utgifter	267 213 894	255 808 741	255 484 970	255 284 970	255 284 970	255 284 970
Inntekter	-60 391 362	-47 594 109	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648
Opplæring og oppvekst	206 802 041	208 214 632	220 360 322	220 160 322	220 160 322	220 160 322
Utgifter	269 186 453	247 067 416	263 788 977	263 627 977	263 627 977	263 627 977
Inntekter	-78 835 996	-59 571 203	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032
Helse og omsorg	190 331 155	187 496 213	201 451 945	201 290 945	201 290 945	201 290 945

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	14 605 536	13 712 550	13 409 623	15 209 623	14 742 623	14 742 623
Inntekter	-4 173 621	-2 260 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395
Kultur og service	10 429 987	11 452 155	11 219 228	13 019 228	12 552 228	12 552 228
Utgifter	3 343 460	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Inntekter	-149 076	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	3 190 789	3 057 822	3 227 001	3 227 001	3 227 001	3 227 001
Utgifter	78 310 274	75 441 086	74 724 285	74 724 285	74 724 285	74 724 285
Inntekter	-39 755 185	-39 217 269	-35 840 175	-35 840 175	-34 840 175	-34 840 175
Teknisk	38 555 089	36 223 817	38 884 110	38 884 110	39 884 110	39 884 110
Utgifter	27 210 512	23 923 469	21 817 733	21 817 733	21 817 733	21 817 733
Inntekter	-27 210 504	-23 923 469	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733
Sjølvkosttenester	-401	0	0	0	0	0
Utgifter	10 151 721	9 990 485	10 216 548	10 216 548	10 216 548	10 216 548
Inntekter	-4 185 950	-2 984 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704
Utvikling	5 964 217	7 005 781	7 081 844	7 081 844	7 081 844	7 081 844
Utgifter	100 768 046	97 254 857	99 859 528	99 859 528	99 859 528	99 859 528
Inntekter	-100 768 045	-97 254 857	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528	-99 859 528
Barneverntenesta (vertsk.)	-42 667	0	0	0	0	0
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Utgifter	69 552 195	42 024 750	97 255 797	44 907 967	43 007 967	43 007 967
Inntekter	-58 076 764	-45 930 280	-48 618 831	-48 618 831	-48 618 831	-77 618 831
Fellestenester	11 475 431	-3 905 530	48 636 966	-3 710 864	-5 610 864	-34 610 864

Detaljert informasjon om endring i rammer kjem fram i omtalen under kvar sektor.

2.4 HELSE OG OMSORGSEKTOREN

Sektor for helse og omsorg omfattar førebygging, rehabilitering og legeteneste, sjukeheim, heimeteneste til heimebuande og i omsorgsbustad, tre dagsenter for ulike brukargrupper, rus- og psykisk helseteneste og avlastningstilbod for barn og unge.

Visjon for sektoren

Tillit, tryggleik og trivsel for brukarar, pårørande og medarbeidrarar.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Helse- og omsorgstenestene skal bidra til at den enkelte i størst mogleg grad blir i stand til å ta vare på seg sjølv. Førebyggande, behandlende og rehabiliterande tenester skal bli gitt gjennom eit heilskapleg og tverrfagleg samarbeid tilpassa kvar einskild.	➤ Gode dagtilbod ➤ Førebyggande heimebesøk ➤ Folkehelsearbeid ➤ Frisklivsarbeid ➤ Kvardags-rehabilitering som integrert del av tenestene ➤ Frivilligearbeid	➤ Brukarane har ein aktiv og meiningsfull kvardag
➤ Helse- og omsorgstenestene skal bidra til at kvar enkelt skal kunne få bu i eigen heim så lenge som mogeleg.	➤ Fleire undersøkingar syner at det å kunne bu heime så lenge som mogeleg blir oppfatta av mange eldre som ein viktig bidragsytar til god livskvalitet.	➤ Gjere velferds-teknologiske løysingar tilgjengelege for flest mogleg av brukarane ➤ Brukarane og pårørande opplever ein tryggare kvardag
➤ Helse- og omsorgssektoren skal sikre god rekruttering av fagkompetanse.	➤ God rekruttering av fagkompetanse vil vere god omdømebygging.	➤ Sterk vekst i tal eldre og generelt betra levestandard vil truleg medføre krav om auke i standard på helse og omsorgstenester ➤ Det er truleg at lønsnivået for tilsett i HO sektoren må hevast i høve andre yrkesgrupper, for å sikre bærekraft (St.meld 29/nasjonal probl.stilling)
➤ Helse og omsorgssektoren skal	➤ Fastlegetenesten og legevakt er den	➤ Ein må sjå på organisering av

<p>planlegge og organisere legetenesten slik at innbyggjarane får naudsynt behandling av god kvalitet og opplever tenesten som ein integrert del av helse og omsorgstenesten i kommunen</p>	<p>delen av helse og omsorgstenesten i ei kommune som flest innbyggjarar nyttar. Det er også ein viktig samarbeidspart for at vi finn rett teneste til rett tid for den delen av innbyggjarane som har eit meir omfattande tenestebbehov</p>	<p>legevaka og planlegge for framtidig behov i fastlegetenesten.</p>
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgstenestene skal gje rett teneste til rett tid 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ God pasientflyt 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Til ei kvar tid ta imot uskrivingsklare pasientar ➤ Nutte ØH-plassane i tråd med statleg utrekna måltal for kommunen og integrere nye kommunale ØH-oppdrag i etablert tilbod. ➤ Gode målmetodar for rett ressursbruk i heimebasert omsorg, der ansikt til ansikt-tid, transporttid og anna tid kan synleggjera
<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgssektoren skal ha auka fokus på brukarmedverknad 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Brukarar av helse- og omsorgstenester skal ha rett til å medverke i utforminga av tenestetilbodet 	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Helse- og omsorgstenestene har plikt til å involvere brukarane.

Utfordringar 2019 - 2022

1. Utviding med fleire dobbeltrom for å kunne auke kapasiteten ved kortidsavdelinga.
2. Finansiering av bemanning i Myravegen 35 og Doktorhaugen er avgjerande for forsvarleg drift.
3. Styrking av heimebaserte tenester.
4. Redusere tal døgnbemanna omsorgsbustader og flytte ressursar for å styrke heimebaserte tenester, Klokkarstova og rehabiliteringskapasitet.
5. Pasientflyt og god velferdsteknologiutbygging.
6. Utviding/ ombygging av Volda legesenter for å dekkje arealbehov.

7. Utvikling av legevakta. Legevakta har i dag ei organisering som gir utilfredsstillende kvalitet i tilbodet til innbyggjarane og därlege arbeidstilhøve for legane. Legevakta er kritisk for liv og helse, og ei god legevakt gir ein betre pasientflyt.
8. Tilstrebe heiltidskultur.
9. Særskild tilrettelagde bustader til eldre med samansette behov, utviding av areal til hjelphemiddelager og garasje/ carport til tenestebilar.
10. Utvikle kvalifiseringsarena og varig tilrettelagte arbeidsplassar i kommunen.
11. Lovforslag om at alle kommunar innan 2020 skal ha psykologstilling knytt til helse- og omsorgstenestene.

Økonomiske rammer 2019 – 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	269 186 453	247 067 416	263 788 977	263 627 977	263 627 977	263 627 977
Inntekter	-78 835 996	-59 571 203	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032	-62 337 032
Helse og omsorg	190 331 155	187 496 213	201 451 945	201 290 945	201 290 945	201 290 945

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	7 511 680	7 511 680	7 511 680	7 511 680
Driftsutgifter og - inntekter, tilpassa rekneskap	3 868 052	3 868 052	3 868 052	3 868 052
Gnisten, husleige	156 000	156 000	156 000	156 000
Ny fastlege	250 000	250 000	250 000	250 000
Doktorhaugen 2,86 årsverk	2 009 000	2 009 000	2 009 000	2 009 000
Utredning Felles legevaksentral med Ørsta	161 000			

Årsverk

Ansvar	2019
Hamna dagsenter	14,15
Avlastning born og unge/Barnebustadar	8,42
Helsesjef	1,9
Sjefs-fysioterapeut	2,8
Kommune-ergoterapeut	2,0
Interkommunal nattlegevaktordning	0,3
Legetenesta, kommunal del (frå 2014)	3,1
Legetenesta, privatpraktiserande del (frå 2014)	7,4
Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta	1,0
Pleie- og omsorgsleiar	15,0
Hasletunet/Seljetunet	15,83
Piletunet/Kleppetunet	19

Ansvar	2019
Ottastova/Karvestova	15,0
Kapteinstova/Klokkarstova	20,9
Dagavdelinga	3,4
Leiar sone 1	25,26
Barstadtun	19,5
Fjordsyn	16,0
Mork bustadar	9,3
Kleppevegen	10,75
Bømarka	12,64
Severinhaugen	17,99
Utetenester, rus og psykisk helse	9,8
Gnisten dagsenter	3,0
Døgntilbod psykisk helse	9,6
Myravegen 35	5,3
Kjøkenavdelinga	5,63
Driftsavdelinga	3,75
Stab og tildeling	7,75
Helse og omsorg	286

Kommentarar til tiltak frå helse- og omsorgssektoren:

Straks over nyttår vert dei nye omsorgsbustadane på Doktorhaugen klare for innflytting. Ein planlegg å drage noko nytte av eksisterande bemanning både på Sevrinshaugen 1 og på Bømarka til dei nye bustadane, men ein har lagt inn nyttiltak på oppretting av 2,86 årsverk i tillegg. Det er også lagt inn eit tiltak på avsetting av ein 15% stillingsressurs som er tenkt skal supplerast av Ørsta kommune med tilsvarande, til ei prosjektstilling for utredning av felles legevaktcentral for dei to kommunane. Akuttmedisinforskrifta har lagt føringar som kommunane i dag ikkje stettar, men som det vil vere naudsynt å samarbeide om for å vere robuste nok. Helseføretaket si utlysinga av ny ambulansestasjon i Furene/ Hovdebygda området, gjer det aktuelt å tenkje nyttiltak knytt til legevaktcentral. Det vil kome eige sak om dette.

Gjennom ein lang prosess har ein no lagt fram ei sak om etablering av ein ny fastlegeheimel. Om denne no vert politisk godkjent, er fastlegane innstilt på ei midlertidig løysing med deling av kontor og noko forflytting, men legesenteret treng ombygging og utviding for å stette behova for ei framtidig oppegående legeteneste. Oppgåveflyttinga frå spesialisthelseteneste til fastlegane har endra mykje kvardagen til fastlegane, både i høve arbeidsmengd og type oppdrag.

For å møte nye og framtidige behov for ei effektiv helse- og omsorgsteneste. Ein vesentleg faktor er å legge til rette for at folk skal kunne bu heime lengst mogleg, men også flytte heim raskast mogleg om noko har skjedd. Dette krev mellom anna ei god og rett dimensjonert hjelphemiddeleneste med eit variert hjelphemiddellager for utlån. Det er viktig å gjere grep for

å få dette på plass. Eksisterande hjelpemiddellager var planlagt for ei anna tid, lenge før samhandlingsreforma begynte å legge føringar for kommunens oppgåver.

Aktiviteten ved omsorgssenteret har endra seg mykje sidan 2004, då bygget var nytt. Det er sterkt press på kontorfasilitetar, mange delar kontor, mange av kontordelingsløysingane er ikkje gode. Fjerde etg på omsorgssenteret er no utreda for ombygging til kontor av eigedomsavdelinga, sektoren ynskjer sterkt dette vert prioritert..

Helse- og omsorg har sterkt fokus på effektiv utnytting av personalressursar. Alle tiltak som frigjer utnytting av personalressurs til direkte tenesteproduksjon har fokus. Bruk av digitale og teknologiske hjelpemiddel er viktig og ei sentral satsing, andre tiltak kan vere nok tenestebilar til å få tilsette ut, garasjeanlegg/ carport for å frigjere tid vinterhalvåret ved å sleppe isskraping/ snømåking av tenestebilar. Bruk av ny teknologi gir og nye driftutgifter, det gjer også utviding av bilparken/ leasing, garasje er reint investeringsprosjekt.

Til slutt ein vesentleg faktor knytt til kompetansebygging og rekruttering. Vi opplever det stadig meir utfordrande å rekruttere sjukepleiekompetanse. Med alle nye oppgåver kommunehelsetenesta har ansvar for, må vi ha god fagkompetanse for å løyse desse utfordringane. Eiga sak vil bli lagt fram med forslag til ny rekrutteringsstrategi på sjukepleiarar.

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
OMDØME		
SATSINGAR 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
God rekruttering av fagkompetanse		Særskild gjeld dette rekruttering av sjukepleiefagleg kompetanse.
Fokus på leiarkompetanse		Helse- og omsorgssektoren skal ha tydelege og endringsdyktige leiatar. Godt leiarskap skal dyrkast for å nå krav og mål som ligg til sektoren. Leiarane har god kunnskap om budsjett og rekneskap.
TENESTER		
SATSINGAR 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
Utnytting av moderne velferdsteknologi.		Dette er eit mykje omtala tema i nasjonal samanheng. Helsedirektoratet har vore tydelege overfor kommunane på denne satsinga i fleire år. Velferdsteknologi må verte ein

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG

		integrert del av kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette er ei stor og viktig tenesteovergripande satsing i kommunen der prosjektleiarstilling er avgjerande for å lukkast.
Omorganisering av nattevaktsressursane i sektoren.		Det er sårbart med berre ein person på natt i ambulerande heimeteneste. Det er difor iverksett arbeid med omorganisere dei eksisterande nattressursane på ein betre og meir effektiv måte.
Nye krav til legevakt		Prosjektrapport på ei samordna legevaktsteneste for sjusternekommunane er levert, men endeleg løysing er ikkje landa. Administrasjonen tilrår at Volda kommune skal samarbeide med Ørsta kommune om legevakt og at planlegging av dette skal skje første halvår 2019 (ILK). Økonomiske konsekvensar for ny ordning er ikkje berekna no, men dette må bakast inn i budsjettet når det er klart.
Finansiering av bemanning i Myravegen 35 og Doktorhaugen		Dette vil vere avgjerande for å sikre forsvarleg drift. Kommunen pliktar å tilby bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heimen. Dei nye og avanserte bustadane for pasientar med tyngre pleiebehov i Myravegen er etablert og har behov for bemanning. Arbeidet
Styrking av heimebaserte, rehabiliterende og førebyggjande tenester		Arbeidet med dreiling av tenester mellom tenesteområda må halde fram

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Særskild tilrettelagde bustader til eldre med samansette behov		Kommunen manglar bustadar knytt til brukarar som har spesielle behov for tilrettelagt bustad pga sjukdom med fleire diagnoser innan geriatri som td. demens og psykiatri. Dette er brukarar som ikkje passer inn i ordinære omsorgsbustadar eller sjukeheim, og som har behov for tilrettelagt skjerming.
Utvide kontorkapasiteten ved Volda omsorgssenter		Omsorgsenter har stort areal i øvste etasje som ikkje er realisert. Etablering av til dømes kontor landskap vil kunne legge til rette for større personalbasar og kontor i hovudetasjen.
Utviding av Volda legesenter for dekkje framtidig behov.		Legesenteret har behov for oppgradering og utviding. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus får kommunalt tilbod i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen skal ikkje betale for liggedøgn på sjukehus. Vurdering av kapasiteten på kortidsavdelinga.		Kommunen har etablert system og rutiner som sikrar optimal utnytting av tverrfaglege fagressursar knytt til kortidsavdelinga. Tildelingskontoret si rolle og mandat på utnytting av tilgjengelege plassar er godt innarbeidd i sektoren.
Ombygging av sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter		Det er i skissert behov for å renovere-/bygge om sentralkjøkkenet.
MEDARBEIDAR		
Nærvar på 91 %		

SATSINGAR 2019 HELSE OG OMSORG		
ØKONOMI		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle tilsette i helse- og omsorgstenestene skal ha høve til å delta på kompetansehevande tiltak.		Det skal vere tilbod om kompetanseheving for alle tilsette, enten det er interne eller eksterne kurs, grunn- eller vidareutdanning.
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine i høve månadleg rapportering skal fortsette med enda meir tilpassa opplæring i høve økonomistyring. Einingsleiarane har etablert kunnskap om budsjett og rekneskap og skal etablere og handheve interne rutinar/ system for betre styring av variabel løn.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.		Brukarmedverknad er ein lovfesta rett og gode system på dette er eit virkemiddel for å forbetra og kvalitetssikre tenestene.

2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN

Sektoren omfattar servicekontor med politisk sekretariat, gjennomføring av kommune-, fylkestings-, sametings- og stortingsval, arkiv, dokumentforvaltning og indre tenester, kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb. I tillegg har servicekontoret ansvar for sakshandsaming som er lagt i frontlinja, som t.d. skjenkesaker.

Tenestene i sektoren har eitt fellestrekke: Dei yter i stor grad publikumsretta tenester, kulturavdelinga ved å gje gode kulturtildelningar til innbyggjarane og servicekontoret ved å gje god informasjon om alle dei ulike tenestetildelbara kommunen har å by på. Sektoren yter også tenester til dei politiske utvala gjennom for- under og etterbehandling i tilknyting til politiske møte, og den har ei sentral rolle i handteringa av dokumentasjon.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda.	➤ Bygge eit framtidssikr servicekontor med fokus på digitalisering og forenkla tenester for publikum.	➤ Aktiv frivillig sektor
➤ Fokus på barn og unge og legge til rette for positive opplevelingar og deltaking innan ulike arenaer og aktivitetar i kommunen.	➤ Effektiv dokumentforvaltning og sikring av arkivverdig dokumentasjon for nåtid og framtid	➤ Handheve kommunen sin ruspolitikk i tråd med god førebygging og streng oppfølging av brot på alkohollova.

Utfordringar

- Ungdomsklubben står p.t. utan eigne lokala, men det blir arbeidd med ei mellombels løysing i påvente av vedtak om bygging av lokale til ungdomsklubben som ein del av eit kulturhus.
- Eit viktig satsingsfelt for frivilligsentralen er arbeidet mot utanforskap og tiltak som reduserer verknaden av barnefattigdom, t.d. gjennom sommaraktivitetane som blir arrangert med barnefamiliar som målgruppe og etablering av utlånssentral. Utlånssentralen er eit samarbeid med fleire aktørar i kommunen, t.d. Styrk. Frivilligsentralen har ei sentral rolle i å formidle kunnskap om moglege stønadssituasjonar og medverke til å styrke kompetansen til dei frivillige innan styrearbeid og andre område som kan styrke organisasjonslivet i kommunen.
- Biblioteket satsar vidare på tradisjonelle bibliotek-tenester, men også å vidareutvikle samarbeidet med andre delar av kulturavdelinga: t.d. Lån ein Volding, tilbod om kurs i bruk av PC og nettbrett, arrangement retta mot ungdom og debattkveldar med ulike tema.
- Kinoen vil arbeide for å gje eit godt og variert kinotilbod til innbyggjarane, og er eit viktig lågterskelttilbod i kommunen.

Utfordringar Nye Volda:

- Kommune- og fylkestingsval 2019: Gjennomføring av valet i 2019 er den første oppgåva Nye Volda kommune skal gjennomføre som ny kommune. Valet skal gjennomførast som om grensendringane alt har funne stad. Det er ei overordna målsetting at valdeltakinga skal vere god og at det blir lagt godt til rette for auka deltaking.
- Avslutning, ordning og avlevering av arkivmateriale: Dokumentasjonen som den nye kommunen treng i si framtidige sakshandsaming og som dokumentasjon på vedtak som er gjort, er arkivert i sak-/arkivsystemet og i fagsystema. Kommunale arkiv inneholder også store mengder viktig rettighetsdokumentasjon og historisk dokumentasjon, som det er viktig å ha god oversikt over. I samanslåingsporsessen fram mot nye Volda kommune skal alle arkiv (digitale, papirbaserte, fagsystem etc) kartleggast og avsluttast fra nåverande kommunar avsluttast og bevaringsverdige arkiv skal avleverast til depot, samtidig som dei skal gjerast tilgjengelege for oppslag i den nye kommunen. Kommunen har eit stort ordningsetterslep på eldre arkivmateriale. Dette er ressurskrevjande – både med tanke på personalressursar og økonomi.
- Parallelt med at den gamle arkivorganisasjonen blir avslutta, skal det byggast opp nye arkiv og ny arkivfunksjon for den nye kommunen, felles rutinar skal utarbeidast og møtesekretariat for dei politiske utvala skal etablerast.
- Hausten 2018 blei det i samarbeid med SSIKT inngått kontrakt med Acos om kjøp av ny sak-arkiv-løysing, som skal vere klar til bruk 1.6.2019. Ny sak-arkivløysing har ei svært sentral rolle i system- og verksemdarkitekturen fordi løysinga skal understøtte kommunen sine kjerneprosessar innan administrativ og politisk saksbehandling og arkiv. Prosessen med innføring og opplæring i det nye sak-arkiv-systemet vil krevje mykje ressursar, og det vil bli lagt vekt på integrasjon fra andre fagsystem med arkivverdig dokumentasjon, ei forbetra arbeidsflate for sakshandsamarane og ein best mogleg og mest effektiv bruk av sak-arkivsystemet. Hornindal kommune skal koblast på denne løysinga 1.1.2020.
- I 2018 inngjekk Volda kommune og Hornindal kommune ein avtale om vertskommunesamarbeid for biblioteka, dette samarbeidet vil også halde fram i 2019, mellom anna med å etablere ein felles bibliotekkatalog.

Økonomiske rammer 2019 – 2022:

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	14 605 536	13 712 550	13 409 623	15 209 623	14 742 623	14 742 623
Inntekter	-4 173 621	-2 260 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395	-2 190 395
Kultur og service	10 429 987	11 452 155	11 219 228	13 019 228	12 552 228	12 552 228

Tiltak	År	År	År	År
	2019	2020	2021	2022
Lønnsvekst	13 533	13 533	13 533	13 533
Husleige Volda Campus Arena (idrettshall)		1 800 000	1 800 000	1 800 000
Vidareføring innsparingstiltak 2018, reduksjon utgifter	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Reduksjon porto m.m	-213 460	-213 460	-213 460	-213 460

Årsak til låg lønnsvekst kjem av at vi no har felles sentralbord med Vanylven. I økonomiplanen i fjor vart dette tiltaket lagt inn med reduksjon i løn, gjeldande frå 2019.

Kommunen sitt engasjement i Volda Campus Arena vert lagt fram som eiga sak.

ÅRSVERK	ÅR 2018	ÅR 2019
Sektor for kultur og service	12,80	11,43

SATSINGAR 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
OMDØMME		
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda. Fulltekstpublisering av dokument frå postlista på heimesida.		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og web. God og oppdatert informasjon til tilsette via intranett
Auke antal journalførte dokument i sak/arkivsystemet pr år		Intensivere opplæring av tilsette i sak-/arkivsystemet, forbetra rutinene, og gjere best mogleg bruk av dei ulike funksjonane i systemet. Betre opplæring og større bevisstheit rundt kva som skal journalførast og regelverket knytt til dette.
Ingen negativ omtale av sektoren i media.		

MEDARBEIDAR		
Arbeide vidare med handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		
TENESTER		
Nytte midlane som er sett av til drift av ungdomsklubben til tiltak retta mot ulike ungdomsgrupper		Enten gjennom vidare drift av ungdomsklubben i mellombelse lokaler eller ved konkrete tiltak retta mot ungdom
Arrangere debattmøter i biblioteket		
Halde fram arbeidet med å etablere felles politisk sekretariat og arkivteneste med Hornindal kommune (rutinar, arkivplan mm)		
Klargjere 50 hylrometer med eldre arkivmateriale for avlevering til depot		
Gje ei god og grundig opplæring i det nye sak-arkivsystemet, slik at det blir eit godt reiskap for sakshandsamarar og leiarar i deira daglege arbeid.		
Betre service til publikum via heimesida og integrasjon mot nytt sak-arkivsystem		Forbetra skjemaløysing og fulltekstpublisering av dokument frå postlista til heimesida.
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 12000.		
ØKONOMI		
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.6 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN

Opplæring- og oppvekstsektoren omfattar tenesteområda svangerskapsomsorg, helsestasjon- og skulehelseteneste, barnehage, grunnskule, læringsenteret med vaksenopplæring og introduksjonsprogrammet for flyktningar. PPT er organisert under Ulstein som vertskommune.

Visjon for sektoren:

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Tidleg innsats skal vere eit grunnleggande prinsipp. Sektoren skal arbeide førebyggande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.	➤ I samarbeid med heimane arbeide for at alle barn og unge skal ha like mogelegheiter til å utvikle evnene sine og bidra til at barn, unge og vaksne opplever motivasjon for og glede over eiga meistring og læring i det daglege.	➤ Sektoren skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdighetsutvikling har fokus. Barn, unge og vaksne skal møte godt kvalifiserte tilsette som evnar å sjå kvar einskild og møte deira behov.
➤ Helsestasjon og skulehelsetenesta skal fremje god psykisk, fysisk og sosial helse hos barn og unge, samt førebygge sjukdom, skade og lyte.	➤ Sikre naudsynt digital infrastruktur og IKT-utstyr og – system som motiverer til læring, sikrar utvikling av barn og unge sine digitale ferdigheter i barnehage og skule, og som fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette i sektoren.	➤ Styrke det ordinære tilbodet og vri ressursbruken over frå støttetiltak og spesialundervisning for at fleire barn og elevar skal få tilbodet sitt i fellesskap med andre og få utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet.

Utfordringar

- Tidleg og tverrfagleg innsats for å sikre at flyktningar vert integrert gjennom det kommunale tenesteløpet vert i stand til å gjennomføre utdanning og kjem seg ut i arbeidsmarknaden.
- Stor pågang av foreldre, skuleborn, ungdom og unge vaksne som ber om hjelp relatert til psykisk helse.
- Oppgradering av det fysiske arbeidsmiljøet i dei kommunale barnehagane i sentrum og Folkestad.
- Arbeidsplassar til pedagogar i barnehagane.
- Oppgradere uteområda i barnehagane, slik at desse er tilpassa og eigna til dei ulike aldersgruppene.
- Sikre god grunnressurs i helsestasjonen, barnehagen og skulen.
- Oppgradere det fysiske arbeidsmiljøet på helsestasjonen. Det er mellom anna lytt mellom kontora, noko som gir risiko for brot på teieplikt.
- Rehabilitere Volda ungdomsskule
- Kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, inkludert opplæringsbasseng.
- Ressursar til kompetanseheving.
- Styrke den tverrfaglege samhandlinga.

Økonomiske rammer 2019 – 2022:

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	267 213 894	255 808 741	255 484 970	255 284 970	255 284 970	255 284 970
Inntekter	-60 391 362	-47 594 109	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648	-35 124 648
Opplæring og oppvekst	206 802 041	208 214 632	220 360 322	220 160 322	220 160 322	220 160 322

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	4 953 317	4 953 317	4 953 317	4 953 317
Driftsutgifter og -inntekter, tilpassa rekneskap	2 382 373	2 382 373	2 382 373	2 382 373
Vaksenopplæring og introduksjonsprogram (reduksjon inntekt og utgift)	4 200 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000
Helsesøster, styrka ressurs til barnehage og skule	450 000	450 000	450 000	450 000
Leirskule	300 000	300 000	300 000	300 000

Jfr vedteken kvalitetsplan for sektoren og eige punkt der som gjeld utvikling av tenestene, er varig styrking av helsesøsterressurs lagt inn som forslag til nytt tiltak.

Det vert vidare lagt inn forslag om samordningar innan skuledrifta.

I samband med deltaking i den nye regionale PP-tenesta, vart det gjort vedtak om at Volda i perioden 01.07.17 – 31.07.19 skal dekke 0,5 stilling i tillegg til grunnressursen. Dette vert lagt sinn som eit tiltak med 7/12-effekt i 2019.

Ved hjelp at prosjektmidlar og styrkingsmidlar er helsestasjonen nær det som er tilrådd bemanningsnorm. Denne mellombelte styrkinga fører samstundes til ein uføreseieleg arbeidssituasjon og gir utfordringar i planlegging av aktiviteten frå år til år med omsyn til tilgang på personell og fordeling av arbeidsoppgåver.

Det er eit mål at helsestasjonstilbodet i Dalsfjorden skal oppretthaldast. Det vert gjennomført helsekontrollar. Helsestasjonen har ikkje kapasitet til vaksinering eller oppfølging av lege.

Stortinget har vedteke ny bemanningsnorm og ei skjerping av pedagognorma i barnehagar. Bemanningsnorma stiller krav om minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år. Skjerpa pedagognorm inneber minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Pedagognorma skal vere innfridd per 1. august 2018, medan bemanningsnorma skal vere innfridd innan 1. august 2019.

Norma er ikkje innretta slik at den tek omsyn til planleggingstid og anna arbeid for personalet som ikkje er direkte knytt til borna. Det tyder at vaksen tettleiken er ikkje like høg gjennom heile barnehagedagen.

Innafor barnehagedrifta har auka barnetal i Lauvstad og Mork barnehagar gjort det naudsynt å auke bemanninga for å stette normkrava. Innanfor spes.ped.tiltak i førskule utfører kommunen sine eigne spesialpedagogar denne tenesta. Dette kjem til syne som auke i personalressursen innanfor denne tenesta. Samstundes er utgifter til kjøp av denne tenesta redusert. Fleire born med særskilde behov har byrja i barnehagen det siste året, og det har auka behovet for ressursar til særskilte tiltak.

Innan grunnskulledrifta er det også vedteke norm for lærartettleik på skulenivå.

Frå hausten 2018 skal forholdet mellom elevtimar og lærartimar på skulenivå vere slik at det tilsvrar 1 lærar per 16 elevar i 1.-4. klasse og 1 lærar per 21 elevar i 5.-10. klasse. Frå hausten 2019 skal forholdet vere slik at det tilsvrar 1 lærar per 15 elevar i 1.-4. klasse og 1 lærar per 20 elevar i 5.-10. klasse.

Regjeringa har foreslått å lovfeste ei plikt for kommunen til å tilby alle elevar leirskule eller annan tur med overnatting. Det er venta at kravet til omfang av turen vert sett til tre overnattingar. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at kommunane er kompensert for kostnaden.

Volda kommune har dei ti siste åra ikkje hatt leirskuletilbod eller annan liknande tur. Lovfestig tur med minst tre overnattingar vil gje grunnskulen eit utgiftsauke det ikkje er budsjettert med.

På skular med store klasser, har ein valt å prioritere to kontaktlærarar. Tiltaket krev ein lærartime per veke pr kontaktlærar i tillegg til eit kronetillegg. Lærartimen har skulane prioritert innan den samla tildelinga av lærartimar, medan kronetillegget må hentast frå

driftsbudsjettet til den enkelte skule. To kontaktlærarar i dei største klassene vurderer skulane som eit viktig og formålstenleg tiltak, men det gjer også at driftsbudsjettet til skulane vert utarma.

Årsverk

Ansvar	2019
Skulesjef	4,0
Skulesjef - logoped	1,0
Rektor Volda ungdomsskule	45,2
Rektor Austefjord skule	4,1
Rektor Folkestad skule	11,2
Rektor Dalsfjord skule	11,4
Rektor Mork skule	12,1
Rektor Øyra skule	47,5
Rektor Bratteberg skule	30,6
Rektor Vikebygda skule	9,6
Rektor vaksenopplæringssenteret	18,4
Rektor kulturskulen	6,0
Barnehage	6,7
Styrar Sollia barnehage	13,3
Engeset barnehage	13,2
Mork barnehage	13,6
Austefjord barnehage	2,3
Folkestad barnehage	4,2
Lauvstad barnehage	7,6
Oppigarden barnehage	13,1
Leiande helsesøster	9,9
Kommune-jordmor	1,0
Opplæring og oppvekst	286

BUDSJETT 2019 – MÅLKART

MÅL 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
Helsestasjonen skal gjennom ei strukturendring frå meir over frå individretta samtalar til grupperetta tiltak. Målet er å kunne gjennomføre: <ul style="list-style-type: none"> ✓ 2 skilsmisseggrupper ✓ 6 jentegrupper 		Langsiktig mål: Gjennomføre skilsmisseggruppe på kvar skule.

MÅL 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
<ul style="list-style-type: none"> ✓ 2 gutegrupper ✓ 2 grupper for minoritetsungdom ✓ 2 Bra mat kurs for minoritetar ✓ 2 ICDP kurs a 3 språkgrupper ✓ 1 Mor-Barn gruppe for innvandrargar 		
«Jordmora heim» til 100% av dei nyfødde		Ei varig styrking av ressurs til jordmor vil sikre oppfølging av retningslinjene.
Styrke grunnbemanninga i skulehelsetenesta i tråd med helsedirektoratet si bemanningsnorm.		
Helsesøster og tilsette i barnehagane gjennomfører fellesmøter 2 ggr pr.år		<p>Langsiktig mål:</p> <p>Utarbeide plan for foreldreveiledning og styrking av barn og ungdom 0-16 år.</p>
Utarbeide plan for implementering av COS i samarbeid med helgestasjon, barnehage og skule.		
Vidareføre samhandling mellom helgestasjon og barnehage		Informasjonsbrosjyre om barnehagestart døme på slik samhandling
Utarbeide utviklingsplan for 2019-2020: plan for progresjon – 2 fagområder, jf rammeplan		Det er pålagt at progresjonsplan skal utarbeidast.
Gjennomføre tilsyn av barnehagar etter oppsett plan: dokumenttilsyn – årsplan		
Evaluere og vidareutvikle rutinane kring overgangar i heile utdanningsløpet frå barnehage til vid.oppl: <ul style="list-style-type: none"> ✓ brosjyre overgang barnehage-barneskule 		

MÅL 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
✓ plan for overgang barnehage-skule for barn med spesialpedagoogisk hjelp		
Innføre nettrett som pedagogisk verkty i barnehage og sikre naudsynt kompetanse mellom dei tilsette		
Ei styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet: ✓ vri ressursbruken frå det spesielle til det ordinære ✓ koordinator barnehage ✓ oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i barnehage ✓ erstatte avtalefesta plantid		Dersom det ordinære og tilpassa tilbodet gir utbyte for fleire barn, vil behovet for støttetiltak og spesialpedagoogisk hjelp bli mindre. Ei utfordring at overføringane frå staten ikkje tek høgde for å oppfylle bemanningsnorma i barnehage gj. heile barnehagedagen ved å kompensere for planleggingstid og andre oppgåver som ikkje er direkte relatert til borna
Utarbeide standard for innhald i SFO		
Tidleg oppdage barn og elevar som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		Det skal utarbeidast system/tiltak som skal sikre at rett tiltak vert sett inn på rett tidspunkt. Kartleggingar, ressursteamet og innsatsteam mot mobbing er døme på dette
Vidareutvikle den digitale kompetansen mellom dei tilsette i skulane		Både med omsyn til auka læringsutbyte for elevane, men også utnytte mogelegheitene dei digitale verktya gir til å gje tips og rettleiing til føresette om korleis følgje opp skullearbeidet

MÅL 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere på eller høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda vist gode resultat som det må vere eit mål å halde fram med.
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		For både enkeltindividua og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.
80 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.		Dette inkluderer også overgang til grunnskule
Alle busette einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Sjukefråværet skal vere lågare enn føregåande år. Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet.		
Implementere nye heimesider		

INVESTERINGSTILTAK

Investeringsprosjekt	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT-satsing oppvekst	750 000	750 000	750 000	750 000

IKT-satsing oppvekst:

Første del av den digitale satsinga i barnehage og skule er gjennomført. Vi er nær at barnehagane har ein iPad pr to barn i aldersgruppa 4 og 5 år. Alle elevar i 1. – 4. klasse har fått iPad som digitalt læringsverktøy læringsverktøy og alle elevar i 5. – 10. klasse eigne

chromebook. Det er naudsynt med tilstrekkelege investeringsmidlar til å halde barnehagane og skulane oppe på dette nivået.

2.7 TEKNISK SEKTOR

Teknisk sektor omfattar tenesteområda veg, vatn, avløp, brannvern, oppfølging av forureininglova (miljø) og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Sektoren har ansvar for både drift og anlegg. Det er store anleggs- og byggjeprosjekt som skal gjennomførast. Erfaringsvis har det vore budsjettert større volum av investeringar enn det sektoren har hatt kapasitet til å gjennomføre.

Teneste- og utviklingsmål		
<ul style="list-style-type: none">➤ Levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale sektorar og overordna mynde.➤ Det skal vere trygt å ferdast for alle trafikantar➤ God beredsskap mot uønska hendingar og for takle slike hendingar dersom dei oppstår	<ul style="list-style-type: none">➤ Arbeide for auka busetnad og næringsutvikling gjennom utbygging av infrastruktur➤ Planlegging og drift av tenestene med fokus på folkehelse➤ Bygningsmassen skal forvaltast slik at dei gir god kvalitet for brukarar og tilsette, samt ikkje fortaper sin verdi	<ul style="list-style-type: none">➤ Milepelsplan på tvers av sektorområda inkl regulering, grunnverver, prosjektering og utbygging under felles prosjekteiing➤ Sikre god og trygg vassforsyning➤ Velje arbeidsmåtar og teknologiske verkty som gir mest mogleg teneste ut av ressursane

Utfordringar 2019-2022

Det vert framleis ei utfordring med ingeniørkapasitet i teknisk sektor i 2019. Seks til sju store investeringar skal gjennomførast dei neste 2-3 åra; Renovering/ev nybygg Volda ungdomskule, Volda Campus Arena, flaumførebygging i Volda sentrum, reinseanlegg for Mork og sentrum, symjehall, kino/kulturhus og barnehageutbygging i sentrum. Teknisk sektor er ikkje bemanna til å gjennomføre alle desse prosjekta samstundes, og ein kombinasjon av nyttilsettingar og innleige vert naudsynt for å gjennomføre desse prosjekta. Dette gjer det nødvendig å planlegge prosjekta slik at ikkje alle kjem til same tid, og nokre infrastrukturprosjekt i gjeldande økonomiplan er skyvd eitt år ut i tid for å kunne følgje opp Volda Campus Arena og infrastruktur knytt til prosjektet. Sektoren har laga ei matrise for fordeling av kapasitet på utbyggingsprosjekta.

Kommunalteknisk:

For å prioritere Volda kommune sin eigedomsmasse med fokus på bygg, vart vedlikehald av kommunale uteområder i tilknyting til bygga, i 2014, overført til park og kyrkjegardsavdelinga. Der vart tilført ei 50% stilling i 2017 og 50% i 2018, men utan styrking av budsjettet. Avdelinga for park- og kyrkjegardsdrift er sprengd på kapasitet, og vi må prioritere mellom dei ulike park- og gravlundene. Vi rekk ikkje å halde alle grøntareal bedd og tred ved like med noverande budsjettramme og ressursar. Her må vi tenke utvikling og automatisering der vi kan for å rekkje over mest mogleg utan nye tilførte ressursar. Totalt har vi no 3 stillingar som er dedikert til park og kyrkjegardsdrift. Til samanlikning har Ørsta kommune, med mindre slåtteareal, 4 stk 100% stillingar til park- og kyrkjegardsdrift.

Vegdrift er ei utfordring i Volda kommune. Der er ei stadig aukande communal veglengd som må haldast ved like og oppgraderast. Vi tek over vegar frå fylkeskommunen og frå private utbyggjarar, i tillegg til dei vegane og byggefelta vi bygger sjølv. Med den økonomiske situasjon som Volda kommune står overfor dei kommande åra, er vi fortalt at det ikkje realistisk å auke løvvinga til veg. Difor tok vi i 2018 grep over investeringsbudsjettet, no kan vi drive meir effektivt og spare inn på ramma. Vi rekk framleis ikkje over alt naudsynt og forventa vedlikehald, særskilt då grøfterensk og kantklipping. Med fast dekke på alle kommunale vegareal sparar vi jamlege utrykningar for reparasjon av holer, og kan i 2019 prioritere meir tid til prosjekter inn mot innvestering eller sjølvkost.

Ein asfaltered veg er ikkje vedlikehaldsfri til evig tid. I snitt så held asfalt ein stad mellom 15 og 22 år, før reasfaltering/forsterking er påkrevd. Dette er arbeid som kan førast som investering, då vegen vert forsterka og levetida forlenga. Sjølv om vi har investert 1,6 millionar i forsterking av kommunale vegar kvart år dei siste ti åra, så greier vi ikkje å halde tritt med slitasje på vegnettet. Ein slik sum gir ein utskiftingstakt på 60 år på asfalerte areal, Volda kommune har såleis eit stort etterslep innanfor reasfaltering. Dobling av dette beløpet gjev 30 års utskifting. Forfall av asfalerte sentrumsgater genererer meir og meir driftsoppgåver, klagar og erstatningssaker frå publikum. Det vil etter kvart binde opp ei 100% stillingsressurs til slik sakshandsaming. Vi har 5,4 stillingar på veg, til å drifte 140 km med kommunale vegar i tillegg til parkeringsplassar og snuareal.

Fagarbeidarar i kommunalteknisk avdeling og sjølvkost, deltek i brøyteordning av fem brøyteroder ved Volda sentrum. Til det trengs minimum 10 mann pluss to reservar. Med ei totalbemanning på 15 fagarbeidarar, så er nær alle med på brøyteordninga. Der er såleis ikkje rom for å nedbemanne i denne avdelinga. Snøbrøyting er ikkje budsjettert med meir enn ein million kroner, dette dekkjer ikkje fullt ut Beredskapsutgifter, som kjem enten der kjem snø eller ikkje. Dersom det vert ein snørik vinter, må brøytekostnader tilførast i revidert budsjett i mai. Kostnadene til brøyting har variert mellom 2 og fem millionar dei siste fire åra.

Sjølvkost:

Sjølvkosområdet vart i 2015 skilt ut som eigen økonomisk sektoreining, for at ein skulle kunne ha betre kontroll med økonomien til komunalteknisk avdeling gjennom året. Krav frå Mattilsynet og krav i drikkevassforskrifta gjer at det er behov for større investeringar som vil auke vatn og avløpsgebyra. Større investeringar og større anlegg vil også føre til fleire vedlikehaldsoppgåver og auka bemanningsbehov i framtida på driftssida av sektoren. Det er også eit bemanningsbehov på administrasjonssida for å komme opp i gjennomføringsevna ein må ligge på for ikkje å få auka etterslep på vedlikehaldsoppgåver og investeringsprosjekt.

Eininga har det siste året kjøpt inn program og utstyr for å bli meir digitalisert og effektive. Det står igjen noko arbeid for å få full effekt av programma som er kjøpt inn og noko utstyr står også at på investeringsslista.

På investeringssida er nokre prosjekt allereie i prosjekteringsfasa og vil bli klare til gjennomføring i løpet av 2019.

Brann:

Arbeidsmengda i avdelinga har auka betydelig siste åra. Nye forskrifter og generelt auka krav til tenesta gjer det utfordrande å henge med. I 2016 kom ny forebyggande forskrift. Der er det betydelige endringar og auka krav både når det gjeld feiing og tilsyn, noko det må avsettast resursar til å jobbe med komande åra. Auke i antall oppdrag, auka krav og forventningar for beredskapsavdelinga har også auka arbeidsmengda og krava til det å vere kommunen sin brann- og redningsmann. Volda, med sin fjordar og spreidde busetnad, er ei utfordrande og kostnadskrevjande kommune å drive beredskapsarbeid i, og det er viktig at kommunen legg godt til rette slik at arbeidstilhøva for brannmannskapet og beredskapen både på bygdene og i sentrum vert godt ivaretaken også for framtida.

Eigedom:

Eigedom har ei krevjande byggmasse som krev kontinuerlig vedlikehald for å ta vare på dei verdiane som er skapt i Volda kommune. Slik det er i dag har vi ikkje nok personell til drifta, der stadig nye driftskrav melder seg (leikeplasskontroll, legionellahandtering, radonmåling, innemiljø etc.) og krav til vedlikehald med eit stort etterslep. Det er naudsynt for avdelinga at det blir tilsett meir personell for å oppretthalde forvaltning, drift og vedlikehald. I planperioden ligg inne forslag om tilsetting av 3 driftsteknikarar til som skal gå inn i alle delar av FDV(forvalting, drift og vedlikehald). Det vart ikkje funne rom til dette i budsjett og økonomiplan, men ved fleire nybygg under utvikling vil denne utfordringa forsterke seg. Slik det er i dag må ein forvalte, drifte og vedlikehalde større bygningsmasse med likt tal personell. Den daglege drifta som skal til for å drive verksemd i bygget kan ikkje reduserast på, derfor vil dette ha konsekvens for vedlikehaldet.

Det jamne vedlikehaldet som må gjennomførast på bygga er ei driftsutgift for kommunen og tilrådd norm er kr 200 pr. m² (2015 tal), ein må ha nok midlar i kroner og humankapital til gjennomføring.

Tildelingskontoret og eigedom har utvikla eit svært godt samarbeid (også med andre tenester) som har medført god gjennomstrøyming i kommunale bustadar. Dette medfører krav til oppgradering av husvære som har vore uteignt kontinuerlig i 10-20 år. Denne oppgraderinga kjem i tillegg til det etterslepet som er på andre kommunale bygg, som er naudsynt å ta tak i. Mykje av dette vart løyst gjennom tilsetting av 2 tømrarar i 100% på investering. Større prosjekt kan kome som forslag til kommunestyret, der ein samhandlar med ulike tenester for å nå målsettingar i kommuneplanen.

Etter kvart som dei nye bygga, som Volda Kommune planlegg å bygge dei nærmeste åra, vert ferdig. Må driftsramma til Eigedom aukast i tråd med auka kostnader til Straum, forsikring og andre direkte kostnader til drift av bygga.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	78 310 274	75 441 086	74 724 285	74 724 285	74 724 285	74 724 285
Inntekter	-39 755 185	-39 217 269	-35 840 175	-35 840 175	-34 840 175	-34 840 175
Teknisk	38 555 089	36 223 817	38 884 110	38 884 110	39 884 110	39 884 110
Utgifter	27 210 512	23 923 469	21 817 733	21 817 733	21 817 733	21 817 733
Inntekter	-27 210 504	-23 923 469	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733
Sjølvkosttenester	-401	0	0	0	0	0

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	3 024 403	3 024 403	3 024 403	3 024 403
Driftsutgifter og - inntekter, tilpassa rekneskap	285 890	285 890	285 890	285 890

Årsverk

Ansvar	2019
Leiar eigedomsavdeling	7,6
Eigedomseininga, ingeniørløn til fordeling	5,0
Eigedoms-eininga, skule og barnehage	17,0
Eigedoms-eininga, administrasjon, kultur og idrett	1,7
Eigedoms-eininga, utleigebustader for oms.-bustader	0,6
Leiar kommunalteknisk avdeling	12,0
Teknisk sektor, ingeniørløn til fordeling	3,0
Kommunale vegar	2,0
Gartnerområdet	1,0
Seksjon brannvern	2,7

Ansvar	2019
Teknisk	52,59
Vass-forsyning	2,0
Avløpsområdet	1,0
Seksjon feiing	2,0
Sjølvkosttenester	5

Kommentarar på tiltak frå sektorleiar

Ny ingeniør og to fagarbeidrarar for vatn og avløps avdelinga

Vatn og avløps-avdelinga i volda komune er underbemannna på ingeniørsida. Slik har det vore i mange år, med det resultat at vi ikkje rekk å iverksetje kritiske investeringar i tillegg til dagleg drift. Det vert tilsett ny ingeniør ved nyttår, som skal dediserast til reinseanlegg Mork og sentrum. Vi treng i tillegg ein ingeniør som kan arbeide inn mot krav frå mattilsynet og dei investeringane desse krava dreg med seg. Oppfølging av utbyggingsområder og eigne investeringsprosjekt krev så mykje fagressursar at det går på bekostning av lovpålagde driftsoppgåver. Avdelinga treng difor 2 nye fagarbeidrarar i 2019. Dette tiltaket er forankra i ny hovudplan for vatn og avløp som vart vedteken av kommunestyret i 2018.

Kostnad kr 0, då stillinga vil verte 100% belasta sjølvkost.

Følgjande tiltak er meldt inn, men ikkje innarbeidd i framlegg til administrasjonen:

Reinhald skulemodul Volda ungdomsskule

Skulemodular har berre hatt midlertidige avtalar, modulane er kjøpt inn og skal inn i ordinær skuledrift. Manglande stillingsressurs ved skulemodul Volda ungdomsskule er 25% stilling.

Kostnad Kr 137.389,- pr år

Reinhald auka areal Øyra skule

Ved etablering av ny skule manglar ein reinhaldskapasitet på nytt stort areal. Etter Insta 800 og reinhaldsmodul er det rekna ut 2 100% stillingar i manko.

Kostnad Kr 1.096.946,- pr år

SATSINGAR 2019 TEKNISK		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR

SATSINGAR 2019 TEKNISK						
TENESTER		SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR		
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker				Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp		
Brannberedskapen skal opplevast som god				Gjennomføring av EPC – programmet.		
Fokus på miljø, sørge for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.						
MEDARBEIDAR						
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR				
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen						
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt						
Feiring etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.						
Førebyggande brannvernoplæring for alle 6. klassingar i kommunen				Antal klassar det er gjennomført opplæring i		
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse				Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.		
Utarbeide rutinar og standarar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinsenlegg						

SATSINGAR 2019 TEKNISK		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 92 %		
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB		
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova		
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilpasser standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettetramma		
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt som vert initiert

2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN

Sektoren har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing av saker innanfor plan- og bygningslova og andre lover som sektoren forvaltar. Handsaming av søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen ligg også til sektoren. Vidare har sektoren ansvar for kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata.

Utviklingssektoren er eigedomsskattekontor. Ørsta som vertskommune driv landbrukskontor for Volda kommune. Utviklingssektoren er kontaktinstans overfor landbrukskontoret og koordinerer landbruksaker som skal til politisk handsaming i Volda kommune.

Teneste- og utviklingsmål		
<ul style="list-style-type: none">➤ Leie prosessen med revisjon av kommuneplan og følgje framdrifta i planprogrammet➤ Signal ved førehandskonferansar før oppstart av private reguleringsplanar skal vere føreseielege og politisk forankra	<ul style="list-style-type: none">➤ Følge opp vedteken planstrategi➤ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar➤ God kompetanse og sikre god fagleg oppdatering	<ul style="list-style-type: none">➤ Tilrettelegge for nye bustad- og næringsareal slik at behovet for tomtetilgang vert følgt opp➤ Arealpolitikk som balanserer mellom behov for dyrka jord og busetting på bygdene➤ God rettleiingsteneste i landbruket

Utfordringar 2019 -2022

Det ligg ei klar forventing om at vi skal verte meir effektive gjennom såkalla digitalisering. Dette kan gjerast ved blant anna å ta i bruk fleire digitale verktøy som igjen kan vere med på å automatisere og forenkle nokre av våre arbeidsoppgåver. Mange slike digitale verktøy finst i dag, men vi treng betre grunnlagsdata for å utnytte dette godt. For å oppnå dette løftet vil det krevje ekstra arbeid i ei periode. Til dømes må analoge reguleringsplanar over på digitalform for å automatisere byggesakshandsaming i større grad. Eit anna døme er kvaliteten til Matrikkelen, eigedomsregisteret, som må verte betre for oppnå ønskja effekt av digitalisering.

Innbyggjarane i kommunen vil ha i større grad ei forventing om tilgjengeleg informasjon og kontakt mot oss som tilsette i kommunen. Vi må få på plass gode digitale løysningar på heimesida vår og nytte nye medium i medverknadsprosessar. Det vil vere viktig å få konktakt og innspel frå brukargrupper som ikkje nyttar brev og epost som sine hovudkommunikasjonskanalar.

Stabil arbeidsstab vil framleis vere ei utfordring og ein liten sektor er sårbar ved eventuell sjukdom/sjukmelding blant dei tilsette. Vi har generelt små fagmiljø der ein er avhengig av at ein unngår langtidsfråver for å klare dei lovpålagte tidsfristane.

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter er som regel vanskelege og ressurskrevjande saker som har vore nedprioritert.

Økonomiske rammer 2018-2021

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	10 151 721	9 990 485	10 216 548	10 216 548	10 216 548	10 216 548
Inntekter	-4 185 950	-2 984 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704
Utvikling	5 964 217	7 005 781	7 081 844	7 081 844	7 081 844	7 081 844

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon				
sjukelønn	226 063	226 063	226 063	226 063
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000

Årsverk

Ansvar	2019
Seksjon plan	4,0
Leiar oppmålings- og bygningsavdeling	5,0
Utvikling	9

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Fokus på å få fram det positive som skjer på sektoren		Leggje ut minimum 8 positive saker på heimesida i løpet av året
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Omtala i alle planar og planlegging
Søke om tilskot til minst eit friluftslivstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Ferdigstilling av KIFF-planen (både rullering av hovedplanen og handlingsdel)		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		
Rullering av handlingsprogrammet til klimaplanen		
Oppstart av områderegulering for Volda sentrum		

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Oppstart av reguleringsplan for Torvmyrvegen/Furene		
Digitalisering av analoge reguleringsplanar		Som ein del av eit digitaliseringsprosjekt
Gjennomføre 10 tilsyn i samband med byggesaker		
Auke kvaliteten på Matrikkelen		Setje eit mål for tal på retting av feil
ØKONOMI		
Halde den økonomiske ramma		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.9 ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Teneste- og utviklingsmål
<ul style="list-style-type: none">➤ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støtteteneste til alle einingar i kommunen som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring➤ Vi skal vere imøtekommne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester.➤ Sikre at økonomisystemet inn mot nye Volda skal vere optimalt med tanke på digitalisering, automatiske prosessar og eit godt verktøy for leiarane i kommunen➤ God finans- og økonomiforvaltning➤ I samarbeid med leiarane i kommunen skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med rapportering➤ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår

Utfordringar 2019-2022

- Vi må i 2019 halde fram med å involvere leiarne ute i einingane i økonomistyringsarbeidet. I tillegg må vi sikre at vi fram mot ny kommune i 2020 har eit godt verktøy med tanke på brukargrensesnittet for leiarane.
- Volda og Hornindal vert *ein* kommune frå og med 2020. I 2019 vil fokuset vere å få arbeidd med systemet og tilpasningar inn mot ny kommune. Når dette er på plass vil vi starte arbeidet med felles rutinar og reglement.

- Det er forventingar til enno betre utnytting av elektronisk fakturahandsaming for å frigjere ressursar (med omsyn til inn- og utgående fakturaer), samt integrasjon av økonomisystemet og fagsistema. Dette er med på å forenkle og utvikle tenestene i sektorane (digitalisering av tenester).
- Volda kommune er med i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. I dette ligg at vi er pliktig til å vere lojale med dei rammeavtalane som vi har sagt at vi er med på. Vi må sikre at desse avtalane er kjent blant innkjøparane våre og at dei vidare er lojale mot desse leverandørane. Klarer vi å følgje opp dette vil vi kanskje klare å redusere kostnadane våre.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Utgifter	8 413 735	8 198 573	7 506 952	7 506 952	7 506 952	7 506 952
Inntekter	-2 504 906	-1 773 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757
Økonomi	5 907 721	6 424 816	5 483 195	5 483 195	5 483 195	5 483 195

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	26 132	26 132	26 132	26 132
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter og reduksjon kostnadar	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Reduksjon i rammer innsparingstiltak 2019 (ØPL 2018-2021), reduksjon 1 stilling	-467 753	-467 753	-467 753	-467 753

Årsverk	2019
Økonomiavdelinga	8,0
Økonomi	10,3

SATSINGAR 2019 ØKONOMIAVDELINGA		
OMDØMME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Betale faktura til rett tid		Volda kommune skal oppfattast som gode betalarar av våre leverandørar. Pr. i dag har vi for høge utgifter i gebyr/purringar. Målet er å redusere dette i 2018.

SATSINGAR 2019 ØKONOMIAVDELINGA		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Innkjøpsstrategi		Utarbeide reglement og rutinar for innkjøp i Volda kommune. Sikre god opplæring og lojalitet av rammeavtalar
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		I 2018 klarer vi 70 % over på EHF. Målet for 2019 er 80 %
Utarbeide ny plattform i økonomisystemet for Nye Volda. I dette ligg også forventningar om eit meir optimalt system med tanke på digitalisering, automatiske prosessar og gode verktøy for brukarane		
Utarbeide nye reglement og rutinar for fagområda økonomi og skatt for ny kommune i 2020		
Sikre god opplæring til alle leiarar for å få fokus på økonomistyring lengst ut mot tenesteproduksjon		Utarbeide årshjul med datoar for rapportering og sette av dagar for opplæring.
ØKONOMI		
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsavdelinga omfattar løns- og personalstaben og Seksjon Innvandring. Løns- og personalstaben har i tillegg det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, samt for frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

I 2019 vil hovedfokus vere å avslutte personalavdelinga i noverande Volda kommune, og legge til rette for overgang til nye Volda med verknad frå 1.1.20. Personalstaben vil vere tungt involvert i utvikling av nye rutinar og retningslinjer på personalområdet, oppbygging av nytt økonomi- og HR-system (Agresso/Unit4), samt andre oppgåver av betyding for tilsette som skal over i ny kommune.

Teneste- og utviklingsmål Volda kommune 2019

- | | | |
|--|--|---|
| ➤ Ha arenaer og hendingar som gir tilsette i Volda kommune felles tilhøyre | ➤ Fortsette Prosjekt sjukefråvær i sektor helse- og omsorg | ➤ Sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. |
|--|--|---|

Teneste- og utviklingsmål nye Volda 2019

- | | | |
|--|--|--|
| ➤ Utarbeide rutinar og retningslinjer for ny kommune | ➤ Utvikle program for leiaropplæring og leiarutvikling med oppstart i 2020, for å bygge ein felles leiarkultur i ny kommune. | ➤ Oppbygging av HR-funksjon i nytt ERP-system. |
| ➤ Byggje nytt kvalitets- og avvikssystem (Compilo) | | |

Utfordringar 2019-2022

- Digitalisering: Avdelinga vil kunne frigjere ein del ressursar til utviklingsarbeid ved å gjere manuelle lønsoperasjonar elektroniske (reiserekningar, permisjonssøknadar, timelister osv.) Viktig at vi difor greier å prioritere få på plass dette.
- Kommunesamanslåing: Personalavdelinga kjem til å vere tungt involvert i kommunesamanslåingsprosessen. Regelverk og rutinar i Volda og Hornindal må harmoniserast, særavtalar må kartleggast og seiast opp, ansatte skal inplasserast i ny organisasjon osv. Ein vil difor ha mindre kapasitet til andre oppgåver.
- Leiarprogram: Leiarane i ny kommune treng både ei type leiaropplæring og ein type leiarutvikling. Opplæring er praktisk retta og vil vere retta mot interne rutnar og

prosedyrar på ulike felt. Det vil vi ha ressursar og kapasitet til å gjere sjølv. Leiarutvikling handlar om å vidareutvikle dei eigenskapane vi meiner er viktige for å utøve god leiing. Det krev ein type kompetanse vi ikkje har sjølve.

- Internopplæring: Internopplæringa som avdelinga kører i dag skal vidareutviklast. Denne inkluderer i dag nytillsattopplæring og internopplæring av leiarar og nøkkelpersonar, men framover må ein få plass eit såkalla «onboardingsprogram» for nye leiarar.
- Rekruttering: På enkelte områder i organisasjonen har ein utfordringar knytt til rekruttering. Det er difor eit behov for ein overordna rekrutteringsstrategi for kommunen. Omdømebygging vil vere ein viktig del av dette.
- Nedgang i busetjingstal: Låge ankomsttal til landet gir reduksjon i tal flyktingar som skal busetjast, og dermed lågare inntekter til kommunen. Dette krev justering/ev. nedbygging av kapasiteten på busetjings- og integreringsfeltet. Samstundes har kommunen fleire flyktingar og deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram og grunnleggjande kvalifisering. Vi må difor gjennom ein utfordrande prosess der vi ser på korleis redusere og samtidig oppretthalde tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gi gode nok tenester og kvalifiseringstiltak, og slik sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.
- Auke i antal lærlingar: Dei siste åra har det vore ein stor auke i antal lærlingar (frå 11 2016 til 21 i 2018). utan at ein har auka ressursen som koordinerer ordninga. Samstundes ser ein at det skjer ei utvikling på området, knytt til digitalisering og bruk av ny teknologi til kommunikasjon og administrasjon. Det må gjerast ei utgreiing av korleis ein best kan organisere og administrere lærlingordninga i framtida.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	29 089 831	20 450 768	20 416 075	20 416 075	20 416 075	20 416 075
Inntekter	-14 492 288	-1 677 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424
Personal og organisasjon	14 595 832	18 773 344	18 938 651	18 938 651	18 938 651	18 938 651

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	245 129	245 129	245 129	245 129
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Reduksjon i rammer innsparingstiltak 2019 (ØPL 2018-2021)	-280 760	-280 760	-280 760	-280 760
SSIKT	1 418 984	1 418 984	1 418 984	1 418 984

Auken i overføring til SSIKT kjem av selskapet frå 2019 overtek lånepoptak knytt til

investeringar. Tidlegare har kvar kommune stått for lånepoptak etter ein fordelingsnøkkel. I 2018 og 2019 er det mellon anna nytt sak og arkiv system som ligg inne som investering.

Årsverk

Ansvar	2019
Seksjon innvandring	0,6
Personal- og organisasjonssjef	6,9
Lærlingar*	10,3
Verneombod og HTV	2,4
Personal og organisasjon	20,3

Ein har ca 21 lærlingar, men desse har redusert løn. Tal på lærlingar kan endre seg hausten 2019, då nokon sluttar og andre startar.

SATSINGAR 2019 PERSONAL OG ORGANISASJON		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på henvendingar		
Korrekte tenester til rett tid		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Administrere og følgje opp medarbeidarundersøking 10-faktor		.
Implementere Win Tid		Sørgje for at tidsregistrering og fråværsregistrering er på plass i heile organisasjonen.

SATSINGAR 2019 PERSONAL OG ORGANISASJON		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Internopplæring		Gjennomføre nytilsattopplæring minimum 2 gangar pr år
ØKONOMI		
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Nærværssarbeid		Å auke nærværet er god økonomi for kommunen. Ein auka bruk av bedriftshelsetenesta eller satsing på oppretting av prosjektressurs, kan gje auka nærvær.

2.11 BARNEVERNTESA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA

Volda kommune er vertskommune for den lovpålagte barnevernstenesta for Hareid, Hornindal, Ulstein, Volda og Ørsta. Eit viktig formål med samarbeid innan barnevern er å sikre ei robust teneste med høg kvalitet. Volda kommune er ansvarleg for utarbeiding av budsjett, med mål som sikrar at lovkrava vert oppfylt for dette tenesteområdet i alle samarbeidskommunane.

Samfunnsoppdraget til tenesta er gitt i Lov om barnevernsteneste § 1-1:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Den interkommunale barnevernstenesta er ei Mitt Liv-teneste. Dette handlar om at vi samarbeidar med Forandringsfabrikken som engasjerar barnevernsbarn og unge som gir råd til barnevernstenestene. Vi har forplikta oss på deira barnesyn og verdigrunnlag. Barn er vår viktigaste samarbeidspart og tenesta samarbeidar med barn og unge gjennom å vere open, audmuk og vektlegge kjærleik og medverknad.

Teneste og utviklingsmål		
Gi barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling rett hjelp til rett tid.	Halde fristar som lova pålegg oss og undersøke saker i nært samarbeid med barnet, familien og samarbeidspartar.	Evaluere tiltak systematisk slik at tiltaka utviklast i samarbeid med barnet, foreldra og samarbeidspartar.
Følgje opp barn under omsorg i samsvar med lovkrav og i samarbeid med barnet, foreldre og samarbeidspartar.	Styrke dei tilsette sin kompetanse i samtale med barn og møteformer som fremmer brukarmedverknad og involvering av familie og nettverk.	Arbeide for balanse i saks mengd pr. tilsett slik at kvart barn får den merksemdu som det har behov for.
Utvikle ein lærande organisasjon der tilsette bidreg med sin kunnskap og erfaring.	Attraktiv arbeidsplass med styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.	Arbeide for involvering frå tilsette i utvikling av tenesta fagleg og organisatorisk.

Nykeltal (2017 tal)

Indikatorar		Fylket	Hareid	Hornindal	Ulstein	Volda	Ørsta
Kvalitet	Andel fristbrot i undersøkingar	11,7%	7,1%		6,1%	11,1%	14,7%
	Andel barn i hjelpe tiltak med tiltaksplan	83%	100%	100%	86,8%	84,4%	85%
	Andel barn i fosterheim med oppfølging i tråd med lovkrav	78,1%	100%		100%	100%	100%
	Tal barn med akuttvedtak 0-17 år	1,2barn	2,6barn		0,5barn	1barn	1,2barn
Prioritering	Andel av kommunens totale utgifter som nyttast til barnevern	3,3%	3,7%	0,4%	3,9%	4,2%	2,2%
Dekningsgrad	Tal på meldingar i forhold til barnetal i kommunen	4%	4,8%		3,4%	3,7%	4,5%
	Barn med barnevernstiltak 0-17 år	4,7%	5,2%	2,4%	4%	4,6%	4,6%
	Andel barn med undersøkingar 0-17 år	4,4%	5,9%		4,1%	4%	5,3%
	Andel barn med hjelpe tiltak i hjemmet av barn med tiltak 0-17 år	75,5%	68,9%		70,4%	78,9%	80,9%
Kostnadar kronebeløp	Utgifter pr.barn som bur utanfor heimen (252)	335452	287591		314647	375568	123404
	Utgifter pr.barn med tiltak i heimen (251)	28863	23142		25552	18070	13056

Utfordringar 2019-2022

- Barnevernsreforma;** lov om barnevernstenester er i endring. Regjeringa har varsle vesentlege endringar i fordelinga av ansvar mellom stat og kommune slik at kommunen får eit auka ansvar. Dette medfører konkrete endringar for barnevernstenesta økonomisk og i høve auka arbeidsmengd med nye arbeidsoppgåver.
- Tverrfagleg samarbeid;** barnevernsreforma har eit sterkt krav til tverrfagleg samarbeid til barnevernstenesta og til våre samarbeidspartar. Tenesta har hatt fokus på tverrfagleg samarbeid sidan vi vart interkommunale og det er etablert fleire gode samarbeidsmåtar i denne tida. Dette arbeidet vil tenesta vidareutvikle og styrke i samarbeid med samarbeidspartar i våre kommunar.
I samband med dette vil vi i 2019 ta initiativ til etablering av ei tverrfagleg gruppe som vil ha ansvar for å arrangere ein fagdag i 2020 med tema relatert til tverrfagleg samarbeid om god oppvekst.

- **Kompetansestyrking;** Barnevernsreforma legg også vekt på å bidra til kompetansestyrking av barnevernstenestene, mellom anna med etablering av læringsnettverk og midlar ein kan søke på for å ta konkrete utdanningar. Vår teneste skal ta del i læringsnettverk og vil aktivt søke på midlar til utdanning for tilsette. Tenesta vil også ta ansvar for eiga læring ved å være ein lærande organisasjon.

Dette skjer ved å arrangere fagdagar teamvis og for heile tenesta, i vektentlege fagmøter, rettleiing med fagteamleiar og i grupper. For 2019 er fagleg hovudtema samtalar med barn.

Ein legg også inn i årshjul for kompetanse og fagutvikling at ein årleg skal ha eigne fagdagar med fokus på nettverksmøter og nettverksarbeid. I løpet av våren 2019 vil ein ferdigstille kompetanseplan for tenesta.

- **Halde lovkrav og fristar;** Tenesta rapporterer kvart halvår om vi utfører dei lovpålagte krava om 3 mnds undersøkingsfrist, om minimum 4 oppfølgingsbesøk for barn som bur utafor heimen, om jamn evaluering av tiltaks- og omsorgsplanar, om systematisk og dokumentert evaluering av hjelpetiltak, om systematisk oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, ivaretaking av fosterheimar med meir. Vi erfarer ein jamn auke i meldingar, også i saker som omhandlar vald mot barn – dette er særleg arbeids- og tidkrevjande saker. Vi ser at det er krevjande å stette desse lovkrava og at det krev kvalitetsikring av internkontroll, oppdaterte rutinar og tett oppfølging av kvar tilsett.
- **Reduksjon av sjukefråvær;** Eit høgt sjukefråvær har over tid vore eit stort problem for barnevernstenesta. Det er naudsynt å ha eit stadig fokus på balansert arbeidsbelastning, fokus på trivsel, rutinar for avspasering, og oppdaterte rutinar for sakshandsaming og oppdatert internkontroll. Tilrettelegging for fagleg utvikling, systematisk saksrettleiing er også vesentleg i denne samanheng.

Ein ser at å arbeide i barnevernstenesta er krevjande for dei tilsette og ein vert utfordra på eiga sikkerheit i arbeidskvardagen både i høve psykisk og fysisk helse.

Arbeidstilsynet hadde tilsyn med tenesta våren 2018 i høve vald og trugslar. Dette førte til pålegg om utbetringar og tenesta ser at dette er noko vi må opprethalde fokuset på i åra framover.

I planperioden vil ein arbeide med å styrke førebygging av sjukefråvær og å utarbeide eit betre system for tett oppfølging av sjukemelde. Ein vil også i samarbeid med personalavdelinga sjå nærare på arbeidstidsordninga til tenesta.

Økonomiske rammer 2019- Volda kommune:

VOLDA KOMMUNE		Bud 2018	Prognose 2018	Budsjett 2019
Funksjon				
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter		5 250 396	5 584 317	5 613 236
F251 Tiltak i familien		1 313 915	1 167 117	1 129 545
F252 Tiltak utanfor familien		7 015 812	6 000 000	6 881 812
F252 Tiltak einsleg mindreårige		13 255 616	11 511 342	11 014 167
Samla kostnad		26 835 739	24 262 776	24 638 760

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760

I økonomiplan 2018-2021 vart det i budsjettet lagt inn reduksjoner på EM-tenesta. Tiltaket er i gangsett og som det går fram av tabellane over er budsjettet på denne tenesta redusert.

Endringar i økonomiplanperioden felles Barnevernteneste:

- **Barnevernsreforma** som regjeringa innfører fører til at kommunen i løpet av økonomiplanperioden får det fulle ansvar for oppfølging av barn i fosterheim og for økonomisk dekning av utgiftene til dette. No betalar kommunen ein eigenandel på kr.33 110 pr. barn. Betaling for barn i institusjon har vore auka jamt siste åra; i 2018 er pris pr. månad kr. 70 320, frå 2020 er det varsla at kommunens eigendel vert ytterlegare auka til å dekke 40% av døgnpris. KS har bedt om å få delta i kostnadsrekning av endringane. Det er ikkje avklart om dei auka kostnadene vert fullt ut dekt gjennom inntektssystemet.

Det er også ei forventing til kommunane om å styrke det førebyggande arbeidet i familiar for å unngå at barn må flyttast ut av heimane. Den interkommunale barnevernstenesta er godt rusta til dette då tenesta sidan etableringa i 2014 har bygd opp eit eige familieteam m|ed øyremerka stillingar til å arbeide med endringstiltak i heimen. Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle dette tenestetilbodet.

- **Effektivisering:** Tenesta er oppteken av budsjettkontroll og bevisste haldning til økonomistyring og har eit tett samarbeid med økonomistaben i høve dette. Det er forventa av offentleg sektor effektivisering på 0,5% pr. år. Dette kravet vert også

stilt til interkommunale tenester. Den interkommunale tenesta ser på dette som ei stor utfordring. Særleg utfordrande for oss då utgifter på tiltaksområdet er vanskelege å føresjå og styre. Her må ein ha ein vedvarande vurdering og kontroll og følgje tett opp utgiftene.

Lov om barnevernstenester pålegg kommunane å sette inn dei tiltak det einskilde barn treng og kan ikkje med grunngiving i økonomi unnlate å sette inn tiltak. Det er vanskeleg å føresjå kva utgifter ein kan få i høve tiltak i åra framover, men ein veit at talet på barn som treng hjelp frå barnevernstenesta stadig aukar. Det er vesentleg for god økonomistyring å ha ei nøktern drift og ein evaluerande praksis som sikrar gode rutinar og målretta tiltak.

Det er på driftsområdet tenesta kan få til eventuell effektivisering. Grunna høgt sjukefråvær har tenesta i 2018 hatt ei innsparing på meir enn 0,5%. Dette då det i vår teneste ikkje vert leigd inn vikarar i arbeidsgivarperioden og stillingar vert ståande vakante i lengre sjukemeldingsperiodar. Ein har derfor inntekt på refusjon sjukeløn. Det er likevel ikkje slik vi ynskjer å oppnå innsparing og sjukefråværet er noko vi arbeider aktivt med å få ned. Stabilitet blant dei tilsette med lågt sjukefråvær og tilsette som blir i tenesta med si kompetanse over tid, er den viktigaste faktoren for effektivisering i tenesta.

I 2018 har tenesta arbeidd med å verte digitale, og frå slutten av november er det venta at dette er i gong. Det vil ta tid før ein ser effekt av dette, men ein forventar at dette i planperioden vil kunne føre til den effektivisering som er kravd. I 2019 vil tenesta evaluere eigen organisering og i samband med dette mellom anna vurdere om ein ved å organisere tenesta annleis og gjere smarte endringar kan effektivisere tenesta.

- Barnevernsvakt:** Det er eit krav til kommunane at dei har døgnkontinuerlig barnevernsvakt. Dette har vi ikkje i våre kommunar pr.i dag. Våren 2018 sökte kommunane i den interkommunale barnevernstenesta saman med dei andre kommunane i sjostjernesamarbeidet om skjønsmidlar frå fylkesmannen til etablering av ei felles vakt. Ein fekk midlar til dette og det vert no arbeidd med å finne den beste løysninga for våre kommunar.

Fordeling av kostnadar eigenandel barnevernsvakt. Med etterhald om at vi får inntekt med Herøy, Vanylven og Sande på 250 000 kr

Hareid kommune	1 155	15,1 %	75 313
Ulstein kommune	1 993	26,0 %	129 956
Ørsta kommune	2 369	30,9 %	154 473
Hornindal kommune	265	3,5 %	17 280
Volda kommune	1 886	24,6 %	122 979
Sum til budsjett 2019	7 668	100,0 %	500 000

- Einsleg mindreårige:** I Volda og Ørsta driftar den interkommunale barnevernstesta bustadar for einsleg mindreårige flyktningar. Barna er fordelt på to einingar i Volda og to i Ørsta samt ei felles oppfølgingsteneste som fyl opp dei som er

flytta ut til eit sjølvstendig tilvære på hybel. Det er bygt opp eit godt fagmiljø i tilbodet til einsleg mindreårige og barna får god omsorg og oppfølging.

Tilskot frå staten har vore vesentleg for drifta av desse bustadane, denne har siste åra vorte redusert og reduserast no ytterlegare. I samband med at det no kjem færre einsleg mindreårige til Norge får også kommunane tilbod om færre barn til busetjing. På grunn av desse endringane ser ein at ein må bygge ned tenestene i samsvar med kor mange barn ein får busett. Denne nedbygginga er i gang og det er eit tett samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og arbeidsgivar i denne prosessen.

Tabell over tal årsverk og stillingar i tenesta:

	Årsverk
Kontorfagleg	2,0
Fagstillingar	32,7
EM Ørsta	14,63
EM Volda	7,94
EM Opp Ørsta/Volda	4,64
Barnevernstenesta	61,91

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
OMDØMME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Sikre eit kvalitativt godt barnevern med fokus på medverknad frå barnet og familien.		Vektlegge arbeidsmetodar som styrkar medverknad frå barn og foreldre ved å nytte familieråd og nettverksmøter der det er tenleg og familien samtykkar til dette.
		Halde fram med å vere Mitt Liv- teneste, og samarbeide med Forandringsfabrikken.
Brukarane møter fagleg oppdaterte medarbeidarar som gir tydeleg informasjon og trygg sakshandsaming.		Ta del på Bufdir sin kompetansesatsing. Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta samt

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærvar på 92 %		Arbeide målretta med å styrke forebygging og oppfølging av sjukemelde.
Medarbeidarsamtale med alle tilsette i løpet av november/desember.		
Følgje opp 10-faktor		
Trygge medarbeidarar med sikker arbeidskvardag		Arbeide systematisk med HMT i samarbeid med Verneombod og tillitsvalde. Utarbeide stillingsomtalar for alle tilsette. Lage plan for opplæring av nye tilsette og implementere fadderordning for desse.
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Evaluering av tenesta si organisering.		Vurdere om ei endring av organiseringa vil gi meir effektivitet og betre kvalitet på tenesta.
Stette krava som Lov om barnevernstener set for sakshandsaming.		Styrke arbeidet med skriftleg dokumentasjon og halde fram med tett oppfølging og rettleiing av tilsette.
Kompetansestyrking		Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta. Fagleg tema for 2019 er samtalar med barn. Ta del i Læringsnettverk og aktuelle kurs.
Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartar		Ta del i tverrfaglege samarbeidsforsa i kommunane. Ta initiativ våren 2019 til ei tverrfagleg interkommunal arbeidsgruppe for planlegging

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Etablere ei tenleg barnevernsvakt i samarbeid med Sande, Vanylven og Herøy.		av tverrfaglig fagdag som skal vere våren 2020.
Styrke fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda m. fleire.		Ta del i forskingssamarbeid og inngå avtale om fruktbart fagleg samarbeid for begge partar.
Ta del i etablering av ny oppvekstsektor for Nye Volda.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Redusering av drift i EM-tenesta.		Samarbeide med tillitsvalde og personalavdelinga om ei redusering som tek i vare eit godt tilbod til barna og til tilsette sine rettar.
Digitalisering av tenesta med elektronisk arkiv og post.		Implementere digital løysing av fagprogrammet og elektronisk arkiv i samarbeid med arkiv og SSIKT.

2.12 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Gi alle høve til å kome i arbeid	➤ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➤ Betre levevilkåra for vanskelegstilte
➤ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➤ Bruke viremidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➤ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødeleggjelighet, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å vere i arbeid aukar sjølvkjensla, gir betre psykisk helse og generelt betre helse. Arbeidsmiljølova seier også at det å vere i arbeid skal vere helsefremjande. Arbeidsfokuset understøttar folkehelseperspektivet.

Fakta om avdelinga

NAV Ørsta/Volda har pr. i dag 19,9 statlege og 8,75 kommunale årsverk. Av dei statlege årsverka er 0,5 årsverk knytt til settekontorordning. Av dei kommunale årsverka er 0,6 knytt til gjeldsrådgjeving, resten er knytt til rettleiing/sakshandsaming.

Kontoret har kommunal minimumsløysing, og skal yte sosiale tenester knytt til generell råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, kvalifiseringsprogrammet og individuell plan. I tillegg har vi gjeldsrådgjeving.

Kontoret er i dag organisert i to avdelingar, samt med eiga gruppe tilsette som har hovudoppgåvene sine knytt til kommunale tenester. Vi jobbar likevel etter prinsippet om integrerte tenester.

Mål og tiltak

NAV styrer etter eige målekort. I dette er det lagt inn fleire indikatorar og måltal sentralt, i tillegg har vi lagt inn ein del eigne kommunale parameter. For sistnemnde er målet å redusere både antal som mottek sosialhjelp, antal som har denne ytinga som hovudinntektskilde, samt gjennomsnittleg tid brukarane mottek slik stønad. Vi har elles som mål å auke antal deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

Konkrete tiltak for å nå måla, er m.a. målretta bruk av eige styringssystem, oppretting av KVP-nettverk for Søre Sunnmøre, meir utadretta jobbing, tettare samarbeid med samarbeidspartar og eiga kompetanseheving.

Status/utfordringar

Fleire brukarar og rask omstilling vil prege NAV framover.

NAV får fleire brukarar og må handtere eit arbeidsliv i raskare omstilling, men får nye mogelegeheter gjennom digitalisering. Det er hovudfunna i NAV si nye omverdsanalyse.

Endringstakta i samfunnet ser ut til å auke. NAV må vere førebudd på raske omprioriteringar, som følge av mogelege brå omstillingar på arbeidsmarknaden, endringar i tilstrøyming av flyktningar og andre uføresette hendingar.

Vi må rette arbeidet vårt endå meir inn mot arbeid, arbeidsgjevarar og arbeidsmarknaden. Ufaglært ungdom og flyktningar med lite skulegang vil verte særleg utsette grupper på arbeidsmarknaden, og desse gruppene, saman med langtidsledige, vil vere hovudsatsingsgrupper også framover.

Samfunnsutviklinga viser veksande utfordringar m.o.t. auke i ledigheita og fattigdom hos flyktningar. Kommunen si avgjerd om kor mange flyktningar ein ynskjer å busetje, påverkar også ressursbruken i NAV i stor grad. Vi har ei viktig rolle i arbeidet med integrering av flyktningar, dette i samarbeid med øvrig del av kommunen, som har hovudansvar for norskopplæring og introduksjonsprogram.

Innføring av kanalstrategi, sjølvbeteningsløysingar og redusert opningstid, har m.a. gitt oss hove til å jobbe tettare saman med m.a. vidaregåande skular, samt med flyktningkontora i både Volda og Ørsta. Vi har no eigne rettleiarar som jobbar på mobil løysing ute hos desse samarbeidspartane eit par timer ein dag i veka. Dette håper vi skal kome både brukarane, samarbeidspartane og oss sjøve til nytte.

Digitaliseringa vil halde fram for fullt i NAV, førebels er dette mest knytt til statlege tenester. Sjølvbeteningsløysingar knytt til kommunale tenester er også under utvikling. Samla vil effektiviseringa gjennom betre digitale tenester gi betre hove for tettare oppfølging til dei brukarane som treng det mest.

Innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp for personar under 30 år, kom i 2017. Aktivitetstilbodet STYRK- aktiv har fungert godt, og vi trur at vilkår og tilbod om aktivitet vil ha effekt på sosialhjelpsbudsjettet framover.

Hovudmålet til NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. NAV kan ikkje klare å løyse dette samfunnsoppdraget åleine, men må jobbe saman med andre aktørar. Det er viktig med felles forståing av oppdraget, at alle forstår si eiga rolle i det store biletet, og at vi har eit felles overordna målbilete. Vi vil difor vidareføre samarbeid med m.a. legar/behandlarar, andre avdelingar i kommunen, utdanningsinstitusjonar og ikkje minst arbeidsgjevarar/næringsliv.

Økonomiske rammer 2019 - 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	9 759 050	9 767 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312	12 267 312
Inntekter	-486 153	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	9 272 897	9 467 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312	11 967 312

Sosialhjelpsutgiftene aukar og er hovudårsaken til veksten i utgiftene til Nav.

2.12 FELLESOMRÅDET

Dette ansvarsområdet inneholder utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den enskilde sektor.

Her er eit utdrag av utgiftene:

- Amortisering av tidlegare års premieavvik på pensjonsområdet
- Revisjon
- Kontrollutval
- Kyrkjeleg fellesråd
- Tilskot til andre trussamfunn
- Diverse kontingentar, som til dømes kopinor og KS
- Driftstilskot til Volda rullarlag, Volda stadion, Volda skisenter m fl (i høve politiske vedtak)
- Byggselsavtaler (årleg leige av grunn frå grunneigarar i Volda sentrum – vert ein gjennomgang av dette i samband med budsjett 2020 for nye Volda)
- Avskrivingar
- Avsett pott til neste års lønnsoppgjer, som vert fordelt ut på sektorar i løpet av året
- Innsparingstiltak som skal rapporterast på og fordelast ut på sektorar gjennom året (sjå omtale av tiltak under)

Her er dei viktigaste budsjetterte inntektene:

- Kalkulatoriske inntekter frå sjølvkostområda
- Vertkommunetilskot for asylmottak
- Motpost avskrivingar (inntekt)
- Sal av konsesjonskraft

Økonomiske rammer 2019 – 2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	69 552 195	42 024 750	97 255 797	44 907 967	43 007 967	43 007 967
Inntekter	-58 076 764	-45 930 280	-48 618 831	-48 618 831	-48 618 831	-77 618 831
Fellestenester	11 475 431	-3 905 530	48 636 966	-3 710 864	-5 610 864	-34 610 864

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Gjenstående innsparinger fra ØPL 2018-2021	-4 201 636	-8 701 636	-10 601 636	-10 601 636
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Pensjon - Premieavvik prognose KLP og SPK	-23 242 170	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Amortisering premieavvik	4 349 100	7 259 100	7 259 100	7 259 100
Lønnsvekst 2019 (sentralt og lokalt), 3 %	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Avskriving og kalkulatoriske renter	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242	-1 625 242
Volda kyrkjelege fellesråd	380 000	380 000	380 000	380 000
Volda Rullarlaug AS, tilskot	467 000	467 000		

Omtale av tiltaka

Digitalisering, strukturendringar m.m

I økonomiplanen 2018-2021 ligg der forventninga om reduksjon i drifta knytt til digitalisering, velferdsteknologi, strukturendringar m.m. I tillegg vart det gjort vedtak om å redusere tenestene knytt til flyktning i tråd med at tilskotet vart redusert. Status på desse tiltaka inn mot 2019 er som følgjer:

	2 019	2 2020	2 2021	2 2022
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-4 200 000	-7 700 000	-9 600 000	-9 600 000
Stilling Økonomistab	467 753	467 753	467 753	467 753
Reduksjon rammer Personal	280 611	280 611	280 611	280 611
Sentralbord, porto	250 000	250 000	250 000	250 000
Mork bustadar		1 000 000	2 000 000	2 000 000
Vikebygda- Bratteberg		1 000 000	2 000 000	3 000 000
Legge ned Austefjorden barnehage	350 000	700 000	700 000	700 000
Barnehagedrift sentrum (kommunale og private) (bygg og teneste)				3 000 000
Restverdi på innsparing	-3 201 636	-6 701 636	-8 601 636	-8 601 636

Reduksjon i tenestene knytt til flyktingar	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
EM tenesta	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Restverdi på innsparing	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000

Nokre av tiltaka i tabellen er gjennomført. Dei tiltaka som er uteva er tiltak som administrasjonen kjem til å fremje for å få gjennomført forventingane som ligg i tiltak og reduksjon driftskostnadene.

I tillegg er det i denne økonomiplanen synleggjort eit tiltak som går på effektivisering i merkantile stillingar både i stabsfunksjonane og i sektorane. I samband med kommunesamanslåinga vert det gjort eit arbeid med tanke på ERP (økonomi, lønn og HR) systemet som vil automatisere arbeidsprosessar.

Pensjon

Prognosar frå KLP er at dei i åra framover vil vere positive premieavvik. Dette vil kome som inntekt i kommunerekneskapen i år 1, og som kostnad dei 7 neste åra i form av amortisert premieavvik. Premieavviket for 2019 er lagt inn i budsjettet med ei inntekt på 23,3 mill kr (prognosar frå KLP og SPK). Amortisering er lagt inn frå år 2020. I tillegg er det lagt inn ei synleggjering av at vi i økonomiplanen forventar positive premiaavvik/bruk av premiefond. Her har vi lagt inn ei inntekt som baserer seg på bruk av premiefondet dei to siste åra.

Lønnsvekst

Det er sett av 3,0 % til neste års lønnsvekst (med verknad frå 1. mai). Dette er i tråd med deflator gitt av KS.

Kyrkjeleg fellesråd

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjettet som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. For 2019 er det gitt kompensasjon for lønnsvekst 2018 og ei auke på 0,2 mill kroner. Kyrkjeleg fellesråd sitt innspel til budsjettarbeidet vil bli lagt fram som vedlegg i saksframlegget.

Volda rullarlaug AS

Volda kommune har gitt kommunal garanti på lån til Volda Rullarlaug. Sponsorinntektene har dei siste åra blitt redusert, noko som har gitt økonomiske utfordringar. I 2018 har kommunen gått inn med ekstra tilskot for at rullarlaugen skal få dekkja sine plikter knytt til lånet.

Ved etablering av VRL var målet å vere gjeldsfri i 2020. Slik inntektene er no er dette urealistisk, samtidig som ein ser at det også i åra farmover er liten moglegheit for å auke inntektene. Dette gjer at VRL no ber kommunen om å gå inn med to større tilskot i åra 2019 og 2020 for å innfri lånet i tråd med planane.

Volda kommune har vore positive med å gi kommunal garanti til idretts- og kulturanlegg. Dette er gode tiltak, men ein må vere budd på at det alltid er ein risiko for at slik garantiar kan verte gjort gjeldande.

2.13 Innspel til budsjettarbeidet

Havbruksfondet

Til budsjettarbeidet har der komt innspel/søknader frå organisasjonar og grendalag i kommunen. Innspela vert lagt fram som vedlegg i saksframlegget. Fleire av søknadane er knytt til midlane kommunen fekk frå Havbruksfondet. Administrasjonen ser på midlane som frie inntekter og midlane er i 2018 sett av til disposisjonsfondet med tanke på å få plass ønska investeringar.

Mobil scene

Det vert vist til oversendingsvedtak i PS 104/18 i kommunestyret den 30.08.18. I saka er det lagt fram eit forslag om at Volda kommune skal kjøpe inn ei mobil scene for utlån til ulike aktørar, og i punkt 2 i forslaget, er det føreslått at scena blir lagt i drift under Egedomsavdelinga.

I samband med dette forslaget har egedomsavdelinga gjort ei vurdering, og har følgjande innspel. I forslaget er det føreslått at kommunen skal låne ut den mobile scena til aktørar som har behov for det, noko som vil gjere at kommunen konkurrerer med næringslivet om ei teneste som andre kan tilby. Sidan kommunen tenkjer å låne ut scena gratis, vil det heller ikkje vere reell konkurranse om leveransen, og ein går med dette mot regjeringa sitt ynskje om at det skal vere like konkurransevilkår mellom det offentlege og private aktørar. Denne problemstillinga har også vore oppe i tidlegare politiske saker i Volda kommune, og ein har då konkludert med at kommunen ikkje skal konkurrere med næringslivet. Ei løysing med gratis utlån av scene vil kunne bidra til redusert inntekt for dei aktørane som leverer denne tenesta i dag, og det kan også føre til at ein tek vekk kundegrunnlaget deira for vidare drift.

Det er i forslaget estimert ei riggetid på 30 min av 1-2 personar. Dersom ein tenkjer at egedomsavdelinga skal bistå med levering og montering av scena, må ein, i tillegg til riggetida, rekne med tid for henting, frakttida frå oppbevaringsplass til riggplass og seinare nedrigging og fraktid til lagringsplass. Totalt vil det vere snakk om ein del meir enn 30 min for kvart utlån av scena. I tillegg vil det føre til noko tid for vedlikehald av utstyret. Lønnskostnadane for personane som skal ta på seg dette arbeidet må reknast med i den økonomiske vurderinga for investeringa. Egedomsavdelinga har ikkje kapasitet til å ta på seg dette arbeidet med den bemanninga ein har i dag.

Innkjøp av ei mobil scene krev også at ein har lagringsplass for scena på ein plass som er lett tilgjengeleg og sentrumsnært. Eigedomsavdelinga kan ikkje sjå at kommunen i dag har eit lokale av denne størrelsen som har ledig kapasitet til å oppbevare og lagre ei mobil scene. Om ein må skaffe nye lokale for lagring vil dette også ha ein økonomisk konsekvens.

Ei investering av ei mobil scene, vil ikkje vere berettiga for mva. kompensasjon. Det kjem ikkje fram i saka om kostnadane som er oppgitt er eks. eller inkl. mva.

Ideen om mobil scene er kreativ. Når det gjeld kven som skal ta ansvar for dette, og korleis det bør organiserast, er det naturleg å trekkje opp nokre prinsipp rundt kva som er kommunalt og privat ansvar for ulike oppgåver. Kommunen kan delta i samskaping med lag og organisasjonar på måtar der ein ikkje communaliserer private tenester, som t.d gjennom tilskotsordningar mv.

Asfaltering Reset

Volda skisenter søker om å få dekt kostnader knytt til opparbeiding, masseutskifting og førebuing for asfaltering av p-plassen på Reset.

Administrasjonen har måtte prioritere strengt for å få plass til dei mest prioriterte tiltaka i budsjettarbeidet.

Dette tiltaket er ikkje eit må-tiltak og er derfor ikkje prioritert i administrativt framlegg.

3 INVESTERINGAR

Eit mål for administrasjonen er å få til eit realistisk investeringsbudsjett, der vi veit at i klarer ressursmessig å gjennomføre dei prosjekta som vert vedtatt.

Inn mot 2018 vart talet på prosjekt redusert og vi har også inn mot 2019 heile tida vurdert ressursbruk inn mot forslag som vert lagt fram. Ser vi på status i 2018 og gjennomføring av prosjekt ser vi at det berre er 50 % av planlagt ramme som er gjennomført. Fleire områder og prosjekt vil ha restrammer som må overførast til 2019.

I denne økonomiplanperioden er der fleire store prosjekt som vil krevje høg ressursoppfølgjing frå teknisk sektor. Som følgje av dette er det ikkje opna for så mange nye investeringsprosjekta. Dei prosjekta som ligg som framlegg er vidareføring av prosjekt som allereie er i gang.

I skjema 2A ser vi investeringsrammer og finansiering samla for åra i økonomiplanperioden.

Detaljert oversikt over investeringssprosjekta kjem frå kapittel 3.1 og utover.

Dei større investeringane i økonomiplanperioden er:

- Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule
- Kino og kultursal
- Idrettshall (infrastruktur Volda Campus Arena)
- Svømmehall
- Sentrumsbarnehage
- IKT og digitalisering (digitalisering i skulen og velferdsteknologi)
- Bustadfeltet Urbakkfoten med tilhøyrande veginfrastruktur
- Opparbeiding av Rotset næringsområde
- Flaumførebygging i Volda sentrum

Dei store prosjekta som ungdomsskule, kino- og kultursal, svømmehall og barnehage har slik planlagt oppstart og ferdigstilling:

	Ramme utan mva	Oppstart	Ferdigstilling
Volda ungdomsskule	160 800 000	2019	2021
Kultur- og kinosal	169 000 000	2019	2021
Symjeanlegg	80 000 000	2020	2022
Barnehage	40 000 000	2021	2022

SKJEMA 2A INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Tekst	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Investeringar i anleggsmidler	198 912 756	276 378 262	254 708 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Utlån og forskutteringer	3 555 000		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	2 757 961		0	0	0	0
Avdrag på lån	2 293 875		0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket			0	0	0	0
Avsetninger	10 457 119		800 000	0	0	0
Årets finansieringsbehov	217 976 711	276 378 262	255 508 000	251 283 000	202 108 000	51 750 000
Bruk av län nemidler	-161 409 955	-210 054 470	-187 084 400	-204 734 400	-166 756 400	-41 400 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-2 270 392		0	0	0	0
Tilskudd til investeringar	-5 000		0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-34 521 960	-40 556 688	-44 311 600	-40 116 600	-35 351 600	-10 350 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 162 742	-971 000	-1 552 000	-832 000	0	0
Andre inntekter	-1 512 837		0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-207 882 886	-251 582 158	-232 948 000	-245 683 000	-202 108 000	-51 750 000
Overført fra driftsregnskapet	-6 567		0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	-3 625 277		0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-6 461 980	-24 796 104	-22 560 000	-5 600 000	0	0
Sum finansiering	-217 976 711	-276 378 262	-255 508 000	-251 283 000	-202 108 000	-51 750 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0	0	0

3.1 IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI

SKJEMA 2A INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI:				
IKT Volda kommune	600 000	600 000		
IKT investeringar nye Volda	8 400 000			
IKT-satsing oppvekst	750 000	750 000	750 000	
Investering velferdsteknologi, Helse og omsorg	1 250 000	1 250 000	1 250 000	
Robotreinhald	1 000 000			

Ikt Volda kommune, velferdsteknologi Helse og omsorg og IKT satsing oppvekst er alle investeringsprosjekt som er vidareført frå økonomiplan 2018-2021.

Robotreinhald er ny og er eit tiltak frå eigedom si side for å effektiviser reinhaldet. I samband med etablering av nye Volda er det viktig å få på plass infrastruktur i og mellom kommunane, samt tilpasning av programvare. Dette er investeringar som vi ønskjer skal finansierast med låneopptak. Ei av kommunane må gjere vedtak om låneopptak og det er naturleg å legge dette til Volda sitt kommunestyrevedtak.

3.2 EIGEDOM

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
EIGEDOM:				
Volda u-skule	50 250 000	100 500 000	50 250 000	
Symjeanlegg		25 000 000	50 000 000	25000000
Kultur- og kinosal	46 475 000	92 950 000	46 475 000	
Ny barnehage sentrum		500 000	25 000 000	25000000
Branndepot Straumshamn		800 000		
Legesenteret	5 000 000			
Omsorgsenteret, oppgradering kjøkken	7 700 000			
Oppgradering kommunale bygg	4 700 000	5 200 000		
4. etasje omsorgsenteret, omgjering til kontor	10 000 000			
Oppgradering Smalebakken 3	7 500 000			
Folkestadtun – oppgradering	1 800 000			
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet	2 800 000			
Myrtun - nytt tak	1 500 000			

Dei største investeringane på eigedom er omtalt tidlegare. Fleire av dei andre tiltaka er også vidareføring frå vedtak i førre økonomiplan, eller prosjekt som er vliit lagt fram som eigne saker.

3.3 INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSUTVIKLING

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
NÆRINGSUTVIKLING OG INFRASTRUKTUR:				
Utbetring kommunale vegar	6 000 000	4 000 000		
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg		1 500 000	8 500 000	
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				500000
Levetidsforlenging for bruer		800 000	800 000	
Friluftstiltak m.m. (aaa)	333 000	333 000	333 000	
Næringsområde Øvre Rotset	22 500 000	5 000 000		
Kommunal del sentrumsutvikling	5 500 000	2 000 000		
Flomførebygging	26 000 000			
Sansehagen oppgradering av hagen		500 000		
Samleveg Urbakkfoten			8 100 000	15 000 000
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg	4 500 000			
Infrastruktur Volda Campus Arena	30 000 000			

Rammene for utbetring kommunale vegar er auka samanlikna med vedtaket frå i fjor, med 6 mill kr i 2019 og med 2 mill kr ekstra i 2020. Næringsområdet Øvre Rotset er auka etter anbodsprosess, jf. Eige saksframlegg. Når det gjeld flomforebygging er også her lagt inn ei auke.

3.4 MASKINER OG KØYRETØY

SKJEMA 2b INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT2019				
(Brutto investeringsramme)	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
MASKINER OG KØYRETØY M.M				
Maskiner, verktøy og køyretøy til Eigedomsdrift	500 000	500 000		500000
Maskiner og køyretøy til parkdrift	300 000	150 000	150 000	
Maskiner og køyretøy til vegdrift	1 250 000	750 000	2 500 000	750000
Brann - Beredskapsmateriell og køyretøy	600 000	600 000	600 000	
Feiing			500 000	

Alle desse tiltaka er vidareføring frå økonomiplanvedtaket i fjor.

4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen:

- Finansområdet
- Statsbudsjettet for 2019, frie inntekter, utgiftsutjamnig og andre statstilskot
- Folketalsutvikling
- Egedomsskatt
- Næringsutvikling
- Kommunereforma

Vi skal i tillegg sjå på Volda kommune i høve til andre kommunar (KO STRA).

Tabellen under viser budsjettkjema 1 A for komande økonomiplanperiode. Budsjettkjema 1A viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til netto finanskostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 2 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn utrekning av budsjettkjema 1A.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Ordinært rammetskudd	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Sum frie inntekter	-509 563 126	-487 600 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000	-519 644 000
Egedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre direkteog indirekte skatter	-753 804	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-38 965 199	-34 558 300	-39 092 525	-44 092 525	-44 092 525	-44 092 525
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-566 185 394	-540 358 300	-578 736 525	-584 036 525	-593 786 525	-593 786 525
Renteinntekter og utbytte	-7 037 353	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000
Avkastning plasseringar	-2 270 627	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	20 441 986	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Avdrag på lån	25 305 001	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	36 439 007	42 886 596	50 405 914	52 640 670	73 528 246	80 720 746
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteningar	21 489 982	0	0	0	0	29 000 000
Til bundne avsteningar	26 339 969	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-19 656 898	-18 326 734	-67 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Bruk av bundne avsetninger	-275 000	0	0	0	0	0
NETTO AVSETNINGER	6 408 071	-17 626 734	-66 858 908	-12 884 834	-22 655 410	-847 910
Overført til investeringsbudsjettet	6 567	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-523 331 749	-515 098 438	-595 189 519	-544 280 689	-542 913 689	-513 913 689
Sum fordelt drift fra skjema 1B	523 331 749	515 098 438	595 189 519	544 280 689	542 913 689	513 913 689
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

4.1 FINANSOMRÅDET


I 2018 har Volda kommune hatt fram sak og vedteke nytt finansreglement. I tråd med nytt reglement vert det no arbeidd med å tilpasse pporteføljen både på gjelds- og plasseringssida med våre forvaltarar.

Volda kommune nyttar Bergen Capital Management som forvaltar på gjeldssida og Storebrand på aktiva sida. I tillegg plasserer vi ledig likviditet med vår hovudbank Sparebank1 Søre Sunnmøre.

Dei siste åra har Volda kommune si gjeld auka. Det vil den også gjere i komande økonomiplanperiode. Tabellen under viser planlagde lâneopptak i komande økonomiplanperiode:

	2018	2019	2020	2021	2022
Lånegjeld 01.01	932 105 809	1 187 563 834	1 336 426 786	1 509 060 418	1 635 086 730
Låneopptak	284 114 153	180 084 400	204 734 400	166 756 400	41 400 000
Avdrag	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
Lånegjeld 31.12	1 187 563 834	1 336 426 786	1 509 060 418	1 635 086 730	1 632 160 392

Under er utvikling av langsiktig gjeld i økonomiplaperioden illustrert grafisk:



Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for finansutgifter i komande økonomiplanperiode:

	2018	2019	2020	2021	2022
Rente utgifter	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Sum renter	22 670 468	27 624 466	28 979 902	41 238 158	44 834 408
Avdrag	28 656 128	31 221 448	32 100 768	40 730 088	44 326 338
Sum finansutgifter	51 326 596	58 845 914	61 080 670	81 968 246	89 160 746

Volda kommune har i 2018 (oktober) ei gjennomsnittsrente på 1,79 %.

I økonomiplanperioden er det venta at renta kjem til å auke. Renteauken på eksisterande gjeld er lagt inn som eige tiltak. Nye investeringar er lagt inn med ei rente på 2,5 %.

Avdrag

Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på sine langsiktige lån. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc.) og levetida til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut ved 2 ulike metodar, forenkla metode eller avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode).

Forslag til ny kommunelov er sendt på høyring. I forslaget til ny kommunelov vert det lagt opp til at det ikkje lenger er lov å nytte denne modellen. Dette vil føre til 2,1 mill kr i auka årlege avdrag for Volda kommune, men vil ikkje få effekt før ny kommunelov trer i kraft i 2020. auken er lagt inn i budsjettet

Lånegjeld og renteeksponering

Salg av aksjer og andeler			0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-6 889 762		0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	-6 567		0	0	0	0
Bruk av tidligere års overskudd	-3 625 277		0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond		-2 000 000	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-802 672		0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 659 308	-22 796 104	-22 560 000	-5 600 000	0	0
Bruk av bundne investeringsfond			0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-178 393 541	-234 850 574	-209 644 400	-210 334 400	-166 756 400	-41 400 000
UDEKKT/UDISPONERT	0	0	0	0	0	0



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

NOTAT

Sak: Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1099	16443/2018	151	ØKO/KARISUN	27.11.2018

UTFYLLANDE KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSPROSJEKT

I administrativt framlegg til økonomiplan 2019-2022 ligg der fleire investeringsprosjekt i ulik størrelse og omfang. Dei fem største investeringane krev stor ressursbruk og er prioritert. Dette gjer at andre prosjekt er skjøve fram i tid samanlikna med tidlegare intensjon. Dette gjeld mellom anna innafor bustadfelt og infrastruktur kring dette. Sjølv om prosjekta er flytta noko ut i tid betyr det framleis at desse er tenkt gjennomført, men noko seinare enn tidlegare signalisert.

Opprusting av Raudemyrvegen til samleveg, som i utgangspunktet var planlagt oppstart i 2019 er flytta til år 2021.

Kleppevegen som var planlagt prosjektert i 2021 er flytta til 2022.

Bustadfelt og samleveg Urbakkfoten (Håmyra) startar opp i 2020 og ikkje 2019 som tidlegare planlagt.

Kapasiteten på tilgjengelege prosjektleiarressursar er fordelt på dei prioriterte investeringsprosjekta. Dersom ein gjer endringar i prioriteringane på investeringane, må ein også sjå det i samanheng med ny fordeling av prosjektleiarkapasiteten.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot Arkivsak nr.: 2018/2216
Arkivkode: 151

Utvalseaksnr	Utval	Møtedato
59/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

UTTALE TIL HORNINDAL FORMANNSKAP SI INNSTILLING TIL ØKONOMIPLAN 2019-2022/ BUDSJETT 2019

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 til vitande

Vedleggsliste:

- Vedtak i FORM – 053/18 fra 26.11.18
- Administrativt framlegg til økonomiplan 2019-2022/budsjett 2019 Hornindal kommune

Uprenta saksvedlegg:

Saksopplysningar/fakta:

Etter inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi uttale til årsbudsjett og økonomiplan for kommunane som skal slåast saman fram til samanslåingstidspunktet. Uttalet skal sendast til fylkesmannen. Hornindal formannskap si innstilling med saksutgreiing, samt budsjettdokumentet ligg ved for gjennomgang og handsaming i Fellesnemnda.

Utskrift av endelig vedtak:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Klageinstans:



Hornindal kommune

Arkiv: FE-151
Arkivsaksid: 18/433-8
Saksbehandlar: Brita Sollid
Dato: 20.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Utval for Oppvekst og Helse	
	Utval for utvikling	
053/18	Formannskapet	26.11.2018
	Kommunestyret	

Budsjett 2019 - Økonomiplan 2019 - 2022

Vedlegg i saka:

20.11.2018 Budsjettdokument 2019 1346262

Sakstilfang/Lover/Plandokument

Bakgrunn for saka

Til grunn for Formannskapet si innstilling til årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021, er rådmannen sitt framlegg til budsjett. Etter kommunelova §45, har ikke rådmannen sitt budsjettframlegg karakter av formell innstilling. Det er formannskapet som skal gi tilråding til kommunestyret i saka. Med den bakgrunn legg rådmannen fram eit grunnlagsdokument for budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022.

Saksopplysningar

Det vert synt til vedlagt budsjettthefte.

Drøfting

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 er eit grunnlagsdokument for vidare politiske handsaminga av budsjett og økonomiplan. Framlegget har vore presentert for alle politikarane, samt tillitsvalde, AMU og einingsleiarar. Etter dette er budsjett og økonomiplan formannskapet sitt dokument, og skal leggast ut til offentleg høyring den 27.11.18. Kommunestyret skal endeleg handsame budsjettet 12. desember 2018.

Som utgangspunkt for budsjettframlegget hadde rådmann eit avgrensa handlingsrom,

men
ein har saman med einingsleiarane gått gjennom ulike postar og forsøkt å budsjettere
realistisk – og
nøkternt. Målet er at alle budsjetterte utgifter og inntekter skal vere så sikre som mogleg.

Økonomiplanperioden skal ta utgangspunkt i kommunen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar, og skal syne korleis kommunen ynskjer å bruke ressursane og kva tiltak som skal setjast i verk i planperioden. Sidan Hornindal og Volda frå 2020 skal utgjere ei kommune, vil det måtte utarbeidast ny økonomiplan gjeldande frå 2020.

Ein har difor valt å ha mest fokus på investeringsbudsjettet for 2019.

Det er stort investeringsbehov knytt til tekniske tenester i Hornindal. Rådmann vil rá til at allereie

vedtekne og finansierte prosjekt vert prioritert gjennomført før ein startar på nye arbeidskrevjande prosjekt. Ein ser likevel at det er viktig å innarbeide dei nye prosjekta i økonomiplanperioden.

I framlegg til budsjett 2019 er det lagt opp til eit låneopptak på kr. xxx. Ein må heile tida vurdere lånegjelda opp mot den økonomiske berekrafta til kommunen samla sett. Lånegjelda til Hornindal er høg rekna ut frå talet på innbyggjarar, og er ein er såleis eksponert for rentesvingingar. Det er i budsjettet teke høgde for ei mindre rentejustering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Budsjettvedtak:

Budjettskjema 1A - Driftsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 1B - Netto driftsbudsjett per eining 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 2A – Investeringsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 2B - Investeringsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 – 2022

2. Låneopptak

Det vert teke opp lån med inntil kr xx xx NOK.

Formannskapet 26.11.2018:

Handsaming:

FORM- 053/18 Vedtak:

Samrøystes tilråding til kommunestyret:

1. Budsjettvedtak:

Budjettskjema 1A - Driftsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 1B - Netto driftsbudsjett per eining 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 2A – Investeringsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 - 2022

Budjettskjema 2B - Investeringsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019 – 2022

2. Låneopptak

Det vert teke opp lån med inntil kr 15 688 000 NOK.

3. Som ein konsekvens av kommunesamanslååinga med Volda kommune vedtek Hornindal kommune innføring av eigedomsskatt frå 2020.

BUDSJETT 2019 ØKONOMIPLAN 2019 – 2022 Hornindal kommune

Utval/komite:	Saksnr.	Dato
Ungdomsrådet		
Eldrerådet		
Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne		
Utval for oppvekst og helse		05.12
Utviklingsutvalet		
Arbeidsmiljøutvalet		
Formannskap		
		26.11
Off. ettersyn – 14 dagar		
Kommunestyre		12.12

Innhald

1.	Rådmannen sine kommentarar til budsjettet.....	4
1.1.	Om budsjett og økonomiplan	4
1.2..Økonomiske utviklinga i Hornindal kommune.....	4	
1.3.Nytt inntektssystem frå 2017	5	
1.4 Felles forståing av situasjonen og identifisering av det økonomiske handlingsrommet	5	
1.5. Overordna mål og rammer for ønska økonomisk utvikling.....	5	
1.6 Omdømme	5	
1.7 Tilsette	6	
1.8 Planverk	6	
1.9 Ny kommune frå 2020	6	
2.	Driftsinntektene	6
2.1. Befolkningsprognose	7	
2.2. Prognose folketal for neste år og for økonomiplanperioden	7	
2.3. Frie inntekter	7	
2.4. Skatt og rammetilskot	8	
2.5. Andre punkt i kommuneøkonomien for 2019.....	10	
3.	Driftsutgiftene	12
3.1. Løns- og prisvekst	12	
3.2. Arbeidsgjeveren sin del av pensjonsutgiftene.....	12	
3.3. Arbeidsgjevaravgift.....	12	
3.4. Lønsaukekonto, avsett på sentral konto	12	
4.	Investeringar og gjeld	13
4.1. Langsiktig gjeld	13	
5.	Renter og avdrag	14
5.1. Avdrag.....	14	
5.2. Renter	14	
6.	Andre finansielle føremål	15
6.1. Renteinntekter	15	
6.2. Finansielle plasseringar	15	
6.3. Tilskot til privat barnehage.....	15	
6.4. Tilskot til kyrkja.....	15	
6.5. Bruk av fond	16	

7. Andre kommentarar	28
7.1.Ukjende faktorar som kan få innverknad på budsjettet i løpet av året:	28
7.2 Tiltak som må utgreiast/gjennomførast framover	28
7.3 Nye tiltak som er lagt inn i budsjett 2019.....	28
7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i budsjett 2019.....	28
8. Investeringar i planperioden	29
9. Avsluttande kommentar.....	29

1. Rådmannen sine kommentarar til budsjettet

1.1. Om budsjett og økonomiplan

Reglane for budsjett og økonomiplan finn ein i Kommunelova sine paragrafar § 44-47. Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine økonomiske disponeringar og er samanfallande med det første av den fireårige økonomiplanen. Økonomiplanen skal gje eit mest mogleg realistisk oversyn over venta utgifter og inntekter – og prioriteringar av oppgåver i perioden. Økonomiplanen er ikkje bindande utover fyrste året. Rådmannen har etter lovverket ikkje ein sjølvstendig innstillingsrett eller plikt til å legge fram budsjett og økonomiplan. Likevel har rådmann ansvar for å utarbeide eit framlegg til budsjett og økonomiplan med eventuelle prioriteringar og kutt. Framlegget skal vere i balanse.

Dette er det siste årsbudsjettet som skal utarbeidast for Hornindal kommune. Det betyr at ein ikkje kan utarbeide ein reell økonomiplan, men den gjev likevel signal om kva økonomi Hornindal går inn i nye Volda med etter 2020. Det vert også utarbeidd eit «skyggebudsjett» for Hornindal og Volda 2019. Dette vil gje eit bilet av den felles økonomien i 2019, som så skal danne grunnlag for budsjett 2020.

1.2..Økonomiske utviklinga i Hornindal kommune

Hornindal kommune har sjølv ansvar for ei god økonomistyring. Ei kommune med ein sunn økonomi vil ha handlingsrom til å møte innstramingar eller uføresette hendingar. Hendingar som fører til redusert driftsresultat eller bruk av tidlegare års avsetjingar, utan at det får direkte konsekvens for tenestetilbodet. Kommunar utan dette handlingsrommet må gå rett på tenestekutt.

I Hornindal kommune hadde vi i 2014 eit negativt driftsresultat på 2,9%. Sidan 2015 har ein hatt positivt driftsresultat. Dette har gradvis styrka seg frå 2,5% i 2015 til 2,7 % i 2017. Det er anbefalt at kommunane legg seg på eit driftsnivå på minimum 1,75 %. Sett i lys av høg lånegjeld og store investeringar er kommunen inne i ein krevjande økonomisk situasjon der ein er eksponert for svingingar i rentemarknaden.

Dei siste åra har utgiftene vore større enn inntektene og fond frå år med betre resultat har blitt brukt til å dekke underskot og til å saldere budsjett. Budsjett 2019 legg også opp til bruk av fond, for slik å kunne oppretthalde tenestetilbodet.

Vi ser ei auke i etterspurnad etter kommunale tenester og ynskje om styrka teneste på allereie etablerte tenester. I pleie og omsorgssektoren er etterspurnaden etter tenester aukande, utan at ein har makta auke rammene tilsvarande. Innføring av samhandlingsreforma har også gjeve auke i utgiftene samstundes som ein ser at interkommunale samarbeid knytt til KAD og legevakt fører til auka driftsbudsjett på helsesida. Ein ser også at fleire av dei interkommunale samarbeida er kostnadsdrivarar.

Det som likevel er mest alvorleg er at Hornindal kommune ikkje har veskt i folketalet. Dette slår ut i overføringane til kommunen og svekka skatteinntekter. Frå 2017 til 2018 har Hornindal ein folketalsreduksjon på 41, og då er ikkje grensejusteringa mot Stryn hensynteke. Det skal også seiast at kommunen ikkje har utnytta sitt inntektpotensiale gjennom skattelegging, men sett i lys av eit relativt høgt avgiftsnivå elles, finn ein det krevjande å føreslå innføring av eigedomsskatt før 2020.

1.3.Nytt inntektssystem frå 2017

Frå 2017 er det innført nytt inntektssystem. Kostnadsnøklane i inntektssystemet er gjennomgått og det er innført nye omgrep som basistilskot, distriktstilskot og endring på vekstkomunetilskot. Det er lagt større vekt på folketal og vekst.

Kommunar som er under 3200 innbyggjarar og har ein distriktsindeks under 35 får utmåling gjennom distriktstilskot (småkommunetilskot). Hornindal kommune får full utmåling på distriktstilskot (småkommunetilskot), dette fordi vi har ein distriktsindeks som ligg under 35. Hornindal kommune sin indeks er 30.

Med innføring av nytt inntektssystem får ikkje Hornindal kommune fullt basistilskot. Fullt basistilskot er 15 mill kr. Hornindal får 0,89% av fullt tilskot, dette fordi strukturkriteriet seier noko om avstand til nærmaste 5000 innbyggjarar. Dei kommunane som har kortare avstand enn 25,5 km får basistilskotet gradert.

For 2019 får Hornindal kommune ein vekst i dei frie inntektene på 1,5 %. Dette er under snittet i Sogn og fjordane, som er på 2,8% og veksten i landet er på 2,9%. Løns- og prisveksten er rekna til 2,8%, noko som fører til at Hornindal kommune for 2019 samla sett opplever ein negativ vekst i frie inntekter.

1.4 Felles forståing av situasjonen og identifisering av det økonomiske handlingsrommet

Ein må bruke 2019 til å kartlegge tenestetilboda og investeringsbehova i Hornindal og Volda for slik å kunne identifisere det økonomiske handlingsrommet for den nye kommunen. Det er i åra framover viktig med felles situasjonsforståing, erkjenning og aksept for dei økonomiske utfordringane framover. Det bør vere semje om at ein ikkje kan basere budsjettarbeidet i åra framover på auke i statlege overføringer.

Ein kan ikkje lagt opp til auke i tenestetilboden i 2019. Det er vanskeleg å sjå føre seg nye tiltak som treng kommunal finansiering. Dette vil bety at dei ulike avdelingane ikkje vil få tilført ressursar i tråd med det dei meiner er naudsint for å kunne oppretthalde og utvikle ei forsvarleg drift. Ein bør også söke etter ei felles forståing for ei nøktern investering. Ein kan ikkje investere i tiltak som fører til auka driftsutgifter.

1.5. Overordna mål og rammer for ønska økonomisk utvikling

Det overordna målet for økonomistyringa og den langsiktige planlegginga er ei økonomisk berekraftig utvikling som tek i vare dagens behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjonar klarer å ta i vare sine behov (generasjonsprinsippet). I årets budsjettframlegg har ein valt å halde fast på ei optimistisk budsjettering knytt til lågt rentenivå i 2019. Dette er etter rådmann si oppfatning ansvarleg.

1.6 Omdømme

«Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar det gode liv i bygda».

Gjennom fleire år med nedskjering i tenestetilbod og auke i gebyr, må ein ta seg vel i vare i høve omdømme til kommunen. Likevel vil ein kunne hevde at Hornindal kommune er ei god kommune å

vekse opp i, bu og arbeide i. Sjølv om tenestetilbodet er sett under press, er det stabilt og har høg kvalitet. Ein ser at dei viktigaste investeringane i åra framover knyter seg til å kunne ha tilgang på attraktive og byggjeklare tomtar, eit godt barnehage- og skuletilbod.

1.7 Tilsette

Vi er inne i ei tid der rammevilkåra endrar seg i fleire retningar. Ein opplever å få fleire og meir krevjande oppgåver, dette parallelt med mindre tilgjengelege ressursar. Dette vil kunne spele negativt inn knytt til arbeidsmiljø, sjukefråvær og attraktivitet. Hornindal kommune er ikkje i noko særstilling i så måte, ein opplever her det same presset som andre kommunar. Ein opplever å ha ein stabil og lojal arbeidsstokk i Hornindal kommune. Det tilsette står lenge i tenesta og gjer ein framifrå jobb med si kompetanse, erfaring og innstilling.

Det ligg no føre utkast til ny bemanningsnorm i brannvesenet. KS i Sogn og Fjordane har sett nærmere på dette, og har kome fram til at om Hornindal kommune skulle halde fram som eiga kommune med eige brannvesen, vil ein måtte legge inn i overkant av 2 millionar i ekstra lønsutgifter for å stette krava. Vi veit også at det frå 2020 vil verte krav om at alle kommunar skal ha tilsett psykolog.

1.8 Planverk


Hornindal kommune har avgrensa kapasitet knytt til planarbeid. Dette fører til at ein ikkje har fått utarbeidd nytt planverk, eller revidert gjeldande planverk. Dette er frustrerande både for administrasjonen, politikarane og innbyggjarane. Men i ei tid med knappe ressursar har ikkje auka bemanning på plansida blitt prioritert. Ein må no ha fokus inn mot ny kommune, og utarbeiding av nytt felles planverk. Ei god utvikling handlar om å sjå dei store linjene gjennom overordna målsetjingar i samfunnsplass, gjennom handlingsplanar/økonomiplanar, årsbudsjett og inn i den enkelte sak som vert behandla i dei ulike politiske organ. Dette vil bli ei viktig oppgåve for det nye kommunestyret frå 2020.

1.9 Ny kommune frå 2020

Det er no vel eit år igjen til nye Volda kommune vert etablert. Vi ser at arbeidet med å byggje ny kommune tek både tid og ressursar. Likevel ser ein at dette arbeidet har ført til at ein får rydda i eige hus. Ein gjennomgang av alle kommunale avtalar syner at mykje er modent for revisjon, og ein har også kritisk lys på eige tenestetilbod og utnytting av ressursar. Det er ikkje tvil om at 2019 vert eit hektisk år for dei tilsette, og ein ber politikarane ha forståing for dette. Frå Hornindal kommune si side vil ein legge vinn på å arbeide for framleis gode tenester for innbyggjarane i Hornindal. Sjølv om vi skal byggje nytt, vil nybygget vere tufta på det beste frå det gamle.

2. Driftsinntektene

Befolkningsprognose



Av tabellen over ser vi at i gruppa 0-5 og 6-15 år er det synkande folketal. Dette er uheldig etter som det er i den gruppa kommunen mottek mest i dei frie inntektene. Også i gruppa 16-67 år er det synkande folketal.

2.1. Prognose folketal for neste år og for økonomiplanperioden

Prognosene for folketalsutviklinga byggjer på SSB's prognose for middels folketalsutvikling. Dette er prognose fram mot år 2040. Prognosene er lagt til grunn for berekning av dei frie inntektene.

	2018	2019
0-1 år	24	19
2-5 år	42	43
6-15 år	158	148
16-22 år	126	123
23-66 år	623	606
67-og eldre	223	217
Sum folketal	1196	1156


Pr 1.7.2018 er folketalt i Hornindal kommune 1156. Prognosene ovanfor byggjer på SSB si prognose om folketalsutviklinga i Hornindal med middels folkevekst som grunnlag. Det er størst nedgang i aldersgruppa 0-15 og 23-66.

2.2. Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter (frå private og føretak), momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlege tilskot og er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene. I tillegg kan kommunar velje å innføre eigedomsskatt.

Tidsserie frie inntekter pr innbyggjar 2017.

Utvalgte nøkkeltall for kommuneregnskap, etter år. Hornindal, Fri inntekter per innbygger (kr).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

2.3. Skatt og rammetilskot

Framlegg til statsbudsjett for 2019 legg opp til ein nominell vekst i kommunane sine frie inntekter – skatt og rammetilskot - på 1,5%. Med ein berekna pris- og kostnadsvekst (kommunal deflator) på 2,8%.

Det kommunale skatteøret for personlege skatteytarar vert sett til 11,8%, det er uendra frå 2017. Skatteøret er tilpassa føresetnaden om at skattane sin del av dei samla inntektene for kommunane frå 2018 er 40%.

Prognose for skatteinntekt syner at Hornindal kommune ligg på 70% av landsgjennomsnittet for skattenivå pr. innbyggjar, og vil få noko kompensasjon for dette gjennom skatteutjamning.


For Hornindal kommune vil det bety at forslaget til statsbudsjett gir ein nominell vekst i frie inntekter på 1,5 % tilsvarande 1,2 mill kr. Skatteanslaget er oppjustert ned i høve revidert nasjonalbudsjett, og skatteinngongen dei siste månadane har vore i tråd med anslaga i RNB 2018. Dette betyr at anslaget på skatt for kommunen vert oppretthalde.

Med ein berekna pris- og kostnadsvekst på 2,8 %, vert real nedgang for Hornindal kommune i 2019 på 1 %. Hornindal kommune får ikkje noko fordelt av skjønsmidlar frå fylkesmannen i 2019.

Tabellen nedanfor syner utvikling i dei frie inntektene de siste åra (tal oppgjevne i 1000):

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
	2015	2016	2017	2018	2019
Rammetilskot	57223	54698	59253	60060	60482
Skatt	22708	24038	24790	24974	25000
Sum frie inntekter	79931	81736	84043	85034	85482

Utvikling i frie inntekter frå 2015 til budsjett 2019



Enkellementa i skatt og rammetilskot for 2019 og i økonomiplanperioden kjem fram i tabellen nedanfor (tal oppgjevne i 1000):

	2018	2019	2020	2021	2022
Innbyggjartilskot	28376	28564	28564	28564	28564
Utgiftsutjamning	14757	15548	15548	15548	15548
Overgangs- og nyordningar	2213	1963	1963	1963	1963
Småkommunetilskot	5543	5698	5698	5698	5698
Ordinært skjøn	300	200	200	200	200
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	51189	51973	51973	51973	51973
Netto inntektsutjamning	8871	8473	8473	8473	8473
Sum rammetilskot	60060	60446	60446	60446	60446
Skatt på inntekt og formue	24974	24773	24773	24773	24773
Sum frie inntekter	85034	85200	85200	85200	85200

Kommentarar til tabellen:

Innbyggjartilskot er eit kr-beløp pr. innbyggjar (pr. 2019 kr 24 710)

- ✓ Utgiftsutjamning er kommunen sitt utgiftsbehov i forhold til landsgjennomsnittet berekna ut frå veka kriteriedata. Hornindal kommune har eit utgiftsbehov som er 24,7 prosent over landsgjennomsnittet. Dette mottar kommunen 15,5 mill kr for i 2019. Endringar i befolkningsstruktur har påverke nivået på utgiftsutjamninga frå 2018 til 2019. Det er ein auke på 0,7 mill kr.
- ✓ Hornindal kommune mottar 0,2 mill kroner i skjønstilskot for kompensasjon for endringar i inntektssystemet i 2019.
- ✓ Inntektsutjamninga jamnar ut forskjellen i skatteinntekter mellom kommunane. Hornindal kommune er ein skattesvak kommune som mottar 8,4 mill kr i inntektsutjamning i 2019.
- ✓ Skatt på inntekt og formue vert berekna ut frå nasjonalt anslag på skattevekst.

Det har ikkje vore positiv folketalsutvikling i Hornindal kommune og dette gjer at ein får mindre innbyggjartilskot. Pr 1.7.2018 var rammetilskotet rekna ut frå 1156 innbyggjarar. Hornindal kommune må og vere med på å finansiere vekstcommunane elles i landet. Det er innført ny ordning frå 2017 at kommunar som veks meir enn 1,5% skal ha ekstra auke i rammetilskotet. Eit sokalla veksttilskot. Hornindal kommune er ikkje vekstcommune og får soleis ikkje slikt tilskot.

2.4. Andre punkt i kommuneøkonomien for 2019.

Tiltak som er lagt inn i rammetilskotet:

- ✓ Det er i dei frie inntektene lagt inn styrking av tidleg innsats i skule og barnehage
- ✓ Innstramming i toppfinansiering av ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet er auka til 1 320 000 og kompensasjonsgrad er 80% (uendra)
- ✓ Ansvar for frivilligentralane er lagt til kommunane og inn i rammetilskotet
- ✓ Styrking av kommunale tenester til rusomsorg
- ✓ Ytterlegare opptrapping ved å styrke habilitering og rehabilitering

Grunnskulen:

- ✓ Kompetanseheving i skulen held fram i 2019
- ✓ Auke i makspris i barnehagane til 2 990,- frå 1.1.19 og 3 040,- frå 1.8.19
- ✓ Ny bemanningsnorn i barnehagane
- ✓ Nye reglar knytt til gratis kjernetid til og å omfatte 2 åringane i barnehagen
- ✓ Lærarnorma vert vidareført
- ✓ Styrking av barnehagelæjarstudiet, ved å auke studieplassar

Helse og omsorg:

- ✓ Investeringstilskot til om lag 1500 heildøgns omsorgsplassar, frå 2021 vil tilskotet berre bli gitt til å auke det totale tal plassar i ei kommune. Gradvis innfasing fram til 2021
- ✓ Vidareføring av tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens
- ✓ Lagt opp til å styrke rekruttering og stabilitet i allmennhelsetenesta
- ✓ Frå 2020 er det eit lovfesta krav om psykologteneste i alle kommuner
- ✓ Innførast betalingsplikt for utskrivsklare pasientar i psykisk hjelsetvern
- ✓ Opptrappingsplan innan rusfeltet

3. Driftsutgiftene

Løns- og prisvekst, pensjonsutgiftene, arbeidsgjevaravgift

3.1. Løns- og prisvekst

I statsbudsjettet vert prisveksten for kommunale varer og tenester (kommunal deflator) frå 2018 – 2019 berekna til 2,8 prosent. Kommunen sin løns- og prisvekst vert kompensert ved å auke rammetilskotet med den kommunale deflatoren.

Kommunal deflator er samansett av lønsveksten og prisveksten på varer og tenester:

Lønsvekst	2,8 %
Prisvekst	2,8 %

3.2. Arbeidsgjevaren sin del av pensjonsutgiftene

Dei ulike pensjonsselskapa sender ut anslag på premieinnbetaling som påverkar likviditetsbudsjettet, men det er pensjonskostnadane, som er uavhengig av kva pensjonsselskap vi er medlem av, som skal utgiftsførast i regnskapet.

For 2019 har departementet berekna at pensjonskostnadane for kommunane vil auke utover det som vert kompensert. Ein slik auke må dekkast innan dei frie inntektene. Dette skuldast kostandar som følge av levealder, pensjonsreform og utbetaling av uførepensjon.

Følgjande satsar er lagt til grunn for pensjonspremien i budsjett/økonomiplan:

- KLP – Felles pensjonsordning 14,5 % av brutto lønsutgift
- SPK – Pensjonsordning for lærarane 14,5 % av brutto lønsutgift

Satsane er endra frå 2018 etter estimat motteke frå KLP. Prognosene viser at vi må legge inn 14,5%. Konklusjonen av dette er at ein legg til 14,5 % på begge kasser frå 2019.

3.3. Arbeidsgjevaravgift

Satsen på 10,6 % er vidareført i budsjett og økonomiplanperioden.

3.4. Lønsaukekonto, avsett på sentral konto.


Det er annakvart år avsett meir i lønsauke, dette grunna hovedoppgjer annakvart år.

	2019	2020	2021	2022
Avsett til lønsauke	1.200.000	1.200.000	1.200.000	1.200.000

4. Investeringsar og gjeld

4.1. Langsiktig gjeld

Finansielle nøkkeltall fra bevilnings- og balanseregnskapet i kroner per innbygger, etter statistikkvariabel og år. Hornindal, Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Som ein ser har lånegjelda til Hornindal kommune auka fram til 2016. Frå 2017 er den litt redusert.

Med dei investeringane vi står føre i 2019 vil den auke ytterlegare til ca 170 mill kr. Det er ikkje ei ønska utvikling, men heilt nødvendig og for å få gjennomført store investeringar innan VAR området.

I tillegg ønske om utbygging av Løvland bustadfelt.

Det er og spela inn store investeringar i framlegg frå etatane i 2019, nokre av desse vil bli flytta til 2020 og 2021.

I framlegg til budsjett 2019 er det difor lagt opp til eit relativt stort låneopptak. Ein må heile tida vurdere lånegjelda opp mot den økonomiske berekrafta til kommunen samla sett.

5. Renter og avdrag

Hornindal kommune har 140 mill kr lånegjeld. Rente- og avdragsbelastning fører til at ein mindre del av inntektene kan nyttast til å produsere tenester. Den lånefinansierte investeringsaktiviteten bør normalt sett vere lågare enn betalte avdrag gjennom året, for å unngå ytterlegare auke i lånegjelda.


5.1. Avdrag

Avdrag som forfell på Hornindal kommune sine lån utgjer: Årlege betalte avdrag i planperioden utgjer i 2019 7,5 mill kr, 2020 7,5 mill kr, 2021 7,5 mill, 2022, 7,5 mill.

5.2. Renter

I budsjettet for 2019 er det lagt til grunn eit rentenivå på 2%. Flytande lånerente var pr. oktober 2018 ca 1,9 %.

Styringsrenta i Norge er renta på bankane sine innskot i Noregs Bank. Endringar i Noregs Bank si styringsrente vil normalt ha sterkt gjennomslag i dei meste kortsiktige rentene i pengemarknaden og for bankane sine innskot- og lånerenter.



Det er med 30% sannsynlighet at renta vil stige i 2019

Den flytande lånerenta ligg omlag 1% over styringsrenta.

Den har fram til 2018 vore stabilt lav, og det er forventa at renta vil halde seg lav framover, men likevel stige litt. Det er likevel forventa ei rente under 2% fram til 2019 med 30% sikkerheit. Enkelte hevdar at budsjetta må tåle ein renteoppgang på 5%. Dette har ein ikkje teke høgde for i dette budsjettet. Fram til 2020 er det forventa ei rente mellom 2 og 3 %. Ein har valt å budsjettere med 2% for 2019.

	2019	2020	2021	2022
Renteinntekter	855	855	855	855
Renteutgifter på lån	2.620	2.620	2.620	2.620
Netto renteutgift	1.765	1.765	1.765	1.765

6. Andre finansielle føremål

6.1. Renteinntekter

Det er i økonomiplanperioden lagt til grunn renteinntekter på kommunen sine likvide midlar plassert i konto i banken. Rentenivået føl utviklinga i styringsrenta.

6.2. Finansielle plasseringar

Den eigenkapitalen Hornindal kommune har som ikkje vert nytta i den daglege drifta vert kalla overskotslikviditeten. Denne kapitalen er plassert i bank. I bank per dags dato: 12,5 mill kr.

Det er i planeperioden lagt opp til å nytte renteinntekter i driftsbudsjettet. Årleg utgjer det kr 0,8 mill Dess meir som vert nytta av fond dess mindre vert renteinntektene. Renteinntekt har og samanheng med renteutgifter. Er lånerenta lav, vil og renteinntekter holde seg lavt.

6.3. Tilskot til privat barnehage

Kommunalt tilskot til Tunåsen barnehage (inntil 36 barnehageplassar). Det er ikkje endringar i utmåling av tilskot i forhold til fjaråret. Tilskotet vert berekna ut frå to år gamle kommunale rekneskap som vert oppjustert til 2019 –nivå. Utrekningar etter denne ordninga viser at ein plass i Hornindal barnehage kostar:

Barn 0-2 år kr 235 731

Barn 3-6 år kr 116 490

Med det tal barn som i dag går i den private barnehagen vil tilskotet bli 3,8 mill kr.

6.4. Tilskot til kyrkja

Overføring til kyrkja er for 2019 kr. 580.000,- Dette er ein auke på kr. 10.000,- frå 2018. Det kan leggast til at Fellesnemnda yter tilskot til kyrklege fellesråd sitt arbeid som følgjer av kommunesamanslåing.

6.5. Bruk av fond

Det er lagt opp til slik bruk av fond for å balansere budsjettet:

2019 kr 2 347 000

Budsjettkjema 1A

8

Post	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Skatt på inntekt og formue	25000000	24974000	24790348
Ordinært rammetilkot	60482000	60060000	59478950
Andre generelle statstiskot	2483000	3034800	2509622
Sum frie disp inntekter	87965000	87756000	86778920
Renteinntekter og utbytte	880000	1065000	1133379
Renteutgifter og andre finansutg	2600000	2800000	2465161
Avdrag på lån	7500000	7500000	6596557
Motpost avskriving	7078900	7452600	6983100
Netto finansinntekter/-utgifter	-9220000	-9235000	-7450717
Til dekning rekneskapsmessig meirforbruk			
Til ubundne avsetningar			2977166
Til bundne avsetningar	560000	560000	2573293
Bruk av ubundne avsetningar	2383280	950400	602884
Bruk av bundne avsetningar	1603200	1092900	1749730
Bruk av disposisjonsfond			
Netto avsetningar			
Overført til investeringsbudsjettet			11743
Til fordeling drift	82171480	80004300	75640993
Sum fordelt til drift (budsjettkjema 1B)	82171480	80004300	75640993
Meiforbruk (+)/Mindreforbruk (-)		0	0

Budsjettkjema 1B

Ansv	Eining	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
	Til fordeling drift	82171480	79648100	75638198
101	Politisk styring	1367300	1327500	1227980
102	Ktr organ	439000	370000	349437
111,112,113	Stab	7335100	7298500	6438398
112	Overføring til kyrkja	580000	570000	560000
199	Lønsauke/res.tilleggsst	1215000	1235000	
201	Administrasjon		80000	18389
211	Hornindal skule	16220100	15806500	14741212
241	Musikk/kulturskule	251000	302900	284810
261	Hornindal barnehage	3669100	4026600	4113033
262	Private barnehagar	3800000	3630000	3929959
270, 271	Kulturadm	99000	168500	72962
281	SFO	158300	54300	131004
290	Bibliotek	358000	365000	334359
301	Helse og sos	143000	184200	125484
311	Omsorgsenter	16013000	14334200	15425466
311	Heimetenester	8257800	7735000	7345006
311	Tenesta for funksjonsh medfinansiering som.t	4735400	5016900	5449860
311	KAD	592100	539900	331048
321,322	Helse	3324780	1238100	3117765
323	legevakt	1180000	3235600	1119053
341	Dagsenter			
351	NAV/sos tenetser	425700	1122100	219074
355	Psykiatri			44156
361	Barnevern	470000	645500	370757
400-499	Utvikling	9534200	8598200	8245614
480/482	IT/Nordfjordnett/strategi	2003600	2119800	1643372
	Sum	82171480	80004300	75638198
	Ufordelt anna internt sal			
	Sum i alt	82171480	80004300	75638198

Budsjettkjema 2A - Investeringar

Post	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Investeringar i anleggsmidlar	19070000	10030050	11689154
Utlån og forskottingar			310218
Kjøp av aksjar og lutar			868173
Avdrag på lån			7806578
Dekking av udekka frå tidl år			
Avsetningar	150000	150000	463511
Årets finansieringsbehov	19070000	10180050	21137635
Finansiert slik:			
Brak av lånemidlar	15688000	7952900	8616220
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	150000	150000	112320
Tilskott til investeringar			
Komp frå MVA	2812000	1044650	897312
Mottatt avdrag på utlån og refusjonar	300000	332500	6300989
Andre inntekter			24000
Sum ekstern finansiering	18950000	9480050	15950842
Overført frå driftsbudsjetten			11743
Brak av udisponert frå tidlegare år			
Brak av avsetningar	120000	700000	3868933
Sum finansiering	19070000	10180050	19831519
Udekka (-) udisponert (+)	0	0	-1306115

Budsjettskjema 2B		161118	
Prosjektnr:	B-2019	B-2018	R-2017
Prosjekt: 2047 IT-investering skulen			60 569
Prosjekt: 2048 IT INVESTERING SKULEN		318 750	384 216
Prosjekt 4005 MPG			69 400
Prosjekt 4007 Opparbeiding park.pl sentr			210 919
Prosjekt: 4011 KIRKHORNNSBAKKANE BUSTADFELT	150 000	150 000	112 320
Prosjekt 4056 veg/park.sentrum			106 326
Prosjekt 4150Fleirbrukshall			2 024 080
Prosjekt: 4167 VASSLEDNING EKORNES			404 613
Prosjekt 4175 Forbygging Vikaelva	1 874 000		
Prosjekt 4207 off.toalett sentrum			397 269
Prosjekt 4230 tilbygg verslavegen			1 163
Prosjekt: 4231 Ddigtal kartgrunnlag			10 456
Prosjekt 4238 fibernatt Nordfjord			79 361
Prosjekt: 4251 UTVIDING RENSEANLEGG YTREHORN			4 680 972
Prosjekt: 4258 REHABILITERING HORNINDAL SKULE	8 000 000		288 280
prosjekt: 4260 PUMPESTASJON VED KYRKJA			374 989
Prosjekt 4267 legging fast dekke			559 298
Prosjekt: 4269 UTSTYR TIL SKULE OG IDRETTSANLEGG			874 875
Prosjekt: 4273 VEDLIKEHALD KOMM.BYGG			126 562
Prosjekt: 4274 VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG		1 250 000	32 070
Prosjekt: 4276 NÆRMILJØANLEGG PRESTEGARDSMARKA			222 578
Prosjekt 4277 vann Raudemel ind.omr			380 198
Prosjekt 4283 uteområde barnehagen			39 854
Prosjekt: 4284 LEGGING AV FAST DEKKE		563 000	
Prosjekt: 4287 REHABILITERING SMIA			683 532
Prosjekt:4288 FIBER TIL HEIMEN			2 851 405
Prosjekt: 4289 PROSJEKTTERING BUSTADFELT		800 000	54 744
Prosjekt:4290 OPPGRADERING WEBSAK			2 586 473
Prosjekt:4291 HØGDEBASSERNG HOLEBAKKANE			256 309
Prosjekt 4292 Legging av fast dekk	563 000		
Prosjekt 4293 Vedlikehald av komm bygg	1 250 000		
Prosjekt:4294 IT_investering IT-plan		475 000	46 438
Prosjekt 4295 IT-invest	150 000		
Prosjekt: 4297 KJØP AV FERISTER		163 000	4 570
Prosjekt 4298 opparbeiding Raudemel			226 138
Prosjekt: 4305 It-Investering IT_utstyr			217 513
Prosjekt: 4306 IT_investering Nordfjordnett	473 000	593 000	624 737
Prosjekt: 4307 Sikringstiltak Storeelva			
Prosjekt 4310 Kjøp av ny traktor	1 410 000		
Prosjekt: 4213 MASKINER OG UTSTYR		125 000	

Prosjekt: 4306 IT_investering Nordfjordnett	473 000	593 000	624 737
Prosjekt: 4307 Sikringstiltak Storeelva			
Prosjekt 4310 Kjøp av ny traktor	1 410 000		
Prosjekt: 4213 MASKINER OG UTSTYR		125 000	
Prosjekt: 4314 Forsterke fundament brannstasjon.			6 531
Prosjekt 4317 aggregat helsehuset	200 000		
Prosjekt: 4319 LÆRINGSPLATTFORM			263 225
Prosjekt 4320 ombygging helsesenter			41 225
Prosjekt 4321 feiebil			256 558
Prosjekt 4322 forprosjekt Nordfjordf			48 280
Prsjoekt:4328 Offentleg tømestasjon		250 000	
Prosjekt:4329 Opparbeiding Løvland	4 000 000	4 688 000	
Prosjekt:4330 Trafikksikringstiltak		554 300	
Prosjekt:4331 Kaldtlager skulen		250 000	
Prosjekt 4339 Opprusting av Lidavegen	500 000		
Prosjekt 4341 Trafikksikringstiltak	500 000		
Prosjekt: 8000 FINANISERING			526 409
Prosjekt: 8001 Forvaltningslån			898 173
SUM	19 070 000	10 180 050	21 032 628

Økonomiplan - Budsjettkjema 1A-drift

Post	Budsjett 2019	Økplan 2020	Økplan 2021	Økplan 2022
Skatt på inntekt og formue	25000000	25000000	25000000	25000000
Ordinært rammetilkot	60482000	60482000	60482000	604820000
Andre generelle statstiskot	2483000	2483000	2483000	2483000
Sum frie disp inntekter	87965000	87965000	87965000	87965000
Renteinntekter og utbytte	880000	880000	880000	880000
Renteutgifter og andre finansutg	2600000	2600000	2600000	2600000
Avdrag på lån	7500000	7500000	7500000	7500000
Motpost avskriving	7078900	7078900	7078900	7078900
Netto finansinntekter/-utgifter	-9220000	-9220000	-9220000	-9220000
Til dekning rekneskapsmessig meirforbruk				
Til ubundne avsetninger				
Til bundne avsetninger	560000	560000	560000	560000
Bruk av ubundne avsetninger	2383280	2383280	2383280	2383280
Bruk av bundne avsetninger	1603200	1603200	1603200	1603200
Netto avsetninger				
Overført til investeringsbudsjettet				
Til fordeling drift				
Sum fordelt til drift (budsjettkjema 1B)	82171480	82171480	82171480	82171480
Meiforbruk (+)/Mindreforbruk (-)		-		

Økonomiplan - Budsjettskjema 1B - drift

Ansv	Eining	Budsjett 2019	Økplan 2020	Økplan 2021	Økplan 2022
	Til fordeling drift	82171480	82171480	82171480	82171480
101	Politisk styring	1367300	1367300	1367300	1367300
102	Ktr organ	439000	439000	439000	439000
111,112,113	Stab	7335100	7335100	7335100	7335100
112	Overføring til kyrkja	580000	580000	580000	580000
199	Lønsauke/res tilleggsl.	1215000	1215000	1215000	1215000
211	Hornindal skule	16220100	16220100	16220100	16220100
241	Musikk/kulturskule	251000	251000	251000	251000
261	Hornindal barnehage	3669100	3669100	3669100	3669100
262	Private barnehagar	3800000	3800000	3800000	3800000
270	Kulturadm	99000	99000	99000	99000
281	SFO	158300	158300	158300	158300
290	Bibliotek	358000	358000	358000	358000
301	Helse og sos	143000	143000	143000	143000
311	Omsorgsenter	16013000	16013000	16013000	16013000
311	Heimetenester	8257800	8257800	8257800	8257800
311	Tenesta for funksjonsh	4735400	4735400	4735400	4735400
311	KAD	592100	592100	592100	592100
321	Helse	3324780	3324780	3324780	3324780
323	Legevakt	1180000	1180000	1180000	1180000
351	NAV/sos tenetser	425700	425700	425700	425700
361	Barnevern	470000	470000	470000	470000
480,482	IT/Nordfjordnett/strategi	2003600	2003600	2003600	2003600
400-499	Utvikling	9534200	9534200	9534200	9534200
	Sum	82171480	82171480	82171480	82171480
	Ufordelt anna internt sal				
	Sum i alt				

Økonomiplan - Budsjettskjema 2A - Investeringar

Post	Budsjett 2019	Økplan 2020	Økplan 2021	Økplan 2022
Investeringar i anleggsmidlar	18 920 000	35 616 000	4 013 000	2 763 000
Utlån og forskottingar				
Kjøp av aksjar og lutar				
Avdrag på lån				
Dekking av udekka frå tidl år				
Avsetningar	150 000	150 000	150 000	150 000
Årets finansieringsbehov	19 070 000	35 766 000	4 163 000	2 913 000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	15 688 000	28 028 000	3 120 000	2 250 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	150 000	150 000	150 000	150 000
Tilskott til investeringar				
Komp frå MVA	2 812 000	6 698 000	593 000	393 000
Mottatt avdrag på utlån og refusjonar	300 000	500 000		
Andre inntekter				
Sum ekstern finansiering	18 950 000	35 376 000	3 863 000	2 793 000
Overført frå driftsbudsjettet				
Bruk av udisponert frå tidlegare år				
Bruk av avsetningar	120 000	390 000	300 000	120 000
Sum finansiering	19 070 000	35 766 000	4 163 000	2 913 000
Udekka (-) udisponert (+)	-	-	-	-

Økonomiplan - Budsjettskjema 2B - Investeringar

Prosjektnr:	Budsjett 2019	Økplan 2020	Økplan 2021	Økplan 2022
Prosjekt: 2048 IT-INVESTERING SKULEN		150 000	150 000	
Prosjekt: 4011 KIRKHORNSBAKKANE BUSTAD	150 000	150 000	150 000	150 000
Prosjekt: 4175 FORBYGGING VIKAELVA	1 874 000			
Prosjekt: 4200 TILBYGG OG PARKERING SMIA			1 400 000	
Prosjekt: 4208 STRANDPROMENADE DEL 2		1 375 000		
Prosjekt: 4220 INNLØYSING AV GRUNN		1 350 000		
Prosjekt: 4258 REHAB.HORNINDAL SKULE	8 000 000			
Prosjekt: 4261 LEDNINGSNETT LØDØEN-TOMASGARD				800 000
Prosjekt: 4278 NÆRMILJØANLEGG PRESTEGARDSM		125 000		
prosjekt: 4292 LEGGING AV FAST DEKKE	563 000			
Prosjekt: 4293 VEDLIKEHALD AV KOMMUNA	1 250 000			
Prosjekt: 4296 IT-INVESTERING	150 000			
Prosjekt: 4302 IT-INVESTERING IT-PLAN		150 000		
Prosjekt: 4303 VEDLIKEHALD KOMMUNALE BYGG		1 250 000		
Prosjekt: 4304 LEGGING AV FST DEKKE		563 000		
Prosjekt: 4306 IT-INVESTERING NORDFJORD	473 000			
prosjekt: 4310 KJØP AV TRAKTOR-UTESEKSJON	1 410 000			
Prosjekt: 4312 KJØP AV LASTEBIL		1 410 000		
Prosjekt: 4315 KJØP AV VAREBIL UTESEKSJONEN		470 000		
Prosjekt: 4317 aggregat helsehuset	200 000			
prosjekt: 4318 VEG FRÅ GEILEKRYSSSET/FANNEMEL		3 750 000		
Prosjekt: 4323 IT-INVESTERING			150 000	
Prosjekt: 4324 VEDLIKEHALD KOMMUNALE BYGG			1 250 000	
Prosjekt: 4325 LEGGING AV FAST DEKKE			563 000	
Prosjekt: 4326 NY BRANNSTASJON		24 723 000		
Prosjekt: 4329 OPPARBEIDING LØVLAND	4 000 000			
Prosjekt: 4336 IT INVESTERING 2022			150 000	
Prosjekt: 4337 VEDLIKEHALD KOMM BYGG			1 250 000	
Prosjekt: 4338 LEGGING AV FAST DEKKE			563 000	
Prosjekt: 4339 OPPRUSTING AV LIDAVEGEN	500 000			
Prosjekt: 4340 REHAB FONTENE SVOR MUSS			500 000	
Prosjekt: 4341 TRAFIKKSIKRINGSTILTAK	500 000			
Prosjekt: 4342 VAREBIL TIL FDV-AVD		300 000		
SUM	19 070 000	35 766 000	4 163 000	2 913 000

7. Andre kommentarar

7.1.Ukjende faktorar som kan få innverknad på budsjettet i løpet av året:

- ✓ Renteutviklinga
- ✓ Skatteinngangen
- ✓ Auka etterspurnad etter pleie- og omsorgsteneste
- ✓ Uføresette hendingar – beredskap

7.2 Tiltak som må utgreiast/gjennomførast framover

- ✓ Deltaking i interkommunale samarbeid med tanke på samanslåing med Volda
- ✓ Utbygging av pleie- og omsorgstenesta i Hornindal kommune
- ✓ Utbygging innan VAR området
- ✓ Ferdigstilling av Hornindal skule
- ✓ Løvland bustadfelt

7.3 Nye tiltak som er lagt inn i budsjett 2019

- ✓ Auke i tilskot til Musea i Sogn og Fjordane
- ✓ Vidareført tilskot til frivillegsentralen
- ✓ Ambulant team
- ✓ Valdskoordinator
- ✓ Auke i kostnad til legevakt og legeavtalar
- ✓ Auke i kostnad knytt til KAD og kreftkoordinator
- ✓ Kostnad knytt til Nordfjordnett
- ✓ Drift av offentleg toalett i Hornindal sentrum
- ✓ Betaling for gjesteelevar og barn frå andre kommuner i barnehagen
- ✓ Konsekvens av K-sak 13/18 endre måltidsrutiner og auke i K3 vakt
- ✓ Varmestyring helsehuset
- ✓ Vendebrytar på omsorgsenteret

7.4 Tiltak som ikkje er lagt inn i budsjett 2019

- ✓ Auke av ressurs knytt til brøyting
- ✓ Vedlikehald av bygningar
- ✓ Vask av raudedekket
- ✓ Auka stillingsressurs legekontor
- ✓ Natteneste heimetenesta
- ✓ Ferievikar FDV
- ✓ Generell auke i forbrukspostar alle sektorar
- ✓ Vedlikehald av ballbingen
- ✓ Diverse mindre inventar og utstyr i barnehage og pleie og omsorg

8. Investeringar i planperioden

Grunna den høge lånegjelda til Hornindal kommune bør ein i planperioden legge opp til få nye investeringar. Det er spela inn store investeringar i framlegg frå etatane i 2019. Dersom desse skal gjennomførast vil det kome til å belaste drifta meir enn den kan tole i form av renter og avdrag. Det er ikkje lagt inn i driftsbudsjettet konsekvensar av desse investeringane, då det truleg ikkje kan gjennomførast.

I framlegg til budsjett 2019 er det difor lagt opp til eit relativt stort låneopptak. Ein må heile tida vurdere lånegjelda opp mot den økonomiske berekrafta til kommunen samla sett.

Kva gjeld ombygging av den gamle helsedelen ved omsorgssenteret, så er dette prosjektet stansa opp grunna pålegg om elveførebygging før ein kan starte ombygging, men det har i den seinare vore dialog med NVE og det kan sjå ut som det kan kome til ei løysing. For Hornindal kommune sitt vedkomande er det viktig å syte for at vi sikrar gode tenester til innbyggjarane, både i perioden fram mot 2020, og for tida som kjem etter at ny kommune er etablert i 2020. Dei prosjekta som ligg for tur, er komne som følgje av at innbyggjarane etterspør tenester som kommunen er pålagt å yte til innbyggjarane.

9. Avsluttande kommentar

Med auke i kontingentar, driftsavtalar og ei større auke innanfor helsetenestene har det vist seg å vere uråd å sy saman budsjett utan å bruke av disposisjonsfond. Det er lagt opp til ein bruk som er større enn ønskjeleg. Det er sjølv sagt uheldig å nytte fond til driftsutgifter då ein veit at det vil bli vanskeleg å ta ned drifta som allereie no er svært stram.

Hornindal kommune er inne i ei krevjande tid. Den daglege drifta og utviklinga av Hornindal kommune skal ha naudsynt fokus, samstundes som ein skal planlegge og førebu seg på ein ny situasjon i 2020. Ein opplever å ha tilsette som strekkjer seg langt for å klare denne «spagaten», likevel ser vi at arbeidspresset er stort, og lista over dei u gjorte oppgåvene veks i takt med nye oppgåver som kjem til som følgje av vedtak om samanslåing med Volda i 2020. Ein har inntrykk av at dei fleste tilsette går inn i arbeidet med å byggje ein ny kommune med stor glød. Samstundes ser ein ei uro knytt til dette som ligg framføre. Det er mange mange spørsmål som må finne sine svar gjennom ulike prosessar fram mot 2020.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal Arkivsak nr.: 2018/2098
 Arkivkode: 009

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
60/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	06.12.2018

SAMARBEID BRANNVERN SØRE SUNNMØRE - UTGREIING

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda syner til saksutgreiinga under og er i utgangspunktet positive til meir samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre. Likevel må kommunen avvente ei evt. deltaking i det omtalte samarbeidet til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda.

Volda kommune ber om observatørstatus i samband med utgreiingsarbeidet.

Samandrag av saka:

Etter initiativ frå rådmenn i kommunane ber ein om at det vert starta opp ei fagleg utgreiing om brannvernsamarbeid mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Volda kommune er forespurt, men har kome til å ville avvente med ein eventuell deltaking til ein har kome lenger i prosessen med Nye Volda. Målsetjing for samarbeidet er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane. Kommunestyra vert i denne omgang inviterte til å vurdere om dette er eit aktuelt tema, og eventuelt leggje føringer for vidare utgreiingsarbeid.

Saksopplysningar/fakta:

Denne saksutgreiinga er bygt på ei **felles** saksframstilling for alle dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Deler av framstillinga orienterer meir om korleis situasjonen er på ytre Søre enn for Volda. Det vil likevel vere nyttig for oss å ha den kjennskapen når saka vert diskutert hjå oss.

Det har over lang tid vore vurdert ulike former for formelt brannvernsamarbeid. I 1993/95 var det etter initiativ frå Herøy kommune gjort ei utgreiing av innleigd konsulent siv.ing. Magne Eikanger om brannvernsamarbeid for dei fem kommunane på Vestre Sunnmøre (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven). Der var fleire modellar for samarbeid, men prosessen stoppa av ulike grunnar opp.

I perioden frå 2003 til 2009 vart det med varierande intensitet jobba med utgreiingar om brannvernsamarbeid for dei same fem kommunane pluss Ørsta og Volda. Dette med utgangspunkt i initiativ frå regionrådet for Søre Sunnmøre. Arbeidet var organisert som eit prosjekt med brannsjefane som prosjektgruppe og rådmennene som styringsgruppe. Etter kvart vart pensjonert brannsjef i Ålesund Kåre Steinsvik leigd inn som konsulent (Steinsvik brannconsulting). I nært samarbeid med brannsjefane laga han to rapportar der den første omhandla full samanslåing av dei 7 brannverna før det vart laga ei utgreiing om brannvernsamarbeid berre for førebyggjande del.

Det har vore ulike former for samarbeid, men det har ikkje vore arbeidd med samanslåing av brannverna i dei 7 kommunane samla etter 2009. Men det er kjent at Volda og Ørsta har jobba med samanslåing av brannverna i dei to kommunane utan at det har resultert i eit formalisert samarbeid.

Herøy og Vanylven kommunar vil frå 01.01.2019 inngå eit forpliktande samarbeid der kommunane vil ha felles brannsjef. Avtalen omfattar alle kommunale oppgåver som vert definert Lov av 14.6.2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova). Føremålet med eit felles brannsjef er å samordne dei administrative, beredskapsmessige og førebyggande ressursane for å kunne yte effektive tenester til innbyggjarane.

Hareid og Ulstein kommunar har felles brannvern der Ulstein er vertskommune.

LOVGRUNNLAG:

I brann- og eksplosjonsvernlova frå 2002 er det i § 15 slått fast at kommunane skal samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mogeleg utnytting av samla ressursar, sjå elles lenkje over. I lova står der elles ein del om kommunane sitt ansvar knytt til etablering og drift, dokumentasjon, rapportering, organisering, oppgåver osv. av brannvesenet.

Det går også fram av § 15 at eit brannvesen er pliktig til å yte hjelp ved brann eller ulukke i annan kommune. I forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen går der meir spesifikt fram korleis brannvesena skal organiserast.

I samband med drøfting av organisering av brannvesen og samarbeidsordninga, vert det frå ulike hald ofte stilt spørsmål ved om det burde ha vore heiltids beredskapsstyrke. Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen slår fast at vaktberedskapen i tettstad med mellom 3.000 og 8.000 innbyggjarar som minimum skal vere i form av eit vaktlag med deltidspersonell i dreiande vakt. Dersom tettstaden er mellom 8.000 - 20.000 innbyggjarar, skal vaktberedskapen organiserast i form av heiltidspersonell innanfor ordinær arbeidstid. Utanfor ordinær arbeidstid skal beredskapen vere organisert med deltidspersonell i dreiande vakt med utrykkingsleiar som har brannvern som hovudyrke. Dvs. at eks. Fosnavåg og Ulsteinvik tettstad må auke innbyggjartalet monaleg før kravet om dagkasernerings slår inn.

Eksempelvis er grovt rekna kostnadane med å ha to vaktlag i deltidsstillingar (eit i Ulstein og eit i Hareid) vere 2/5 av kostnaden med å ha eit vaktlag med kasernert styrke på heiltid. Dessutan kjem investerings- og driftskostnadene for bu-fasilitetar på ein brannstasjon.

EKISTERANDE SAMARBEID:

Der ligg føre avtalar om gjensidig bistand mellom kommunane i dag. Det er og ved fleire høve halde samøving/kursing mellom brannvesena og det vert gjennomført felles tilsyn i enkelte særskilde brannobjekt mellom kommunar (Ha+Ul). Kommunane er representerte i fagmiljøa for brannsjefar og brannførebyggande personell på Søre Sunnmøre som har fleire årlege møte. Hareid og Herøy har tankbilar som blir alarmert dersom aksjonar krev større vassressursar enn det som er tilgjengeleg i vassleidningsnettet eller frå opa vasskjelde. Innføringa av nytt digitalt nødnett våren 2015 har resultert i fleire felles aksjonar pga. endra rutinar for utkalling av ressursar ved stadfesta brann.

MODELLAR FOR ORGANISERING AV BRANNVERNSAMARBEID:

Eit brannvernsamarbeid kan organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS-
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>) eller etter vertskommunemodeleen(
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6). Begge modellane må utgreiast og leggast fram for kommunestyra.

ØKONOMI:

Dersom det vert etablert eit brannvernsamarbeid må det reknast ut ein kostnadsnøkkel som avklarar det økonomiske forholdet mellom kommunane. Det skal ligge føre budsjett for første driftsår når ein avtale skal signerast og budsjettet må vere realistisk og konkret.

LOKALISERING:

Det er føresett at der skal vere brannstasjonar i dei respektive kommunane med beredskapsstyrke også i framtida. Vaktberedskapen må i utgangspunktet basere seg på forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen sine minstekra. Om eit felles brannvesen vert etablert, må det lagast ny risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og brannordning for kommunane basert på ROS'en. Om vaktberedskapen kan organiserast på annan måte enn nemnde minstekrav, må i så fall avklarast i den samanheng.

Administrativt personell og feiepersonell bør ha kontor og oppmøteplass primært lokalisert til ein brannstasjon.

Yrkesbrannvesen med heildøgns beredskapsvakt på brannstasjon vil med noverande regelverk og oppgåver for brannvesenet ikkje vere aktuelt. Det vil heller ikkje verte aktuelt på fleire ti-år etter det ein veit i dag.

Vurdering og konklusjon:

I dag er det eit etablert vertskommunesamarbeid mellom Hareid og Ulstein. Det vert og formalisert eit samarbeid mellom Vanylven og Herøy kommune på administrative tenester i brannvernet frå 01.01.2019. Sande var invitert med i dette samarbeidet , men har valgt å stå utanfor.

I samråd med rådmenn i involverte kommunar inviterte Herøy kommune til eit møte den 11.10.2018 i Myrvåg der brannvern var tema. Målsetjing for eit slikt samarbeid er eit felles brann- og feievesen der ein samordnar dei administrative, beredskapsmessige og forebyggande ressursane for å kunne yte betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Kommunalsjefar i 5K med brann som ansvarsområde møtte og drøfta eit mogleg samarbeid innanfor brannfeltet.

Herøy, Vanylven, Ulstein og Hareid er udelt positive til at ein arbeidar seg fram mot eit større samarbeid .

Sande er i utgangspunktet positiv til prosessen, men tar forbehold om økonomien i prosjektet. Ein er skeptisk til dei økonomiske modellane som har vore nytta m.a med referanse til SSIKT. Ein ser klart utfordringar (liten organisasjon der brann er integrert mot andre funksjonar).

Ulstein peikar på ein burde vunne meir erfaring med samarbeidet med Hareid og understrekar behovet for at økonomiske forhold/konsekvensar vert tilstrekkeleg utgreidd i prosessen.

Etter møte den 11.10.2018 er det sendt førespurnad til Ørsta og Volda om mogleg samarbeid innanfor brannvern.

Ørsta kommune takkar for invitasjonen og er etter interne drøftingar positive til å delta vidare i utgreiinga. Ørsta har slik det er i dag eit godt samarbeid mellom kommunene på søre både gjennom samarbeidsavtalar, bistandsavtalar og gjennom 7 stjerna i form av brannsjefmøter og forebyggande forum, samt bredskapsforum som no er i oppstartsfasen.

Ørsta meiner å kunne oppnå fordelar for regionen med tanke på brannvern og beredskap dersom dette vert eit godt prosjekt.

I Ørsta kommune si tilbakemelding er det peikt på :

- Kommunane (og grondene) vil stort sett måtte behalde ein stasjonsstruktur som no, av omsyn til responstid. Det kan tenkast felles brannstasjon for ØK / VK og UK / HK. Men for Ø/V sin del vil det truleg utløyse krav om ein stasjon i Hovden eller Furene, med heiltidstilsette og kaserneberedskap. Det har ei kostnadsside som må utgreiaast.
- Brannsjef, brannmeister og fellesressursar vil verte samla i eit fagmiljø. Ei slik spissing/samling vil styrke kompetansen for brannvernet. – Vi vil måtte ha lokale stasjonssjefar
- Kvaliteten på treningane vil auke med auka fagkompetanse og tid/ressursar til planlegging og gjennomføring.
- Erfaring frå andre tilseier at vi kan klare å presse prisar på materiellkjøp som større aktør.
- Det vil vere mogleg å skaffe / drifta meir spesialutstyr. Eit samla brannvern vil kunne samordne innkjøp og lokalisering av spesialutstyr som stigebil og anna. Dette vert tunge løft for enkeltståande brannvern i dag.

Volda kommune viser til at spørsmålet om brannsamarbeid må vurderast i samanheng med bygging av nye Volda. Dette er ein prosess som er på gang gjennom prosjektorganisasjonen for nye Volda. Volda vil gi attendemelding når vi har kome lenger i prosessen og har fått avklart sentrale forhold knytt framtidig brannordning for den nye kommunen.

Rådmenn legg til grunn ein inkluderande prosess der mannskap og tilsette i brannvernet får tilstrekkeleg informasjon og at alle kommunar er representert i arbeidsgruppe med

nøkkelpersonell. Ambisjon er at avtaleutkast skal vere klart mai/juni 2019 og eit samarbeid først kan ta til 01.01.2020.

Rådmannen er positiv til ei utgreiing om samanslåing av brannvesena til ei eining. Det er naturleg å få temaet nærmare utgreidd gjennom eit prosjekt som leier fram til ei ny politisk handsaming og avgjerd. Det bør vere ei målsetjing å få avklaring på om brannvesena skal slåast i hop før sommarferien 2019 slik at iverksetjinga kan vere 1. januar 2020. I prosjektgruppa som skal jobbe vidare med sakar bør samansetjinga vere slik utifrå funksjonar og representasjon frå begge kommunar og involverte partar:

- Brannsjefane i kommunane
- To representantar for dei tillitsvalde (aktuelle organisasjonar er Delta, Fagforbundet og NITO)
- Ein representant for førebyggjande eller beredskapsavdeling i ei av kommunane.
- Eit verneombod

Det er naturleg at der er 1 representant frå kvar kommune, til saman 6 personar i gruppa.

Prosjektgruppa organiserer seg sjølv og rapporterer kommeunevis til nærmeste leiar.

Det vil vere gunstig om prosjektgruppa kunne lagt fram sin rapport med framdrift som sikrar handsaming av sak på nytt i kommunestyra før sommarferien slik at iverksetjingsdato kan bli 1.1.2020. Det er nok behov for minst eit halvt års planleggingstid for ei slik gjennomføring.

Utskrift av endeleg vedtak:

PS 61/18 Orienteringssaker

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 01.11.2018 22:17:21 Til: Joakim Rødven Kopi: Stig Olav Lødemel; Brita Sollid; Kari Mette Sundgot; Asbjørn Moltudal; 'Ann Kristin Langeland'; Jørgen Amdam; Nina Kvalen; Berit Lyngstad Tittel: VS: Grensejustering Bjørke-Viddal
Ber om at du set dette opp som orienteringssak for fellesnemnda 6. desember.



Rune Sjurgard

Rådmann

Rådmann

Mobil 90053752

www.volda.kommune.no

Fra: Gro Anita Bårdseth

Sendt: torsdag 1. november 2018 09:49

Til: 'fmmrpostmottak@fylkesmannen.no' <fmmrpostmottak@fylkesmannen.no>

Kopi: Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>;

Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Wenche Solheim <Wenche.Solheim@orsta.kommune.no>

Emne: Grensejustering Bjørke-Viddal

Gjeld grensejustering av Bjørke og Viddal fra Ørsta kommune til nye Volda kommune.

Vedlagt er prosjektskisse for utgreiingsbehov som kommunane er samde om. Dette til orientering.

Helsing

Gro Anita Bårdseth

Rådgjevar

Plan- og utviklingstabben

Mobil 90360729

E-post gro.anita.bardseth@orsta.kommune.no

Web www.orsta.kommune.no



Grensejustering Bjørke-Viddal

Prosjektskisse for utgreiingsbehov i samband med overføring av
Bjørke og Viddal frå Ørsta kommune til nye Volda kommune

30.10.2018

BAKGRUNN

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fastsett at Bjørke og Viddal krins vert overført frå Ørsta til nye Volda kommune 1. januar 2020. Som eit resultat er Ørsta og nye Volda kommunar no i gang med å innhente opplysingar som grunnlag for avtale om økonomisk oppgjer, jf. inndelingslova kap. V.

Kommunane er samde om å kartlegge eigedommar og tenester som skal overførast, og å inngå ein avtale om overføring av eigedomar og oppgjer for desse etter inndelingslova § 19.

Ørsta kommune har varsla at dei søker erstatning frå Volda kommune etter inndelingslova § 21.

Dette inneber ein gjennomgang av økonomiske verknader som følgje av grensejusteringa.

Kommunane er samde om å få fram eit så fullstendig som mogleg økonomisk faktagrunnlag. Dette vert å utarbeide ved ekstern konsulent med god kompetanse på inntektssystemet. Den økonomiske analysen vert grunnlag å ta stilling til ev erstatning, enten gjennom forhandlingar eller sentral skjønsnemnd.

Denne prosjektskissa gjer greie for behov for utgreiingar, aktørar og framdriftsplan i samband med avtale om overføring av eigedomar og forhandlingar/prosess om eventuell økonomisk erstatning.

PROSJEKTMÅL

Prosjektmåla er:

- Å utarbeide avtale for overdraging av eigedommar og oppgjer for desse frå Ørsta til nye Volda kommune, innan 1. september 2019. Og, å legge fram avtalen for politisk godkjenning i dei respektive kommunestyra, i løpet av september 2019.
- Å få fram eit så objektivt og nøytralt faktagrunnlag som mogleg som grunnlag for eventuell økonomisk erstatning. Forhandlingar om økonomisk erstatning innan 1. juli 2020, ev avgjerd ved sentral skjønsnemnd dersom ein ikkje oppnår lokal avtale om dette.

BEHOV FOR UTGREIINGAR

Kartlegging av eigedomar og tenester, og verdifastsetting av eigedomar som skal overførast I samband med avtale om overføring av eigedomar er det behov for å kartlegge eigedommar og tenester som skal overførast frå Ørsta til nye Volda kommune, og verdifastsette eigedomar som skal overførast. Kartlegging bør gjennomførast ved administrativ arbeidsgruppe i Ørsta kommune. For å sikre openheit legg ein opp til jamlege møtepunkt med representant for nye Volda kommune i ei interkommunal arbeidsgruppe. I tillegg vert Hornindal kommune ved rådmann/assisterande rådmann orientert gjennom møtereferat. Fastsetting av verdi/ gjeld for eigedomar som skal overførast bør vere ved kommunerevisjonen. Som grunnlag for oppgjer er ein samde om bokført verdi som eit utgangspunkt, og slik verdifastsetting bør ligge føre innan 1. februar 2019.

Mandat arbeidsgruppe:

- legge fram oversikt over eigedomar (vegar og veganlegg, installasjonar, teknisk infrastruktur mm) som skal overførast frå Ørsta til nye Volda kommune
- legge fram oversikt over tenester og avtalar som skal avsluttast ev overførast, og konsekvensar som følger av dette for tilsette i Ørsta kommune

Det skal førast møtereferat og desse skal gjerast offentlege.

Mandat kommunerevisjon:

- Fastsetting av verdi/gjeld for eigedommar som skal overførast frå Ørsta til nye Volda kommune, med utgangspunkt i bokført verdi.

Faktagrunnlag økonomisk utgreiing

Som grunnlag for politiske forhandlingar om økonomisk erstatning er det behov for ei objektiv utgreiing av økonomiske konsekvensar ved ekstern eksperitse. Ein er samde om å invitere 3-4 tilbydarar, med sikte på utlysing innan 15. januar 2019, val av tilbydar innan 1. mars 2019, og med leveranse 1. juli 2019.


I samråd med nye Volda kommune søker Ørsta kommune om skjønsmidlar til å dekke kostnader for eksterne utgreiingar.

FORHANDLINSNEMNDER

I begge kommunar vil det vere behov for å velje politiske forhandlingsnemnder. Val av forhandlingsnemnd i Ørsta vil vere ved kommunestyret, i nye Volda ved fellesnemnd. Rådmennene kan bistå nemndene, men bør ikkje vere faste medlemmar i forhandlingsnemndene.

AKTØRAR

Aktørar og ansvar/oppgåver kjem fram av modellen under.



MILEPELSPLAN

Viktige framdriftspunkt er vist i oversikta under:

2018

- Kartlegging av eigedomar og tenester ved arbeidsgruppe – innan 31. desember 2018
- Endeleg utforming av konkurransegrunnlag ved rådmenn – innan 31. desember 2018

2019

- Fastsetting av verdi/gjeld for eigedomar som skal overførast, ved kommunerevisjon – innan 1. mai 2019
- Avtaler om overdraging av eigedomar og tenester, ved arbeidsgruppe – innan 1. september 2019
- Politisk godkjenning av avtalar – i løpet av september 2019
- Leveranse økonomisk utgreiing ved ekstern konsulent – innan 1. juli 2019
- Oppnemning av forhandlingsnemnder – i løpet av september 2019
- Politiske forhandlingar – oktober og november 2019
- Ved ev tvist i forhandlingar vert saka oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal ved skjønsnemnd

2020

- Signering avtale om økonomisk sluttoppgjer ved forhandlingsnemnder – innan 1. juli 2020



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Møre og Romsdal Fylkeskommune v/samferdselsavd
Fylkeshuset, Postboks 2500

6404 MOLDE

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/2223	16460/2018	N02	ADM/ ASBMOL	28.11.2018

KOLLEKTIVLØYSINGAR PÅ SØRE SUNNMØRE - UTVIKLINGSPROSJEKT.

Volda kommune syner til fleire samtalar og møter med Møre og Romsdal fylkeskommune der ein har teke opp spørsmålet om eit utviklingsprosjekt for å **betre og auke kollektivandelen** i regionen.

Temaet er også ved fleire høve vore drøfta med Ørsta kommune, kommunane på ytre Søre, repr. for vidaregåande skule og høgskulen i Volda og det har og vore tema i regionale planmøter på fylket i samband med Volda kommune sin arealplan. Framleggget om eit slikt prosjekt er så langt blitt positivt motteke der ein har teke det opp.

Det er fleire årsaker til at ein saman no bør sjå på utviklinga i kollektivtilbodet i området vårt. Det er eit nasjonalt mål og eit hovedmål for Møre og Romsdal fylkeskommune (jfr. Handlingsprogram for Samferdsel 2018) å auke kollektivandelen. I det hovedmålet ligg det og at tilboden skal vere **attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget**. Sjølv om det dei seinare åra har vore ein klar vekst i talet på passasjerar som reiser med buss mellom Volda og Ørsta, og frå Volda og Ørsta til Ytre Søre Sunnmøre, ser ein at manglande korrespondanse og rutetilbod hevar terskelen for innbyggjarane til å ta i bruk kollektivtilboden. Lang reisetid med kollektivtilboden gjer også at val av vidaregåande skule mellom «ytre» og «indre» er vanskeleg for mange.

Frå 2013 til 2014 auka vegtrafikken i Møre og Romsdal med 2,9 %, medan snittet for landet var 1,7 %. Årsdøgnstrafikken målt ved Hovden flyplass **auka med 4,6 % i same periode**. Trafikkmålingane synleggjer aukande aktivitet i området, noko som på fleire måtar kan bety god samfunns- og velferdsutvikling. Samtidig fører trafikkauken til utfordringar. Vegtrafikken står for 23 % av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal. Trafikkmengda medfører også auka støv- og støyproblem, og trafikktryggleiken vert meir krevjande å ta i vare.

Eiksundsambandet og Kvivsvegen har gjort ytre og øvre Sunnmøre til ein velfungerande arbeidsmarknadsregion med om lag 50.000 innbyggjarar. Knapt 1000 arbeidstakrarar pendlar dagleg mellom Volda/Ørsta og ytre Søre. I tillegg kjem vidaregåande skulelevar og studentar. Volda og Ørsta veks stadig meir i hop. Mellom dei to kommunane pendlar nærmare 1800 arbeidstakrarar i tillegg til fleire hundre skulelevar og studentar på vidaregåande skule og høgskulen. (Kjelde: Fylkesstatistikken 2018)

Kvivsvegen har vidare medført at Volda og Hornindal kommune vert samanslegen til ein kommune frå 2020 og «Voldatunellen» er vedteken gjennom NTP og vil kome i løpet av nokre få år. Tunellen vil ha fylgjer for korleis arbeidstakarar, studentar og skuleelevar kjem seg til m.a. dei store arbeidsplassane sjukehuset, høgskulen og vidaregåande skule ved utløpet av tunellen i Volda. Alle desse faktorane gjer at det og er behov for å sjå på og gjere noko med kollektivutfordringane både lokalt mellom Ørsta og Volda sentrum, på bygdene i dei to kommunane, utover mot kommunane på ytre Søre og mot Hornindal/Stryn.

Med ein region innanfor 45 min. som dei siste åra har hatt den nest største folketalsutviklinga i fylket etter Ålesund, eit komplimenterande næringsliv på «ytre og indre søre» og rundt 4000 innbyggjarar som kvar dag pendlar i aksen mellom Garneskrysset, Ørsta og Volda til skule og arbeid vil ein tru at med god planlegging og ressursbruk (les **attraktivt, effektivt og tilpassa kundegrunnlaget**) i langt større grad enn i dag vil kunne imøtekome hovedmålsettinga om å auke kollektivandelen i regionen og fylket. Potensialet i regionen ligg klart i dagen dersom føresetnadene vert lagt til rette.

Volda kommune ber difor om at fylket saman med Volda og Ørsta kommune tek initiativ til eit utviklingsprosjekt for å løyse kollektivutfordringane i regionen og for å kunne imøtekome målsettinga om å auke kollektivandelen i regionen og fylket. Ein føreset at kommunane på ytre søre saman med næringslivet, høgskulen, sjukehuset og dei vidaregåande skulane vert hørde og får medverke i prosjektet. Samferdselstilbodet er også ei sentral problemstilling i samband med bygging av nye Volda, og eit tema som tidleg i prosessen vart teke opp med kommunalministeren.

Ein ser fram til ei snarleg og positiv attendemelding på denne førespurnaden.

Volda kommune

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltadal
assisterande rådmann

Kopi:
Fylkesordførar
Fylkesrådmann
Fellesnemnda for nye Volda
Ørsta kommune
Ordførarnettverket på søre Sunnmøre v/ ordførar i Vanylven kommune



**Til kommunar som er berørte av
kommunesamanslåingar
(sjå vedlagt liste)**

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Deres referanse:

Vår referanse:
201803069

Sted, Dato
Ålesund, 16.10.2018

JUSTERING AV POLITIDISTRIKTAS INDRE ORGANISERING - HØYRING

Politimeisteren i Møre og Romsdal sitt framlegg til justering av politidistriketets indre organisering i samband med planlagde kommunesamanslåingar vert med dette sendt på høyring til kommunane som er berørte.

Framlegget frå politimeisteren fylgjer vedlagt.

Framlegget har vore lagt fram for fagforeiningane i etaten utan at det kom fram forslag til endringar.

Ein ber om at eventuelle merkander til framlegget vert sendt Møre og Romsdal politidistrikt post.moreogromsdal@politiet.no innan 17. desember 2018.

Etter avslutta høyringsrunde vil politimeisteren sende si endelege tilråding til Politidirektoratet innan 15. januar 2019.

Med helsing

Ingar Bøen
politimeister

Olav Sindre Rise
Kommunikasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent utan signatur

Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besök: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Liste over adressatar:

Halsa kommune
Rindal kommune
Surnadal kommune
Sunndal kommune
Tingvoll kommune
Nesset kommune
Molde kommune
Eide kommune
Fræna kommune
Sandøy kommune
Haram kommune
Ørskog kommune
Skodje kommune
Ålesund kommune
Stordal kommune
Norddal kommune
Volda kommune
Sula kommune
Giske kommune
Ørsta kommune
Stranda kommune
Sykkylven kommune

Samandrag

Seks kommunesamanslåingar vil endre Møre og Romsdal politidistrikts kart både internt og eksternt. Det same vil flytting av Rindal kommune frå Møre og Romsdal til Trøndelag. Men ingen av desse endringane vil føre til vesentleg endring i organiseringa av tenesta.

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har som ein del av nærpoltireforma gitt Politidirektoratet i oppdrag å fastsette politidistrikta sin lokale struktur med geografiske driftseiningar, tenesteeiningar og tenestestadar. Den lokale strukturen i Møre og Romsdal politidistrikt vart endeleg avgjort i mai 2017. Som ei fylgje av kommunesamanslåingane frå 1.1.2020 kjem det justeringar som kan påverke politiets indre organisering. I samband med dette har politimeisteren fått i oppdrag gje si tilråding til organisatoriske endringar for politiet i Møre og Romsdal som ei fylgje av kommunesamanslåingane.

Bakgrunn og føremål

Justis- og beredskapsdepartementet har lagt føringar for effektiviseringa av politidistrikta lokale struktur gjennom oppdragsbrev til Politidirektoratet.¹ Oppdraget er vidareformidla frå Politidirektoratet til politidistrikta med nærlare presiseringar og krav til resultat og gjennomføring.²

Politidistrikta lokale struktur består av stabar, felleseeiningar og geografiske driftseiningar (GDE) som igjen er delt inn i tenesteeiningar og tenestestadar. Geografiske driftseiningar har ansvar for politioppgåvane innanfor eit geografisk område, og kan femne om fleire tenesteeiningar og tenestestadar.

Dei overordna måla for nærpoltireforma er

- Eit nærpolti som er operativt, synleg og tilgjengeleg
- Som har kapasitet til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar, og sikre innbyggjarane sin tryggleik.
- Det skal utviklast eit kompetent og effektivt lokalt nærpolti der befolkninga bor
- Samtidig skal det utviklast robuste fagmiljø som er rusta til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringar

Ei lang rekke utviklingstiltak skal gjer sitt til at politiet når måla med nærpoltireforma og tiltaka kan delast inn i fire hovudområde:

- Politiet skal organiserast på ein ny måte
- Leiring og styring i politiet skal styrkast
- Politiet skal utvikle nye og betre måtar å jobbe på
- Politiets arbeid skal støttast av nye og betre teknologiske arbeidsverkty

Møre og Romsdal politidistrikt vil framleis bestå av mange små einingar. Ei god samhandling mellom einingane vil vere svært viktig for å kunne oppnå ei kvalitetsmessig god polititeneste. Arbeidet med kultur og leiring i det nye politidistriket skal ha fokus på dette.

¹ Justis- og beredskapsdepartementets oppdragsbrev 3/2016 av 14.3.2016: Gjennomføring av nærpoltireformen – del 3 – politidistriktenes lokale struktur – tjenestestedsstrukturen. Det vises videre til oppdragsbrev 19/2015: Gjennomføring av nærpoltireformen del 1 og oppdragsbrev 26/2015: Gjennomføring av nærpoltireformen – del 2.

² Politidirektoratet 1.6.2016: Oppdrag om effektivisering av politidistriktenes lokale struktur – geografiske driftsenheter, tjenesteenheter og tjenestesteder.

2.2 Avgrensingar og samanhengar

I Møre og Romsdal er det seks kommunesamanslåingar som får konsekvensar for grensene mellom tenesteeiningane og mellom politidistrikta.

1.

Halsa kommune vert etter vedtak i statsråd 15.6.2018 slått saman med Hemne og delar Snillfjord kommune til Heim kommune som vert ein del av Trøndelag fylke og politidistrikt.

Samstundes har Rindal kommune fått innvilga ein søknad om å bli overført frå Møre og Romsdal til Trøndelag utan at det her er snakk om noko samanslåing med andre kommunar. Dette vil venteleg skje allereie frå komande årsskifte, men frå politiet si side er det gjort klart at ein ikkje vil makte å gjennomføre overføringa til Trøndelag før 01.01.2020.

Både Halsa og Rindal har vore ein del av Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt saman med Surnadal. Etter 1.1.2020 vil denne tenesteeininga berre bestå av Surnadal kommune. Det har vore berre ein tenestestad i distriktet – nemleg Surnadal lensmannskontor.

Talet på tenestestadar er fastsett og ein kan ikkje sjå at det er nokon grunn til å gjere fleire endringar på nordre Nordmøre.

Men det hadde vore sterkt ynskjeleg om tenesteeininga som er att kunne få skifte namn til Surnadal lensmannsdistrikt.

Møre og Romsdal politidistrikt sine yttergrenser må her regulerast slik at Halsa og Rindal blir overførte til Trøndelag politidistrikt.

2.

Molde, Midsund og Nesset kommunar blir frå same tidspunkt og med heimel i same vedtaket slått saman med Molde kommune.

Midsund er allereie ein del av Molde politistasjonsdistrikt og får si polititeneste derifrå, medan Nesset er ein del av Indre Nordmøre lensmannsdistrikt.

Historisk har det vore eit krav at lensmanns- og politistasjonsdistrikta har dekt heile kommunar. Sjølv om dette berre er lovfest knytt til sivilrettslege oppgåver i Politilovens §17, meiner Politidirektoratet at også lensmann- og politidistrikt bør omfatte heile kommunar og grunngjev dette med det nære samarbeidet mellom politi og kommunane. Med det fokuset som no er på ei styrking av samarbeidet mellom politiet og kommunane, ikkje minst innanfor det førebyggande arbeidet, har ein slik tankegang mykje føre seg. Det fell derfor heilt naturleg å legge Nesset kommune inn under Molde politistasjonsdistrikt.

Samanslåing av dei tre kommunane i Romsdal inneber såleis ei grenseregulering mellom tenesteeiningane Molde politistasjonsdistrikt og Indre Nordmøre. Dette utløyser også ei tilsvarande regulering mellom dei to geografiske driftseiningane Romsdal og Nordmøre.

3.

I driftseining Romsdal er det dessutan klart at Fræna og Eide går saman til Hustadvika kommune. Desse to kommunane utgjer i dag allereie tenesteeininga Eide og Fræna lensmannsdistrikt.

For politidistriket vil ikkje denne endringa av kommunegrenser utgjer noko store organisatoriske vanskar. Snarare tvert om. Dei to kommunane utgjer ei naturleg tenesteeining også etter grenseregulering.

Men når dei to kommunane sluttar å eksistere må ei dei namneendring til. Ein legg difor opp til å endre namnet til Hustadvika lensmannskontor i Hustadvika lensmannsdistrikt med tenestestaden for tida plassert i Elnesvågen.

4.

Dei fem kommunane som samla skal utgjere utgjer den nye storkommunen Ålesund, er no fordelt på eit lensmannsdistrikt og eit politistasjonsdistrikt.

Sandøy, Haram, Ørskog og Skodje høyrer inn under Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Etableringa av den nye storkommunen Ålesund gjer det naudsynt med nokre grep med omsyn til organiseringa. Den før omtalte føringa om at lensmanns- og politistasjonsdistrikt må femne om heile kommunar gjer at alle dei fem noverande kommunane må inn i same tenesteeining. Dei er i dag fordelt på Ålesund politistasjonsdistrikt og Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt.

Det framstår som mest naturleg å utvide verkeområdet til Ålesund politistasjonsdistrikt til å gjelde heile den nye storkommunen.

5.

I denne driftseininga er det no elles klart at grannekommunane i aust Norddal og Stordal vert slått saman til Fjord kommune frå same tidspunkt - 1.1.2020. I utgangspunktet er det då denne kommunen som blir igjen i Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Det har lite føre seg - særleg ettersom tenestestaden er plassert utanfor den nye kommunen - i Haram. Det mest logiske vil då vere å flytte også nye Fjord kommune til Ålesund politistasjonsdistrikt, og la Haram lensmannskontor halde fram som ein tenestestad i politistasjonsdistriktet, men då under namnet Nordre Sunnmøre lensmannskontor.

6.

Heilt sør i distriktet slår Hornindal kommune i Vest politidistrikt og Sogn og Fjordane fylke seg saman med Volda kommune til nye Volda kommune. Det har vore ein prosess på dette med dei to involverte politidistrikta og ingenting er meir naturleg enn at nye Volda vert ein del av Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt og den geografiske driftseininga Søre Sunnmøre, slik dagens Volda kommune er. Grensene for Møre og Romsdal politidistrikt (og Møre og Romsdal fylke) vert her justerte slik at dei tek opp i seg Hornindal kommune som i dag høyrer til Vest politidistrikt og Sogn og Fjordane fylke.

Denne tilrådinga avgrensar seg til å sjå på dei organisatoriske endringane i politidistriktet som følge av kommunesamanslåingane. Ein legg mellom anna til grunn talet på tenestestadar som er oppretthaldne etter omorganisering i nærpoltireforma, skal oppretthaldast.

Tilrådinga tek ikkje føre seg det totale tenestetilbodet, der viser ein til politimeisteren si tilråding og departementets avgjerd om strukturen for tenestestar og tenesteiningar i Møre og Romsdal.

Tilnærming og organisering

Denne tilrådinga er skriven på bakgrunn av tidlegare arbeidsgruppers forslag og vurderinger.

Tilrådinga blir deretter handsama i politimeisterens leiargruppe, drøfta med organisasjonane og send på høyring i dei kommunane endringane gjeld i Møre og Romsdal politidistrikt.

Etter høyringsrunda vert tilrådinga behandla med innspela frå høyringa før endeleg tilråding vart send over til Politidirektoratet for avgjerd.

Dagens situasjon

Samfunns- og kriminalitetsutviklinga

Ein går i denne omgangen ikkje nærmare inn på samfunns- og kriminalitetsutviklinga. Den avgrensa endringa som skal gjennomførast ser ein på dette som uendra i forhold til tidlegare.

Dagens organisering

Når det gjeld dagens organisering, viser ein til kapittel 3.2.

Tenestetilbodet til innbyggjarane

Tenestetilbodet vil ikkje bli vesentleg endra ut over det som er nemnt i kapittel 3.

Lokale synspunkt på framleggget

Vert teke inn etter høyringsrunden og drøfting organisasjoanen

Tilråding om endring av tenestestadstruktur

Politimeisteren i Møre og Romsdal gir Politidirektoratet fylgjande tilråding om endringar i organiseringa som fylgje av kommunesamanslåingane pr 1.1.2020:

Surnadal kommune vert den einaste attverande kommunen i Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt, når Halsa blir en del av Heim kommune i Trøndelag og Rindal som sjølvstendig eining vert overført til Trøndelag. Den einaste tenestaden, Surnadal lensmannskontor, vert ein naturleg del av tenesteininga. Eininga må endre namn til Surnadal lensmannsdistrikt.

Samanslåinga av Molde, Midsund og Nesset gjer at Nesset må overførast frå Indre Nordmøre lensmannsdistrikt til Molde politistasjonsdistrikt. Dette inneber også den endringa at Nesset vert overført frå den geografiske driftseininga Nordmøre til Romsdal.

Fræna og Eide kommunar går saman til Hustadvika kommune. Kommunen vil då få dei same grensene som lensmannsdistriktet og det er heilt naturleg at slik vert det framleis. Når både Fræna og Eide vert historie må både tenesteeininga og tenestestaden skifte namn til: Hustadvika lensmanndistrikt og Hustadvika lensmannskontor.

Sandøy, Haram, Skodje og Ørskog vert overførte frå Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt til Ålesund politistasjonsdistrikt, når dei blir slått saman med Ålesund til storkommunen Ålesund. I politistasjonsdistriktet vil det då vere to tenesteeiningar: Ålesund politistasjon og Nordre Sunnmøre lensmannskontor.

Stordal og Norddal går saman til den nye kommunen Fjord, må også bli ein del av Ålesund politistasjonsdistrikt, ettersom dette området ikkje har ein eigen tenestestad. Det betyr at Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt må opphøye.

Nye Volda kommune held fram som ein del av Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt med tenestestaden Volda og Ørsta lensmannskontor også etter at Hornindal har vorte ein del av den nye kommunen. Hornindal vert overført frå Nordfjord lensmannsdistrikt i Vest politidistrikt.

Ålesund 16.10.2018

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Ingmar Bøen
Politimeister

Olav Sindre Rise
Kommunikasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent utan signatur

OS 55/18 Orientering om status for oppseiling av avtaler

OS 56/18 Ordførarkjede for nye Volda kommune



NOTAT

Frå: Joakim Rødven

Sak: Grafisk profilering - nye Volda kommune

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/1503	16368/2018	061	ADM/JOAROD	26.11.2018

GRAFISK PROFIL - TRINN 1: PROFILSKILDRING

Etter vedtaket i Fellesnemnda den 1. november er prosjektet med å lage grafisk profil for den nye kommunen i gang. Prosjektet er delt inn i tre trinn, der kvart trinn godkjennast av Fellesnemnda før ein går vidare til neste trinn. Framdriftsplanen er som skissert under:

Trinn	Agenda	Tidspunkt
Første trinn	Kommunen skildrar sin identitet, ønskt profil og målgruppe som vil verte grunnlaget for konseptforslag.	6. desember
Andre trinn	Tilbydar legg fram 2-3 konseptforslag for Fellesnemnda og kommunen vel det konseptet ein vil gå vidare med.	10. januar
Tredje trinn	Basert på det valde konseptforslaget vert sluttproduktet ferdigstilt med innhald som skildra i anbodet.	Februar

Som eit førebuande arbeidsnotat vart det gjort eit grovarbeid der ein del av Volda og Hornindal kommunar sine verdiar og identitet vart forsøkt kartlagt saman med kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven. Dette er ikkje tiltenkt som eit endeleg produkt, men som eit startpunkt. For at Grafia skal best mogleg kome vidare i sitt arbeid, ønskjer dei konkrete tilbakemeldingar på dei punkta som ligg i det vedlagte notatet. Dei ønskjer at ein eventuelt stryk, legg til og endrar på stikkorda. Dette vil hjelpe dei i å få ei breiare forståing av korleis den nye kommunen ønskjer å bli oppfatta.

Gjennomføring

Fellesnemnda vert delt inn i 2-3 grupper og diskuterer seg gjennom dei følgjande punkt:

- 1) Identitet – kven er vi?
- 2) Ønskt profil – korleis vil vi bli oppfatta?
- 3) Kva skal kommunen vere kjende for?
- 4) (Målgrupper – kven ønskjer vi å nå ut til?)

Kvar gruppe utpeikar ein referent som noterer ned stikkord/kommentarar. Notatane vert samla inn av kommunikasjonsrådgjevaren og vidaresendt til Grafia, som innan januarmøtet 2019 leverer ein presentasjon av 2-3 konseptforslag på bakgrunn av desse innspela.

PROFIL VOLDA KOMMUNE 2020

Prosess for utarbeiding av profil for Volda kommune. Tre trinn.
Hvert trinn forankres i kommunen, og "godkjennes", før neste trinn utvikles.

TRINN 1: Profilbeskrivelse


Profilbeskrivelse utarbeides i samarbeid med fellesnemda og kommunikasjonsavdelinga i kommunen.

IDENTITET: Beskrivelse av dagens verdier og egenskaper, samt felles mål.

ØNSKET PROFIL: Beskrivelse av Volda sin ønskede profil.
Hva skal kommunen bli kjent som.

MÅLGRUPPER: Beskrivelse av Volda sine målgrupper. Rangert.

Kommunen godkjenner endelig profilbeskrivelse.



TRINN 2: Valg av konsept

Med basis i godkjent profilbeskrivelse utvikler Grafia i samarbeid med kommunikasjonsavdelingen i kommunen to til tre ulike konseptforslag for grafisk profil.

Konseptene viser den røde tråden i profilen + eksempel på hvordan det vil se ut på noen flater.

Kommunen velger så hvilket konsept de ønsker å gå videre med.

TRINN 3: Ferdigstillelse

Med basis i valgt konsept utvikler Grafia i samarbeid med kommunikasjonsavdelingen i kommunen profilprogrammet med innhold som beskrevet i anbuddet.




Grafia leverer et komplett profilprogram som pdf til kommunen.

ARBEIDSMØTE TRINN 1: Profilbeskrivelse



Oppstart av profilbeskrivelse i arbeidsmøte 26.10.18

Påbegynt arbeidsdokument til videre bearbeiding og utfylling i fellesnemda.

IDENTITET: Beskrivelse av dagens verdier og egenskaper, samt felles mål.



ØNSKET PROFIL: Beskrivelse av Volda sin ønskede profil.
Hva skal kommunen bli kjent som.



EKSEMPEL 2

*Innovativ?

DIGITALE VOLDA?

- Mil om digitalisering
- Mil om komp. utvikling
- Helsesektoren - velferdsteknologi
- Tøm verboten - Disruptive teknologier
- Dok. film + animation - Høgskolen i Volda
- Først i sprekken - nospunkt i digitalisering

Eksempel 3

*Innovativ?
Jordnær?

Volda - mangfold og innovasjon

- Likverdi
- Levende bygder
- Digitalisering og kompetanseutvikling
- Sosialt engasjement
- Innovasjon i næringer - fra primær til teknol.

MÅLGRUPPER: Beskrivelse av Volda sine målgrupper. Rangert.